



Universitetet i Bergen
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

NOLISP350
Mastergradsoppgåve i nordisk
Vår 2019

Kom ut! Stå fram!
Ein metaforstudie av «Skeive historier»

Tor Ragnar Hjelmtveit

Forord

Her er eg, ved vegs ende. Dette prosjektet har vore meir utfordrande enn eg hadde sett føre meg, men kanskje mest av alt givande. Eg har verkeleg overgått meg sjølv! Eg ønsker å takke følgjande personar for å ha hjelpt meg med masteroppgåva mi:

Tusen takk, **Torodd Kinn**! Du har verkeleg vore ein helt fantastisk rettleiar! Takk for ditt tolmod og gode humør. Takk for at du alltid har klart å motivere med når det har butta mot, og pressa meg når eg ikkje har vore produktiv. Denne oppgåva hadde verkeleg ikkje blitt til utan din hjelp!

Takk til **Helga Mannsåker** for litteraturlån, og for at døra di alltid har vore open om eg skulle lure på noko. Takk til **Julie Bergmann**, for at du korrekturleste ein språkleg utfordra analysedel. Det er ikkje lett å halde styr på valfrie former, verb, kjønn og a-endigar i tide og utide. Takk til **Anne Bredahl**, for gode tilbakemeldingar, støtte og pausar. Det har betydd meir enn du anar. Takk til alle medstudentane mine på lesesalen, for gode samtalar, kakefredag, vinlotteri, quizzar og alt anna som har høyrte med. Ein stor takk til venene mine. Dette året har vore prega av lite og sporadisk kontakt, men de har likevel alltid vore der. Eg er heldig som har så fine vener som de!

Takk til **bestemor**, som kvar onsdag har diska opp med middag, dessert og kake til meg etter jobb. Eg er heldig som har ei så fin bestemor!

Takk til familien min – **mamma, pappa, Rune, Svein Andreas** og **Pål Martin** for at all oppmuntring og støtte. Takk for at eg alltid har kunne vore meg sjølv.

Til **Aleksander**. Takk for at du er den du er! Tenk at eg skulle vere så heldig.

Alle feil og manglar i oppgåva er eg sjølv ansvarleg for.

Tor Ragnar Hjelmtveit
Bergen, 31. Januar 2019

Tabellar

Tabell 1: Metaforvurdering av det metaforiske uttrykket «fengsel»

Tabell 2: Tilordningar for eksempelsetning

Tabell 3: Tilordningar for SEKSUELL INTERESSE SOM FYSISK TILTREKKING

Tabell 4: Å FÅ STERKE KJENSLER FOR NOKON SOM Å BLI FANGA

Tabell 5: Å FÅ KJENSLER FOR NOKON SOM Å FALLE

Tabell 6: Å BLI OPEN OM SEKSUALITET SOM RØRSLE UT AV EIN BEHALDAR

Tabell 7: Å vise fram seksualiteten sin som å ta eit skritt fram frå ei rekkje

Tabell 8: Tilordningar for SEKSUALITET SOM EIT KONTROLLERBART OBJEKT

Tabell 9: Tilordningar for omgrepsmetaforen SEKSUALITET SOM BEHALDAR

Tabell 10: Psykisk oppleving som objekt med vekt

Tabell 11: Ulike tilstandar som forskjellige måtar å bruke behaldarar på

Innholdsliste

Forord	iii
Tabellar	iv
1 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn for val av tema.....	2
1.2 Om materialet.....	3
1.3 Avklaring av termar	4
1.4 Teoretisk grunnlag	5
1.5 Problemstilling og forskingsspørsmål.....	7
1.6 Disposisjon.....	8
2 Teori	9
2.1 Kognitiv lingvistikk	9
2.1.1 Den kognitive lingvistikken sine forpliktingar.....	10
2.1.2 Det kroppsforankra sinnet	10
2.2 Kognitiv semantikk	11
2.3 Kognitiv metafor-teori.....	12
2.3.1 Tradisjonelt vs. KMT sitt syn på metaforar	12
2.3.2 Omgrepsmetafor-teorien.....	13
2.3.3 Ulike typar metaforar	14
2.3.4 Personifikasjon	17
2.3.5 Metonymi	17
2.3.6 Kraftdynamikk	18
2.4 Metaforar i diskurs	18
2.5 Sosial kategorisering.....	21
2.6 Reappropriasjon	22
2.7 Seksualitet	23
2.8 Tidlegare forskning	25
3 Metode	28
3.1 Grunngeving for val av tekstar	28
3.2 Utveljing av tekstar	29
3.3 Framgangsmåte	29

3.3.1	Forarbeid	30
3.3.2	Teknisk arbeid med historiene	30
3.3.3	Metaphor Identification Procedure.....	30
3.3.4	Vurdering og utveljing	32
3.3.5	Tolking av dei metaforiske uttrykka	33
4	Metaforanalysen	35
4.1	Eigenskapar ved sjølvvet	36
4.1.1	SEKSUALITET SOM EIN ENTITET MED ROMLEG PLASSERING	36
4.1.2	SEKSUALITET SOM ORIENTERING.....	39
4.1.3	NORMER SOM DET BEINE	41
4.1.4	Reappropriasjon	43
4.1.5	SEKSUALITET SOM Å HANDTERE EIT OBJEKT	45
4.1.6	Oppsummering av kapittel 4.1 om dei seksuelle kategoriane.....	47
4.2	Metaforar med kraftmotivasjon	49
4.2.1	SEKSUELL INTERESSE SOM FYSISK TILTREKKING.....	49
4.2.2	Utgreiing om ordet tiltrekkje.....	51
4.2.3	Passiv.....	51
4.2.4	Utgreiing om orda dra og draging.....	53
4.2.5	Det delte sjølvvet.....	54
4.2.6	Å FÅ STERKE KJENSLER FOR NOKON SOM Å BLI FANGA	55
4.2.7	Å FÅ KJENSLER FOR NOKON SOM Å FALLE	57
4.2.8	Oppsummering av kapittel 4.2 om metaforar med kraftmotivasjon	61
4.3	Metaforar med objekt- og behaldarmotivasjon.....	62
4.3.1	Å BLI OPEN OM SEKSUALITET SOM RØRSLE UT AV EIN BEHALDAR	63
4.3.2	Å kome ut av skåpet som omgrep	67
4.3.3	PSYKISK OPPLEVING SOM FANGENSKAP	70
4.3.4	Å IKKJE KUNNE ENDRE SEKSUALITET SOM Å VERE I FANGENSKAP	71
4.3.5	Å VERE OPEN OM SEKSUALITET SOM Å TA EIT SKRITT FRAM FRÅ EI REKKJE.....	71
4.3.6	SEKSUALITET SOM EIT KONTROLLERBART OBJEKT	73
4.3.7	SEKSUALITET SOM NOKO SYNLEG	74
4.3.8	Å IKKJE HALDE SEKSUALITET LØYNT SOM Å VERE EIN OPEN BEHALDAR	75
4.3.9	PSYKISK OPPLEVING SOM OBJEKT MED VEKT	76
4.3.10	PSYKISK OPPLEVING SOM FYSISK KREVJANDE ARBEID	78
4.3.11	TILSTAND SOM BEHALDAR	78
4.3.12	PSYKISK OPPLEVING SOM VANDRING I MØRKE	80
4.3.13	Oppsummering av kapittel 4.3 om metaforar med objekt- og behaldarmotivasjon	82
5	Diskusjon og forskingspørsmål.....	83
5.1	Problemstilling og forskingspørsmål.....	83

5.1.1	Forskingsspørsmål 1.....	84
5.1.2	Forskingsspørsmål 2.....	90
5.1.3	Forskingsspørsmål 3.....	96
5.1.4	Forskingsspørsmål 4.....	99
5.1.5	Forskingsspørsmål 5.....	102
6	Avslutning.....	104
6.1	Prosjektets mål og teoretiske utgangspunkt.....	104
6.2	Materialet og teoriens muligheter og avgrensingar.....	104
6.3	Konklusjon.....	106
	Kjelder frå internett.....	109
	Bibliografi.....	110
	Vedlegg 1.....	115
	Samandrag.....	1
	Abstract.....	2
	Profesjonsrelevans.....	3

1 Innleiing

«Jeg kom ut av skapet når jeg var atten eller nitten år» ...men kor tid gjekk du inn?

Språket kan seie mykje om korleis vi forstår verda kring oss, og måten vi bruker språket på kan vere eit resultat av måten samfunnet og kulturen påverkar oss. Om ein tolkar uttrykket over bokstaveleg, er det påfølgjande spørsmålet meir enn forståeleg. Dei fleste vil utan å tenkje seg om forstå at det ikkje er snakk om ei fysisk rørsle ut av eit skåp, men prosessen å fortelje om sin seksuelle identitet. Dette er eksempel på eit biletleig uttrykk der ord og uttrykk blir brukt i overført tyding, for å beskrive eit abstrakt erfaringsdomene. Som ved mange andre biletlege uttrykk, er dette uttrykket så innarbeidd i språket at vi ved første augekast ikkje tenkjer over at det er metaforisk. Om ein derimot får tenkt seg om, blir metaforen tydeleg. Noko anna ville vore ganske absurd, då det er vanskeleg å førestille seg at personar oppheld seg inni ulike skåp, heilt til dei er klare for å kome ut og bli ein del av samfunnet. Erfaringa av å skjule sin seksuelle identitet er abstrakt. Skapet er eit meir konkret og illustrerande bilete på korleis situasjonen kan opplevast.

Det er ikkje berre når ein snakkar om vanskelege og personlege tematikkar vi finn metaforar. Eit vanleg syn på metaforar er at dei berre er stilistiske verkemiddel brukt for å skape ein viss effekt. Dei blir ofte sett på som overflødige i daglegtalen, og blir truleg forbunden med lyrikk (Kövecses, 2010, s. ix). Når dette synet ligg til grunn for den allmenne forståinga av metaforar, er det ikkje overraskande at dei berre blir sett på som stilistiske verkemiddel, og ikkje som ein naturleg del av språket. Dette er derimot ikkje tilfelle; det *florerer* av metaforar i språket. Mange av desse er så innarbeidd i språket at vi ikkje er medvitne om at dei er metaforar i det heile.

I oppgåva ønsker eg å sjå på kva metaforiske ord og uttrykk som blir brukt når *skeive* deler si *skeive historie*. Eg vil undersøke kva metaforiske ord og uttrykk dei bruker når dei skal beskrive seg sjølve, kjenslene sine og andre aspekt ved seksualiteten sin. For eksempel erfaringa av å fortelje omverda om seksualiteten sin. Eg vil i tillegg drøfte om metaforane i tekstane skapar eit positivt eller negativt bilete av det å vere *skeiv*. Eg vil analysere ti skeive historier, tilgjengelege frå *Skeiv arkiv* sine nettstader (Skeivt arkiv, 2018, *Skeive historier*).

Desse historiene er hovudsakleg skrivne av homofile og lesbiske personar som har gjennomgått *kome ut*-prosessen. Ved bruk av metafor-teori frå den kognitive lingvistikken blir det difor interessant å sjå om metaforane dei bruker gir positive konnotasjonar.

1.1 Bakgrunn for val av tema

§ 213 i Straffelova av 1902:

«Finder utugtig omgjøngelse sted mellem personer af mandkjøn, straffes de, der heri gjør sig skyldige eller som medvirker dertil, med fængsel indtil 1 aar. Med samme straf ansees den, som har utuktig omgjøngelse med dyr. Paatale finder alene sted, naar det paakræves af almene Hensyn.» (Skeivt arkiv, 2017, *Paragraf 213 i Straffelova*).

Det er i år førtisju år sidan opphevinga av §213, og førtito år sidan Norsk Psykiatrisk Foreining strauk homoseksualitet frå lista over mentale forstyrningar (Skeivt arkiv, 2017, *Paragraf 213 i straffelova*). I tillegg har vi fått ein anti-diskrimineringslov, felles partnerskaps- og ekteskapslov, og opptil fleire interessegrupper for ulike seksuelle minoritetar. Med andre ord ligg forholda i teorien til rette for at ingen skal kjenne seg ekskludert frå samfunnet, eller at dei er unormale på grunn av sin seksuelle identitet. Levekårundersøkinga frå 2013 avdekte derimot at mange *skeive* i stor grad ikkje kjente seg inkludert i samfunnet (Anderssen og Malterud, 2013, s. 154–163).

Seksuelle minoriteter er ikkje synleg forskjellige frå andre menneske i utsjånad, og er dermed ikkje lett å skilje frå mengda. Dette kan gjere at einskilde menneske som er usikre på sin seksuelle identitet vil forsøke å undertrykkje denne delen. Dette kan skuldast at dei opplever sin seksuelle identitet som unormal og avvikande. Dette kan skape ein indre konflikt, då ein ved å undertrykkje seksualiteten, undertrykkjer grunnleggjande behov. I tillegg kan valet om å fortelje omverda om seksualiteten sin, vere synonymt med det å stigmatisere seg sjølv og bli medlem av ein ufordelaktig kategori. Ein må sjølv ta valet om ein ønsker å fortelje omverda om seksualiteten sin eller ikkje, noko som for mange tar fleire år å bli fortruleg med.

Mange vil hevde at dette ikkje er eit problem å vere ein del av ein seksuell minoritet i dag, då samfunnet generelt har eit mykje meir liberalt syn på seksualitet enn tidlegare. Dette er ei sanning med modifikasjonar. Det er utan tvil enklare å kome ut og leve som *skeiv* i dag enn nokon gong tidlegare, men prosessen vil likevel vere utfordrande. Sjølv om ein møter mykje

aksept i samfunnet, vil dei færreste frivillig ønske å vere ein del av ein stigmatisert minoritet. Det at nokon sin seksualitet er noko ein må akseptere og få aksept for, tyder i seg sjølv på at dette er noko ugunstig.

Med dette som bakteppe, er det interessant å sjå korleis dei som definerer seg som *skeive*, snakkar om sin eigen seksualitet. Dette kan avsløre om samfunnet framleis har ein veg å gå for å skape eit inkluderande fellesskap for alle. Det er og interessant å sjå på kva for metaforar som skildrar kjenslene til personane bak historiene. Til sist er det interessant å sjå på korleis dei skildrar livet sitt, meir spesifikt om det å oppdage og erkjenne seksualiteten sin, samt prosessen med å *kome ut*.

1.2 Om materialet

Materialet eg har lagt til grunn for oppgåva er henta frå *Skeivt arkiv*, men var opphavelig eit delprosjekt av levekårundersøkinga «Seksuell orientering og leverkår», utført på oppdrag frå Barne-, ungdoms- og familiedirektorartet i 2009 (Anderssen og Malterud, 2013, s. i). Det overordna formålet med dette prosjektet var å kartlegge levekåra til lesbiske, homofile og bifile (Ihb-personar) i Noreg. Prosjektet skulle i tillegg kartlegge kva haldningar befolkninga i Noreg hadde ovanfor denne gruppa. Prosjektet hadde fire delprosjekt, der eit av dei var dokumentasjonsprosjektet *Skeive historier*, leia av Tone Hellesund. Som regel består levekårundersøkingar av spørjeskjema med førehandsbestemte svarkategoriar, og informantane blir registrerte og statistisk samanlikna med kvarandre. Forskargruppa ønskte å utvide dette perspektivet, då dei meinte røynda var meir mangfaldig enn det ei normal levekårundersøking ville fange opp. Ved å gjennomføre ei tradisjonell levekårundersøking frykta dei at undersøkinga ville ekskludere personar og grupper frå undersøkinga, og dermed gå glipp av deira erfaringar.

Dei *skeive* historiene skulle vere ein «open post» der alle som hadde eit ønske om å dele si historie fekk moglegheit til det. Hellesund skriv: «Mens spørreundersøkelsene har fast definerte rammer og spørsmål, og delprosjektet om å holde sin seksuelle orientering skjult hadde et gitt tema, ville vi med *Skeive historier* åpne opp for at folk selv kunne velge tema, omfang og tidshorisont for sin historie» (Hellesund og Anderssen, 2013, s. 177). Trass historiene berre var eit dokumentasjonsprosjekt, og dermed ikkje ein del av den empiriske

forskinga, har den likevel vore ein viktig del for forskargruppa. Delprosjektet kunne fange opp erfaringar frå eit breiare spekter av seksuelle minoritetar enn levekårundersøkinga elles. Hellesund skriv at historiene i tillegg gir eit unikt innblikk i samtidshistoria vår: «Vi ønsker å la historiene tale for seg selv og å legge et grunnlag for at forskere, journalister, allmennhet og skeive organisasjoner i dag og i fremtiden skal kunne forstå hva skeive liv og levekår i vår tid kan handle om» (Hellesund og Anderssen, 2013, s. 177).

Historiene er i dag tilgjengelege frå nettstadene til *Skeivt arkiv*. *Skeivt arkiv* er ein del av Avdeling for specialsamlingar ved Universitetsbiblioteket i Bergen, og arbeider med å samle inn, ta vare på, og formidle materiale om *skeiv*/LHBT historie (Skeivt arkiv, 2019, *Om Skeivt arkiv*). Historiene er anonyme og frivillige bidrag frå *skeive* personar.

1.3 Avklaring av termar

Fleire plassar i oppgåva set eg *homofil* som motsetnad til *heterofil*, og dette gjer eg hovudsakeleg når eg viser til eksempel. Eg meiner likevel ikkje at dei to er dei einaste formane for seksualitet, men ønsker å få fram eit skilje mellom det som er oppfatta som den vanlegaste forma for seksualitet (*heterofili*), og det som er oppfatta som avvik frå dette (for eksempel *homofili*). Eg set dei opp slik fordi dei to er tydelege eksempel som er lette å forstå. Eg kunne med fordel brukt andre nemningar, men samstundes er målet mitt å bruke enkle og forståelege eksempel.

Det er i tillegg naudsynt å tydeleggjere skilnaden mellom *homofil* og *homoseksuell*. *Homofil*, og alle seksuelle kategoriar som sluttar på *-fil*, viser til praksis, seksuell tiltrekking og identitet (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (heretter Bufdir.), 2018, *Lhbtqiq-ordlista*). Ein bruker endinga *-seksuell* når ein snakkar eksplisitt om seksualitet. I dei tilfella eg bruker *homo-* eller *heteroseksuell*, er det for å tydeleggjere at det er seksualiteten som er i fokus.

Ved fleire anledningar refererer eg til homoseksualitet som *avvikande*. Dette er ikkje ei heldig nemning å bruke, men eg gjer dette for å tydeleggjere at heterofili er sett på som standarden og det normale i samfunnet. Det vil seie at andre seksualiteter blir vurdert opp mot heterofili.

Når eg analyserer og tolkar teksteksempla, vil eg i den grad det er mogleg, bruke det same *pronomenet* som dei bruker om seg sjølve i historia. I dei andre tilfella forsøker eg å vere så

generell som mogleg, ved å referere til *informanten* eller subjektet. Eg forstår ein *informant* som å vere ein person som har delt sin personlege historie og eg vil difor referere til dei som har skrive tekstane som informantar.

Eg bruker nemninga *skeiv* om lesbiske, bifile, homofile, transpersonar og interkjønnspersonar (heretter lhbt). Dette gjer eg fordi det i dag er den mest anerkjende og inkluderande nemninga for personar som ikkje definerer seg som heterofile. Å vere *skeiv* forstår eg som å vere mann eller kvinne som (på ulike måtar) har ei seksuell tiltrekking til same kjønn. Menn og kvinner som har hatt seksuelle erfaringar med personar av same kjønn, men framleis har sterkast tiltrekking til det motsette kjønn, kan bli inkludert.

I tabellane i analysen bruker eg av og til ulike termar om det same. For eksempel bruker eg i *agens* og *patiens* i kjelddomenet, men *stimulus* og *opplevar* i måldomenet. Eg har valt å skilje mellom desse då ein i kjelde- og måldomene viser til ulike situasjonar. I kjelddomene, som er konkret, gir det meining å snakke om *agens* og *patiens*, medan i det abstrakte måldomene vil *stimulus* og *opplevar* vere meir passande.

1.4 Teoretisk grunnlag

Prosjektet mitt går ut på å analysere og forklare metaforar i eit utval Skeive historier. For å gjere dette bruker eg den kognitive metafor-teorien, først presentert av George Lakoff og Mark Johnson (1980). Denne teorien går ut på at metaforar ikkje berre er språklege uttrykk og verkemiddel, men at dei er ein helt grunnleggjande del av språket. Det vil seie at vi ikkje berre snakkar metaforisk, men også tenkjer metaforisk (Kövecses, 2010, s. x). Ein skil mellom omgrepsmetaforar og språklege uttrykk, der omgrepsmetaforane er dei overordna strukturane som gjer greie for kjelde- og måldomene, og opptrer (som regel) ikkje i språket. Dei språklege eksempla på metaforar blir kalla metaforiske uttrykk (Kövecses, 2010, s. 4). For å illustrere skilnaden mellom omgrepsmetaforar og metaforiske uttrykk vil eg vise til ei setning frå analysen i oppgåva:

«Jeg *faller* nemlig for personlighet, uavhengig av kjønn.» (nr. 8, linje 379) (mine egne kursiveringar)

I denne setninga har eg markert det metaforiske uttrykket *faller*. Å *faller* tyder ‘kome eller vere i rørsle nedetter’ (*Nynorskordboka*, under *faller*), men som ein kan sjå i eksempelet blir det antyda at subjektet blir felt av personlegdom, noko som ikkje er fysisk mogleg. I denne samanhengen viser uttrykket *faller* til kjensla av å fatte plutselig sterk interesse for nokon, og kan seiast å vere ei språkleg realisering av omgrepsmetaforen Å FÅ KJENSLER FOR NOKON SOM Å FALLE.¹ Omgrepsmetaforar har to omgrepsdomene, dei er kalla kjelde- og måldomene. Desse domena fungerer som kognitive kunnskapslager, som vil seie at domena inneheld all kunnskapen vi har om dei ulike domena. I eksempelet eg brukte, blir omgrepsdomene ein bruker for å forstå det andre, her Å FALLE, kalla kjeldedomene. Det domenet ein ønsker å få ei betre forståing av, her Å FÅ KJENSLER FOR NOKON, er kalla måldomene. Kjeldedomena er ofte knytt til kroppslege erfaringar, og er difor oftast konkrete. Måldomena er ofte meir abstrakte, og viser til fenomen som vi ikkje har den same kroppslege erfaringa med som kjeldedomenet (for eksempel kjensler) (Semino, 2008, s. 6).

Ei retning innanfor den kognitive metafor-teorien, blant anna representert av Cameron og Deignan (2006), Goatly (2007), Semino (2008) og Charteris-Black (2004, 2012), har retta merksemda mot metaforar og metaforbruk i ulike diskursar. Mange av desse har ei kritisk tilnærming til metaforar i diskurs. Eg har henta inspirasjon frå den kritiske metaforanalysen til Charteris-Black (2004), som blant anna går ut på å avdekkje skjulte haldningar gjennom studiet av metaforar. Som eg vil gjere greie for i kapittel 2.4, har den kritiske metaforanalysen eit litt anna fokusområde enn prosjektet mitt, og vil difor ikkje vere ein stor del av metoden. Det er likevel med då eg ikkje berre ønsker å undersøke kva for metaforar eg kan finne i materialet, men òg seie noko om kva forståing metaforane gir av seksualitet.

For å kunne undersøke dette, har eg i tillegg henta teori frå andre fagfelt. Eg ønsker å undersøke kva forståing dei ulike metaforiske uttrykka gir av seksualitet. Eg har henta teori om sosial kategorisering (Lieberman, 2017), seksualitet (for eksempel Butler med fleire, 2010) og reappropriasjon (Galinsky med fleire, 2003). Eg har ikkje lukkast i å finne forskning som tek for seg eit likande materiale eller fokus, men eg har tidlegare forskning på blant anna kjensler i diskurs, som eg har samanlikna funna mine med.

¹ Omgrepsmetaforane blir presenterte med versalar for å vise at ein ikkje refererer til språklege uttrykk, men overordna tankestrukturar.

1.5 Problemstilling og forskingsspørsmål

Problemstillinga eg ønsker å svare på i oppgåva er:

Kva for omgrepmetaforar kan ein finne i Skeive historier om refleksjonar kring seksualitet, og kva forståing av dette kjem til uttrykk gjennom dei språkelege uttrykka omgrepsmetaforen er motivert av?

For å svare på denne problemstillinga har eg utforma fem forskingsspørsmål.

1. Kva forståing av seksuelle kategoriar kjem til syne, og i kva grad er desse forståingane hensiktsmessige?
2. Kva for ulike perspektiv har vi på seksuelle kategoriar, og kva seier relevant forskning om dei seksuelle kategoriane?
3. Kva for omgrepmetaforar og metaforiske uttrykk om seksuell interesse kan ein finne i tekstane?
4. Kva for omgrepmetaforar og metaforiske uttrykk blir brukte når informantane skal forklare prosessen å fortelje omverda om seksualiteten sin, og kva forståing av dette kjem til syne?
5. Kva for omgrepmetaforar og metaforiske uttrykk bruker informantane når dei skal beskrive korleis livet med seksualiteten er/har vore, og kva forståing av dette kjem til syne?

1.6 Disposisjon

Kapittel 2: Her gjer eg greie for naudsynt teori for analysedelane i kapittel 4. I den første delen presenterer eg den kognitive lingvistikken, semantikken og omgrepsmetaforteorien. Vidare presenterer eg den diskursive tilnærminga til studiet av metaforar, samt sentral teori om sosial kategorisering, reappropriasjon og seksualitet. Til slutt presenterer eg tidlegare forskning.

Kapittel 3: I dette kapitlet presenterer eg framgangsmåten og metoden, *Metaphor Identification Procedure*.

Kapittel 4: Her presenterer eg sjølve metaforanalysen. Analysen er tredelt: den første delen tar for seg metaforar informantane bruker for å beskrive seg sjølv. Den andre delen tar for seg kjenslerelaterte metaforar. Den siste delen tar for seg språklege uttrykk brukt om opplevingar knytt til seksualiteten.

Kapittel 5: Dette kapitlet er diskusjonskapitlet der eg diskuterer og svarar på forskingsspørsmåla eg har lagt til grunn for oppgåva.

Kapittel 6: Her kjem avslutninga med ei kort oppsummering og ein sluttdiskusjon.

2 Teori

I dette kapitlet vil eg gjere greie for den teoretiske bakgrunnen for oppgåva. Kapitlet er delt i åtte delar. Eg vil først presentere kognitiv lingvistikk og omgrepsmetaforteorien, då dette ligg til grunn for sjølve metaforanalysen. Deretter vil eg ta føre meg eit teoretisk blikk på seksualitet, kategorisering og reappropriasjon. Til sist vil eg presentere eit utval av relevant forskning.

2.1 Kognitiv lingvistikk

Ordet *kognisjon* kjem frå det latinske ordet *cognitivus*, av *cognoscere*, som tyder ‘lære å kjenne, erkjenne’. Ordet blir brukt om det som har med tenking, persepsjon, minne og språk å gjere, altså fornuftsbestemd og erfaringsgrunngjeven erkjenning. Kognisjon står i motsetnad til det kjenslemessige og intuitive (Kjøll, G., Tranøy, K. E. og Malt, U., 2018) og (de Caprona, 2013, s. 940 og s. 969).

Kognitiv lingvistikk (heretter KL) har lånt både teori og terminologi frå den kognitive psykologien. Ei god forståing av KL krev at ein har kjennskap til den kognitive psykologien (Mannsaker, 2017, s. 46). KL oppstod på 1970-talet som ein reaksjon mot den tidlegare forskningas formale syn på språkforsking (Evans og Green, 2006, s. 3). I tida før KL skilde forskinga mellom språk og menneske, då teoretikarane ikkje såg samanhengen mellom språkdanning og menneskeleg samhandling som ein avgjerande faktor. KL utfordra dette synet, og presenterte eit nytt syn på språkforsking. Som i andre teoretiske tilnærmingar til språk studerer ein i KL språket for språkets skuld. KL har til formål å forklare språkets systematikk, struktur og funksjon. Denne tilnærminga til språkstudiar skil seg frå andre tilnærmingar ved at ein her går ut ifrå at språket systematisk reflekterer og avslører tankemønster, korleis tankane våre set språket i system, og kategoriserer og konseptualiserer erfaringar. Metaforisk kan ein seie at språket fungerer som vindauge inn til sinnet, altså at språket i seg sjølv kan gi informasjon om korleis vi tenkjer og forstår omverda (Evans og Green, 2006, s. 5). Evans og Green skildrar KL som ei rørsle; KL er ikkje éin spesifikk teori, men heller ein rettleiande framgangsmåte med mange overlappende teoriar. Felles for desse teoriane er at dei har eit sett med felles grunnprinsipp, antakingar og perspektiv (2006, s. 3).

2.1.1 *Den kognitive lingvistikken sine forplikingar*

I KL har ein to forplikingar, desse blir kalla «dei kognitive forplikingane», og er eit av dei felles grunnprinsippa innanfor KL. Den første forplikinga er *generaliseringsforplikinga*, og handlar om at ein skal ha som mål å finne generelle prinsipp som er gjeldande for alle aspekt ved språket (Evans og Green, 2006, s. 28). Den andre, som blir kalla *den kognitive forplikinga*, går ut på at tolkinga av dei funna ein gjer, skal vere i samsvar med eksisterande kunnskap frå dei andre kognitive disiplinane, som for eksempel filosofi, psykologi, kunstig intelligens og nevrovitskap (Evans og Green, 2006, s. 40–41).

2.1.2 *Det kroppsforankra sinnet*

Kroppsleggjering er eit sentralt omgrep innanfor KL. René Descartes, ein anerkjend filosof frå 1700-talet, presenterte det lenge rådane synet om at kroppen og sinnet er to ulike entitetar. Dette er kjend som den kartesiske dualismen, og har vore ei vanleg oppfatning innanfor fleire disiplinær, blant andre filosofi og formale tilnærmingar til språkvitskap (generativ grammatikk) (Evans og Green, 2006, s. 44). I KL, som er inspirert av og støtter seg til dei andre kognitive disiplinane, hevdar ein kropp og sinn heng uløseleg saman, og difor ikkje kan studerast uavhengig av kvarandre. KL kallar dette ei empirisk tilnærming (Mannsaker, 2010, s. 8). Dette inneber at dei erfaringane vi gjer oss, skjer på menneskekroppens premiss; våre erfaringar kjem direkte frå vår erfaring av å ha ein kropp (Evans og Green, 2006, s. 46). Vi kan såleis ikkje oppleve verda objektivt (slik ho verkeleg er), men ut ifrå vårt perspektiv som menneske. Dette er på grunn av avgrensingane menneskekroppen har. Vi veit for eksempel at artar som fuglar og insekt har mykje betre syn enn menneske, og artar som hundar har betre lukt og høyrselessans enn oss (Evans og Green, 2006, s. 45). Desse artane vil ha ei anna oppfatning av verda, då dei tolkar verda slik dei kan, gjennom erfaringar dei gjer med den kroppen dei har. Kroppen vår spelar difor ei avgjerande rolle i korleis vi forstår verda, noko som blir gjenspegla i språket. Sidan menneske deler dei same kognitive og nevro-anatomiske komponentane (som sinn, hjerne og kropp), har vi like erfaringar med verda. Dette gjer kroppsforankring mogleg. Eit godt eksempel på korleis kroppsforankring kjem til uttrykk i språket, er gjennom *biletskjema* (Evans og Green, 2006, s. 178).

Biletskjema er ikkje detaljerte erfaringar, men abstrakte og overordna skjematiske strukturar (Evans og Green, 2006, s. 178—180). Dei blir skapt av dei kroppslege erfaringane vi gjer oss, og gjer det mogleg for oss å få ei betre forståing av meir spesifikke omgrep. Evans og Green kallar biletskjema før-konseptuelle av natur, altså at vår forståing av slike skjema skjer før vi

utviklar omgrepsapparatet vårt. Dei er så grunnleggjande i språket og tenkinga vår at vi ikkje er medvitne om dei. Eit eksempel på eit slikt før-konseptuelt skjema er behaldarskjemaet (Evans og Green, 2006, s. 180). Behaldarskjemaet kjem direkte frå våre kroppslege erfaringar med behaldararar, som for eksempel boksar, glas og rom, men òg mindre tydelege behaldarar som klede.

Vi kan i tillegg forstå adverb som *ute* og *inne* gjennom behaldarskjemaet. Dette er eksempel på korleis vi kan strukturere kunnskap og forståing av konkrete behaldarar gjennom biletskjema. Vi kan òg bruke biletskjema til å konseptualisere abstrakte erfaringar. Evans og Green (2006, s. 46) kallar dette konseptuell projeksjon (*coceptual projection*), og gjer det mogleg for oss å snakke om og forstå uttrykk som «Han ville *ut* av forholdet» og «ho ville *inn i* fellesskapet». Her konseptualiserer vi abstrakte tilstandar som å vere i ulike behaldarar. Evans og Green skriv: «one of the most fundamental properties of the human conceptualising capacity is its tendency to structure concepts or domains relating to introspective experience in terms of concepts that derive from sensory experience» (Evans og Green, 2006, s. 65).

2.2 Kognitiv semantikk

KL har to hovuddisiplinar, semantikk og grammatikk. Sjølv om desse er presentert som to disiplinar, skil ein dei ikkje frå kvarandre. Grammatikken blir på lik linje med semantikken sett på som eit meiningsberande system i seg sjølv, og har difor sentrale eigenskapar til felles med semantikken. Semantikk handlar om korleis omgrep blir danna og strukturert på det kognitive nivået, og i KL meiner ein at grammatikken berre kan bli forstått på grunnlag av semantikken (Evans og Green, 2006, s. 48). Ifølgje Evans og Green (2006, s. 157—163) har kognitiv semantikk fire hovudprinsipp, som eg vil presentere her. Eg baserer deler av omsettinga mi på Mannsåker (Mannsåker, 2017, s. 48).

1. Omgrepsstrukturar har grunnlag i erfaring med omverda, det vil seie at vi dannar omgrep gjennom våre fysiske erfaringar med verda. Biletskjema illustrerer dette prinsippet: Erfaringa vi har av å ha ein kropp, gjer at vi har prekonseptuelle, skjematiske, umedvitne omgrep i det konseptuelle systemet vårt. «Prekonseptuell» viser til dei første erfaringane vi gjer som speborn, altså før vi får eit omgrepssystem å organisere verda etter. Desse omgrepa legg grunnlaget for resten av omgrepsystemet vårt, og kan i tillegg bli utvida til å gjelde meir abstrakte omgrep gjennom konseptuell projeksjon.

2. Semantisk struktur er ein type omgrepsstruktur, språket refererer til objekt i verda via omgrep på det kognitive nivået i sinnet til språkbrukeren.
3. Meiningsrepresentasjon er ensyklopedisk, altså basert på den generelle kunnskapen vi har om verda. Vi vil ikkje forstå tydinga av eit bestemt ord utan å ha brei kunnskap om domenet ordet tilhøyrer; for eksempel vil ein ikkje kunne snakke om ei hand utan å ha kjennskap til kroppen og dei ulike kroppsdelane.
4. Meiningskonstruering er konseptualisering. I KL hevdar ein at ord blir konstruert og forstått på omgrepsnivået, altså at vi tar i bruk fleire kognitive prosessar samstundes når vi skal skape meining av ord.

2.3 Kognitiv metafor teori

Når ein høyrer ordet metafor, vil dei aller fleste tenke på biletleg og kunstarisk språk. Ein vil truleg tenkje på uttrykk som er tydeleg metaforiske, som «skogens konge» når ein skal beskrive elgen, eller «skatten min» om menneske ein er glad i. Ein treng derimot ikkje leite lengre enn til preposisjonane for å finne metaforar. Skal ein for eksempel vise kva humør ein har, er det vanleg å seie «eg er *i* godt humør», eller «eg er ikkje *i* godt humør». Humør er derimot ikkje ein behaldar ein kan vere inni eller utanfor, men er ein abstrakt tilstand. Det florer av slike metaforar i språket, og mange av desse er så kvardagslege at vi ikkje er medvitne om dei. Desse metaforane er tradisjonelt omtalt som døde metaforar, då dei er ein så innarbeidd og naturleg del av kvardagsspråket. I kognitiv metafor teori (heretter KMT) meiner ein derimot at dei ikkje er døde, men levande, då dei styrer språket og tankane våre; dei er «metaforar vi lever etter» (Kövecses, 2010, s. xi).

2.3.1 Tradisjonelt vs. KMT sitt syn på metaforar

Ordet *metafor* kjem frå det greske ordet *metaphora*, som tyder ‘overføring’, og er namn på ord og uttrykk som er brukt i biletleg eller overført tyding. Det vil seie at dei blir brukt om noko anna enn det den bokstavelege meininga av ordet eigentleg refererer til (NAOB, 2018, under *metafor*). Ifølgje Kövecses (2010) har metaforane tradisjonelt hatt fem kjenneteikn: synet på metaforar som først og fremst språklege fenomen, at metaforen berre er brukt for å skape ein kunstnarisk eller retorisk effekt, den er basert på likskap mellom dei to entitetane som blir samanlikna, bruken av metaforen er tilsikta og medviten, og oppfatninga av metaforar som overflødige i daglegtalet (2010, s. ix-x).

Dette synet blei utfordra av forskarane George Lakoff og Mark Johnson, som med utgivinga av boka *Metaphors we live by* i 1980 la sjølve grunnlaget for det vi kjenner som kognitiv metafor-teori (Kövecses, 2010, s. x). Dei meiner at det tradisjonelle synet skapar ei feilaktig framstilling av metaforar, og at språket vårt er grunnleggjande metaforisk. Det vil seie at metaforar er ein naturleg del av omgrepssystemet vårt, sidan vi tenkjer og snakkar metaforisk. Metaforane blir ikkje berre brukt for å skape ein viss effekt, men er viktige for forståinga vår av kvardagslege omgrep. Innanfor KMT meiner ein i tillegg at metaforar ofte *ikkje* er basert på likskap mellom entitetane, og at dei er ein uunngåeleg del av språk og tanke (Kövecses, 2010, s. x).

2.3.2 Omgrepsmetafor-teorien

Ifølgje Kövecses blir metaforar innanfor KMT definert som å forstå eit omgrepsdomene ved hjelp av eitt anna omgrepsdomene (Kövecses, 2010, s. 4). Denne disiplinen legg særlig vekt på ordet *forstå*, då ein ikkje berre snakkar om eit domene ved hjelp av eit anna, men forstår det. Ein kan definere eit omgrepsdomene som ei samanhengande organisering av erfaring, og ein skil mellom kjelde- og måldomene. Måldomenet er (som regel) noko abstrakt som ein ikkje har eigne omgrep om, og difor lånar ein omgrepsstrukturen frå det meir konkrete kjeldedomenet. Omgrepsmetaforar blir i KL presentert med versalar, og den vanlegaste måten å realisere dette på er gjennom formelen $A \text{ ER } B$, der A er måldomenet og B er kjeldedomenet. Mannsåker (2017) skriv at sidan dette er formulert som ein påstand, og dermed kan forvekslast med språklege metaforuttrykk som *Akilles er ei løve*, føretrekkjer ho å bruke SOM heller enn ER. Omgrepsmetaforane blir dermed presentert som $A \text{ SOM } B$ (Mannsåker, 2017, s. 54). Eg vel i likskap med Mannsåker å bruke SOM heller enn ER.

Når ein presenterer omgrepsmetaforane som $A \text{ SOM } B$, blir omgrep frå kjeldedomenet brukt for å forstå måldomenet. Eksempel på dette kan ein sjå i omgrepsmetaforen $TID \text{ SOM } PENGAR$. For å forstå måldomenet TID bruker vi den kunnskapen vi har om kjeldedomenet PENGAR for å få ei betre forståing av tidskonseptet. Ein lånar altså omgrepssystemet vi har om pengar til å snakke om tida. Eksempel på dette kan ein sjå i uttrykk som «ho hadde mykje tid» og «han missa mykje tid i går». Det er viktig å skilje mellom omgrepsmetaforar og språklege metaforiske uttrykk. Omgrepsmetaforane opptre ikkje direkte i språket, men fungerer som overordna forståingsrammer for måldomenet, som $TID \text{ SOM } PENGAR$. Dei språklege metaforiske uttrykka er ord henta frå terminologien til kjeldedomenet, men som blir brukt for å forklare måldomenet. Dei ulike aspekta ved kjeldedomenet PENGAR blir overført til det

abstrakte måldomenet TID, slik at det «å ha mykje pengar» samsvarar med «å ha mykje tid», og «å bruke pengar» med «å bruke tid». Desse samsvara blir kalla tilordningar, og viser til eit samsvar mellom eit aspekt av kjeldedomenet og eit aspekt ved måldomenet. Ein kan i tillegg vidareføre kunnskapen ein har om kjeldedomenet, og bruke den ytterlegare kunnskapen vi har om kjeldedomenet, for å beskrive andre delar av måldomenet. Dette kallar ein metaforiske følgjeslutningar, og er eit vanleg trekk ved alle omgrepsmetaforar (Kövecses, 2010, s. 122).

Metaforiske følgjeslutningar

For å få ei djupare forståing av for eksempel omgrepsmetaforen TID SOM PENGAR, kan ein bruke tilleggskunnskapen vi har om kjeldedomene for å få ei djupare forståing av måldomenet. Ein kan for eksempel seie at papirarbeid *stel* tid. Tid er ikkje noko konkret ein fysisk kan stele frå andre, men denne følgjeslutninga synleggjer at papirarbeidet er ein *tidstjuv* som gjer at ein får *mindre* tid. Ein kan i tillegg *sløse* med tid, som synleggjer at ein ikkje bruker tida fornuftig eller aktsamt. Alle omgrepsmetaforar har moglege følgjeslutningar, men ikkje alle følgjeslutningane skapar eit like hensiktsmessig bilete av måldomenet. For å illustrere dette skriv Mannsåker (2017, s. 7) at termen *utbrendheit* om menneske er uheldig, då følgjeslutninga her er ‘irreversibel skade’, og skapar ei forståing av at personen som opplever denne tilstanden ikkje kan bli heilt bra igjen. Slike uheldige tilordningar kan òg ein finne i måten ein snakkar om seksuell identitet på. Ved å bruke metaforar som for eksempel *skeiv* for å snakke om seksuell identitet, kan dette skape følgjeslutninga at personen er øydelagd eller ubrukeleg, då *skeiv* vanlegvis viser til fysiske entitetar som ikkje er perfekte eller slik dei skal vere. Slike følgjeslutningar bidreg til å forme sjølve forståingsramma for seksualitet, og kan vere med på å underbygge eit negativt syn på seksuelle minoritetar.

2.3.3 Ulike typar metaforar

Ein kan dele omgrepsmetaforane inn i ulike typar, eg vil i det følgjande gjere greie for nokre sentrale typar metaforar.

Primære metaforar

Dei primære metaforane er så innarbeidde at dei språklege metaforiske uttrykka ofte ikkje er rekna som metaforiske. Grady og Johnson refererer til primære metaforar som primære scener, då dei ser på desse som grunnleggjande erfaringar ein byggjer meir komplekse konseptualiseringar etter (Grady og Johnson, 2003, s. 537). Det som kjenneteiknar dei primære metaforane, er at dei kjem av tidlege sanseerfaringar. I boka *Philosophy in the flesh*

av Lakoff og Johnson (1999, s. 46–59) skriv dei om dei primære metaforane og korleis dei oppstår. Dei støttar seg til forskjellige undersøkingar utført av Johnson, Grady, Narayanan, Turner og Fauconnier. Primære metaforar er kjenneteikna ved at dei oppstår direkte frå korrelasjonar i erfaring, og oppstår allereie i førkonseptuell alder. Førkonseptuell alder er tida før born utviklar forståing for, og klarer å skilje mellom erfaringar og opplevingar. Lakoff og Johnson illustrerer danninga av ein primær metafor gjennom borns oppleving av omsorg. Speborn kan ikkje skilje mellom dei sensomotoriske og subjektive erfaringar når dei oppstår samstundes. Det vil seie, for speborn vil den subjektive erfaringa av omsorg vere forbunden med varme, erfaringa av å bli halden av nokon og kjenne varmen frå denne personen. Born vil seinare (i differensieringsperioden) klare å skilje mellom dei to erfaringane, men assosiasjonen mellom varme og omsorg vil bestå (Lakoff og Johnson, 1999, s. 46). Dette er grunnlaget for omgrepsmetaforen OMSORG SOM VARME. Andre eksempel på primære metaforar er for eksempel omgrepsmetaforen MEIR SOM OPP, som kjem av erfaringa at væskenivået i ein behaldar (glas) går oppover når ein heller meir væske i behaldaren.

Strukturelle metaforar

Dei strukturelle metaforane er kjenneteikna ved at dei har grunnlag i fysiske erfaringar med komplekse strukturar. Desse metaforane skal gi ny struktur til måldomenet gjennom den rike kunnskapen vi har av kjeldedomenet (Kövecses, 2010, s. 37). Omgrepsmetaforen LIVET SOM REISE er eit eksempel på ein strukturell metafor. Ein kan altså forstå ulike aspekt ved LIVET gjennom ulike tilordningar til REISE-domenet; livet kan for eksempel vere *langt* eller *kort*, ein kan møte på *hinder*, og ein kan ta ulike *vegar* i livet.

Orienteringsmetaforar

Orienteringsmetaforane viser til vertikal og horisontal rørsle, opp-ned, inn-ut, på-av, sentral-perifer, og liknande. Desse metaforane organiserer eit heilt system av omgrep i relasjon til kvarandre (Lakoff og Johnson, 1980, s.14). Desse metaforane kjem frå dei kroppslege erfaringane vi har som menneske, for eksempel korleis vi orienterer oss i verda. Ordet *orientering* viser til korleis noko er plassert i forhold til kroppen (subjektet). Når ein har eit gitt sentrum kan ein enkelt bedømme om noko er over, under, ved sida av, eller langt unna senteret. Det er viktig å vere merksam på at dei ikkje berre viser til fysisk orientering, men og kan gje oss ei forståing av eit abstrakt fenomen (for eksempel sinnstilstandar) for eksempel ved å bruke orienteringsmetaforen GLAD SOM OPP - TRIST SOM NED. Eksempel på desse metaforane er: «Han blei *oppløfta* av samtalen», og «ho var *nede* heile veka».

Ontologiske metaforar

Dei ontologiske metaforane er vage, og gjev mindre omgrepsmessig strukturering enn dei strukturelle metaforane. Lakoff og Johnson skriv at erfaringane våre med fysiske gjentandar og stoff gjer det mogleg for oss å velje ut og behandle delar av erfaringa vår som frittstående entitetar eller stoff. Dette gjer det mogleg for oss å referere, kategorisere, gruppere, telje og i tillegg resonnerer kring erfaringane våre (Lakoff og Johnson, 1980, s. 25). Sjølv om vi ikkje alltid kan skilje noko ut frå omverda (ting, sinnet, og liknande), hansamar vi likevel fenomen som om det er mogleg. For å kunne snakke om og forstå abstrakte og vage fenomen må ein trekkje kunstige grenser (1980, s. 25). Kövecses bruker sinnet som eksempel på noko som ikkje er mogleg å snakke om utan kunstige grenser (Kövecses, 2010, s. 39). *Sinn* kan definerast som «menneskets indre sete for tanker og følelser» (NAOB, 2018, under *sinn*). Sinnet er altså noko veldig abstrakt. På trass av dette hansamar ein sinnet som ein entitet i språket, for eksempel «Ho hadde eit lunefullt sinn». Vi bruker dei ontologiske metaforane til å forstå vage måldomene som for eksempel KJÆRLEIK, LIVET, og KJENSLER. Dei gjer det mogleg å sjå tydelegare strukturar der desse strukturane er vage eller manglar (Kövecses, 2010, s. 39). Kövecses har laga ein tabell som tydeleggjer korleis vi kan konseptualisere ontologiske metaforar.

Tabell frå Kövecses (2010, s. 39):

Kjeldedomene		Måldomene
Fysisk objekt	→	Ikkje-fysisk eller abstrakt entitet (for eksempel sinnet)
	→	Hendingar eller handlingar (for eksempel å gi ein beskjed)
Substans	→	Aktivitet (for eksempel «Det var mykje springing i kampen»)
Behaldar	→	Uavgrensa fysisk objekt (for eksempel ei klaring i skogen)
	→	Fysiske og ikkje-fysiske overflater (for eksempel landområde, synsfeltet)
	→	Tilstandar (for eksempel forelsking)

Denne modellen synleggjer at abstrakte og ikkje-konkrete entiteter, hendingar og handlingar ofte blir forstått som fysiske objekt, medan aktivitetar blir forstått som ulike substansar. Uavgrensa fysiske objekt, fysiske og ikkje-fysiske overflater, og tilstandar, blir ofte forstått som behaldarar. Lakoff og Johnson skriv: «We are physical beings, bounded and set off from

the rest of the world as outside us. Each of us is a container, with a bounding surface and an in-out orientation. We project our own in-out orientation onto other physical objects that are bounded by surfaces» (Lakoff og Johnson, 1980, s. 29). Vi bruker kroppen vår som utgangspunkt for å forstå andre gjenstandar, prosessar, fenomen og tilstandar. Som vi skal sjå, er seksualitet er eit av desse omgrepa som blir forstått gjennom bruken av ontologiske metaforar, blant anna gjennom omgrepsmetaforen TILSTAND SOM BEHALDAR. Dei ontologiske metaforane hjelper oss å forstå særst abstrakte måldomene gjennom dei konkrete røynslene vi har om objekt, stoff og behaldarar.

2.3.4 *Personifikasjon*

I dei tilfella fysiske gjenstandar blir snakka om og forstått som om dei skulle vore menneske, har vi med personifikasjon å gjere. Dette er kanskje dei mest openberre ontologiske metaforane (Lakoff og Johnson, 1980, s. 33). Når ikkje-menneskelege entitetar blir gitt menneskelege eigenskapar, bruker vi eit av dei best kjende kjeldedomena vi kjenner til, nemlig vår eigen kropp (Kövecses, 2010, s. 39). Dette gjer det mogleg å snakke om fenomen som seksualitet, teoriar og datamaskinar som om dei skulle vore menneske, for å få ei betre forståing av dei. For eksempel «seksualitet knyter menneske saman», «teorien forklarte meg korleis alt hang saman» eller «datamaskina mi arbeider langsomt». Her blir abstrakte delar av sinnet og overarbeidde datamaskiner konseptualisert som menneske.

2.3.5 *Metonymi*

Innanfor KMT har ein hovudsakeleg retta merksemda mot metaforen, medan metonymien har stått i skuggen (Mannsaker, 2017, s. 105). Metonymiar kan uttrykkast gjennom formelen A FOR B, og er situasjonar der ein refererer til noko ved å bruke ein annan del av det. For eksempel kan ein seie at «det finst mange kloke hovud på universitetet». Her blir kroppsdelen hovudet, som er det som er forbunden med tenking brukt om heile menneske. Der metaforane først og fremst skal forklare eit abstrakt måldomene ved hjelp av eit meir konkret kjeldedomene for å skape forståing, har metonymien hovudsakleg ein refererande funksjon (Lakoff og Johnson, 1980, s. 35). Metonymiane tener i tillegg til andre føremål, som i likskap med metaforen skapar forståing. Her kan ein nemne DEL FOR HEILSKAP-metonymien. Kva del ein vel å fokusere på, seier noko om kva eigenskapar ein vil løfte fram. Om ei bedrift utlyser ein stillingsannonose, er det ikkje tilfeldig om dei bruker uttrykket «vi treng gode hovud»

eller «vi treng flittige hender». Sjølv om begge refererer til menneske, refererer «gode houv» til intelligente menneske, og flittige hender til menneske som er praktisk anlagt.

2.3.6 Kraftdynamikk

Dei ulike variantane av kjeldedomenet KRAFT er ein av dei vanlegaste måtane vi konseptualiserer måldomenet KJENSLER på (Kövecses, 2000, s. 62). Eg vil i det følgjande gjere kort greie for semantisk struktur, for å så gå vidare på kraft-dynamikken, presentert av Leonard Talmy i Evans og Green (2006). Talmy hevdar at det konseptuelle systemet vårt er delt i to system, innhalds- og struktureringssystemet. Innhaldssystemet inneheld detaljar og innhald, som opne ordklassar og leksikalske element. Struktureringssystemet gir struktur til innhaldet, som lukka ordklassar og grammatiske element (Evans og Green, 2006, s. 192). Struktureringssystemet er vidare delt inn i fire system, der tre av dei hovudsakeleg baserer seg på visuell persepsjon (det ein kan sjå), medan den siste, kraft-dynamikkssystemet, kjem av erfaringane våre med rørsle-, kjensle- og smertesansane (2006, s. 199). Kraftdynamikken går i hovudsak ut på at det skjer ei energiutveksling mellom to entitetar, og skjer først og fremst i den fysiske verda. Talmy argumenterer for at kraftdynamikk spelar ei generell rolle som kjeldedomene i språket, og at ein kan overføre forståinga av interaksjonar mellom fysiske krefter til intrasubjektive (psykodynamiske) og sosiale (sosiodynamiske) interaksjonar (Talmy, 2003, s. 430 og s. 438). I den andre analysedelen vil kraftdynamikken liggje til grunn for fleire av tolkingane mine, men eg gjennomfører ikkje Talmy sin terminologi. Eg vil kort gjere greie for teorien i analysen, men bruke eit meir kvardagsleg fagspråk når eg gjer greie for kraftdynamikken.

2.4 Metaforar i diskurs

Innanfor KMT meiner ein at metaforane gjer oss i stand til å tenke og snakke om abstrakte, komplekse, subjektive og ulne måldomene gjennom meir konkrete, enklare, fysiske eller betre avgrensa kjeldedomene (Semino, 2008, s. 6). For å illustrere dette blir som regel ein omgrepsmetafor presentert for å vidare vise dei moglege tilordningane denne omgrepsmetaforen kan motivere. Eit kjent eksempel på dette kan ein sjå i Lakoff og Johnsons *Metaphors We Live By* (1980), der dei presenterte omgrepsmetaforen TID SOM PENGAR og vise språklege realisasjonar av denne (Lakoff og Johnson, 1980, s. 7). Sjølv om dei språklege realisasjonane må seiast å vere eksempel på autentisk språkbruk, har denne tilnærminga nokre utfordringar. Sidan språket er dynamisk vil ein truleg kunne finne nye måtar å konseptualisere

abstrakte måldomene på, eller nye tilordningar og følgjeslutningar til ein omgrepsmetafor. Desse endringane kan lettast fangast opp gjennom autentisk språkbruk, kjend som diskursanalyse.

Elena Semino definerer *diskurs* som naturleg språkbruk: autentiske tilfelle av skrift eller tale som er produsert og tolka i bestemte tilfelle til bestemte formål (Semino, 2008, s. 1). Diskursanalyse er ei retning innanfor KMT som først kom til mot slutten av 90-talet, og presenterte ei alternativ tilnærming til studiet av metaforar (Cameron og Deignan, 2006, s. 672). Cameron og Deignan var to av forskarane som opplevde KMT sine avgrensingar i møtet med autentiske tekstar. Metaforisk diskursanalyse har ofte KMT som teoretisk grunnlag, men er vidare inspirert av andre tilnærmingar til språket, for eksempel pragmatikk og kritisk diskursanalyse (Musolff, 2016, s. 3). Ei pragmatisk tilnærming ser på korleis konteksten påverkar meiningsinnhaldet i analysematerialet, medan ei kritisk diskursanalyse hovudsakeleg går ut på å studere språket til maktpersonar i samfunnet, spesielt med tanke på dei retoriske funksjonane til metaforane (Mannsaker, 2017, s. 88). Eg vil vidare bruke Semino (2008) for å vise korleis diskursanalyse skil seg frå den tradisjonelle tilnærminga.

Den mest openberre skilanden finn ein i ordet diskurs. Den diskursorienterte tilnærminga tar utgangspunkt i autentiske tekstar eller talar, på jakt etter metaforiske uttrykk. Deretter prøver dei å abstrahere og formulere omgrepsmetaforar som dei metaforiske uttrykka kan sjåast som språklege realiseringar av (Charteris-Black, 2004, s. 37–38). I KMT er derimot omgrepsmetaforane i hovudfokus, og dei metaforiske uttrykka tener difor først og fremst som illustreringar av omgrepsmetaforane (Semino, 2008, s. 10). Uttrykka dei bruker som eksempel kan vere eksempel på autentisk språkbruk, men sidan dei berre skal illustrere ein omgrepsmetafor, kan dei like gjerne vere fiktive.

I tillegg meiner ein innanfor KMT at funksjonen til metaforar først og fremst er å hjelpe oss å snakke om og forstå abstrakte og vage måldomene ved hjelp av meir konkrete kjeldedomene (Semino, 2008, s. 30). Dette synet finn ein òg innanfor den diskursorienterte tilnærminga, men dei legg i tillegg vekt på fleire og meir spesifikke funksjonar til metaforar i diskurs. Eksempel på dette er metaforens moglegheit til å skape bestemte representasjonar av røynda. Val av kjeldedomene er avgjerande for om metaforen skal overtyde, resonnerer, evaluere, forklare, teoretisere, eller for eksempel å skape ein ny måte å konseptualisere verda på (Semino, 2008, s. 31). Metaforar kan i tillegg bidra til å skape intern struktur og

intertekstuelle relasjonar i ein tekst, som for eksempel å dra lesarens si merksemd mot ein bestemt del av teksten (2008, s. 32).

Eksempla frå analysen min er henta frå autentiske tekstar, eg gjer dermed ei diskursanalyse der eg undersøker kva omgrepsmetaforar og metaforiske uttrykk eg kan finne i materialet. Ein av hypotesane mine er at negative og forelda haldningar framleis er med å påverke korleis vi snakkar om seksualitet. Den diskursive tilnærminga har dermed trekk frå den kritiske diskursanalysen. Charteris-Black skriv at ei av målsettingane innanfor kritisk diskursanalyse er å avsløre slike haldningar i språket. Han skriv: «Critical Discourse Analysis (...) is concerned with increasing our awareness of the social relations that are forget, maintained and reinforced by language use in order to change them» (Charteris-Black, 2004, s. 29). Målet mitt med oppgåva er nettopp å auke medvitskapen om uønskte haldningar som vi umedvitet held fram gjennom språket. Eg har ikkje som mål å endre måten vi snakkar om seksualitet på, men å vise korleis språket kan påverke haldningane våre.

Når det kjem til å umedvitet vidareføre negative haldningar, er metaforar spesielt interessante, då kjeldedomenet, samt kva del av kjeldedomenet vi vel å bruke kan avsløre korleis vi tenkjer om eit gitt måldomene. Ei tilnærming ein kan nemne her er kritisk metaforanalyse, som er ein diskursanalyse med formål om å avsløre underliggande og skjulte ideologiar, haldningar og oppfatningar (Charteris-Black, 2004, s. 42). Charteris-Black seier at denne tilnærminga difor utgjer ein viktig måte å forstå dei komplekse forholda mellom språk, tanke og sosial kontekst (2004, s. 42). I analysen min har eg derimot ikkje gjennomført denne tilnærminga heilt, då det er nokre skilnadar mellom den kritisk metaforanalysen og mi tilnærming. Ein sentral del av den kritiske metaforanalysen er å avdekkje skjulte og underliggande ideologiar. Sidan materialet mitt består av personlege historier, vil ikkje ideologiaspektet vere treffande. Analysen min vil derimot ha andre sentrale likskapar med den kritiske metaforanalysen, blant anna å avdekkje skjulte haldningar og oppfatningar, samt å undersøke forholda mellom språk, tanke og sosial kontekst. Mannsåker (2017) skriv at når ein gjer (kritisk) metaforanalyse i diskurs, er dei konvensjonelle metaforane spesielt interessante, då dei er verbale prov på underliggande idesystem som det er lett å oversjå fordi dei er så innarbeidd i daglegtalet (Mannsåker, 2017, s. 87).

2.5 Sosial kategorisering

Når ein snakkar om seksualitet, kjem ein ikkje utanom kategorisering. Å kategorisere menneske inn i ulike grupper etter for eksempel sosial status, etnisk opphav eller seksualitet, er ein nærast automatisk prosess som ligg latent i oss (Lieberman, Woodward og Kinzler, 2017, s. 556). Dette er eit resultat av behovet vårt for å skape mening og system, og er ein nyttig eigenskap for å forstå sosiale situasjonar. Dette kan i mange tilfelle vere ein nyttig eigenskap, men sosial kategorisering kan òg ha nokre negative følgjer. Gjennom denne prosessen vil vi kategorisere oss sjølv, og dermed skape eit skilje mellom dei som ein kategoriserer seg saman med (dei som deler visse kriterium og liknande), og dei andre. Det grunnleggjande behovet vi har for å finne fellesskap med andre menneske, vil ofte ha den effekten at vi vil føretrekke deltakarar av vår eiga sosiale gruppe. Lieberman med fleire (2017) har argumentert for at sjølvhevdning er ein av dei negative konsekvensane kategoriseringa kan føre med seg. Dei hevdar at ein i somme tilfelle kan skape seg førestillingar om, stereotypiske framstillingar av, og til og med dehumanisere medlem av einskilte sosiale grupper (Lieberman med fleire, 2017).

Sosial kategorisering handlar i stor grad om makt. Om gruppa er lita og har lite makt, vil ho vere ekstra sårbar for negative konsekvensar av kategorisering. Ein av desse konsekvensane kan for eksempel vere måten gruppa blir omtalt på av andre grupper med meir makt, i form av ulike kallenamn eller andre nedsettande ord og uttrykk. Kallenamna brukt om einskilte sosiale grupper vil ofte vere stigmatiserande og ha til formål å blant anna understreke makt. På denne måten skapar dei eit bestemt (oftast negativt) bilete av gruppa med mindre makt, for å hevde si eiga sosiale gruppe. Teun van Dijk, ein kjend forskar innan diskursanalyse skriv: «Indeed, when talking as group members people tend to emphasize the positive things of their own group, and the negative things of outgroups, processes of group stereotyping, prejudice, formation and polarization that may be observed at many levels of text and talk» (van Dijk, 2009, s. 71).

2.6 Reappropriasjon

Reappropriasjon er ein prosess som går ut på at ei stigmatisert gruppe «tek tilbake» eit negativt og støytande kallenamn, typisk brukt om dei av andre grupper med meir sosial makt, og bruker det om seg sjølv og kvarandre for å minske det opplevde stigmaet (Galinsky, Hugenberg, Groom og Bodenhausen, 2003, s. 231). Det mest kjende tilfellet av reappropriasjon finn ein blant den afroamerikanske befolkninga, som starta å kalle kvarandre «nigger», eit kallenamn som opphaveleg blei brukt av slavehandlarar og kjøparar om dei afrikanske slavane. Galinsky med fleire refererer til Hutchinson (2001) som hevdar at ei av årsakene til at dei valde å bruke nigger om kvarandre, var at dei ville reinse ordet for negative konnotasjonar, slik at nemninga missa sin stigmatiserande verdi, og at rasistar difor ikkje vil såre den svarte befolkninga i like stor grad som tidlegare (Galinsky med fleire, 2003, s. 231).

Ei anna gruppe som har vore offer for stigmatiserande kallenamn er seksuelle minoriteter. Denne gruppa er mindre synleg, og ein kan difor tenkje seg at det difor ikkje vil vere eit like stort problem for dei seksuelle minoritetane. Sjølv om seksuelle minoriteter er mindre synlege enn den afro-amerikanske befolkninga, argumenterer Galinsky med fleire (2003) for at stigmatiserande kallenamn truleg er mest effektive når dei er retta mot ei gruppe som ønsker å halde den potensielt stigmatiserte identiteten sin skjult (2003, s. 227). Dei meiner at det er viktig å bli meir medviten om stigmatiserande kallenamn og effekten desse kan ha:

«It is important to investigate the use of labels, both by self and by others, because it helps to shed light on the construction, maintenance, and alteration of social identity. Indeed, the use of labels has profound consequences for the self-esteem of groups and their members. Moreover, labels and their connotative meanings also provide the social perciever with a means to easily parse the social enviroment» (Galinsky med fleire, 2003, s. 222).

2.7 Seksualitet

Seksualitet kan bli definert og forstått på mange ulike måtar. Seksualitet handlar hovudsakeleg om erotiske lyster, praksis og identitet (Butler, O'Donovan og Shaw, 2010, s. 7). Seksualitet er ein abstrakt del av sinnet, noko som gjer det utfordrande å forstå. Den vanlegaste måten vi forstår seksualitet på er gjennom kategorisering, det vil seie at vi deler inn menneske etter kjønn og kven dei har seksuell omgang med. Dei vanlegaste kategoriane vi bruker er *heterofil*, *bifil* og *homofil*. Desse omgrepa er relativt nye, då ein tidlegare ikkje hadde den same tilnærminga til seksualitet som vi i den vestlege verda har i dag. *Heterofili* og *homofili* som omgrep blei til på 1800-talet av Karl-Maria Kertbeny («Heterofili», 2016). Homofili blei i tillegg ein psykiatrisk diagnose på 1890-talet, saman med sadisme, masochisme og fetisjisme (Skeivt arkiv, 2019, *Seksuelle perversjonar*). Ifølgje *Skeivt arkiv* meinte somme psykiatrar at homoseksualitet kunne vere medfødd. Andre hevda i tillegg at slike «seksuelle perversjonar», som det kom til å heite i lærebøkene, også kunne vere eit resultat av onani, sinnssjukdom eller andre negative ytre impulsar (Skeivt arkiv, 2019, *seksuelle perversjonar*).

Under opplysningstida og den tiltakande sekulariseringa i Europa på 1700-talet fekk vitenskapen, då spesielt den medisinske vitenskapen, auka autoritet i spørsmål kring seksualitet (Tønnesson, 2018). Her var fokuset hovudsakleg på ikkje-reproduserande seksualitet, då ein meinte denne forma for seksuell omgang var skadeleg. Reproduserande seksualitet, altså ein seksualitet som ligg til rette for at ubeskytta seksuell omgang mellom ein fruktbar mann og ei fruktbar kvinne kan føre til born, har til alle tider vore den mest naturlege og nødvendige forma for seksualitet. Dette har truleg vore den mest avgjerande faktoren for korleis vi ser og har sett på seksualitet gjennom tidene. I tillegg spelar både religiøse og kulturelle forhold inn som sentrale faktorar på korleis seksualitet har blitt sett på, men eg vil ikkje gå vidare inn på den historiske utgreiinga av feltet.

Det finst fleire retningar innanfor studiet av seksualitet, og ein kan i dag i stor grad dele dei inn i to tradisjonar: essensialismen på den eine sida, og den post-strukturelle og post-moderne tradisjonen på den andre. Essensialistane hevdar at seksualitet er biologisk betinga, medan den andre tradisjonen hevdar at seksualitet er open for tilpassing og nye tankesett.² Dei

² Essensialisme blir brukt om den kategoriseringa ein får etter kva for essens ein ber, for eksempel eins homoseksuelle eller heteroseksuelle essens. Ein ser her på homoseksualitet som ei einstarta erfaring og handling, tilsvarande med heteroseksualitet. Anderssen (2005) definerer omgrepet meir generelt som «en type forankring

sistnemnte er spesielt opptekne av at ein ikkje må sjå seksuelle kategoriar som absolutte, men vere open for ei utviding av kategoriane (Butler, C., O'Donovan, A. og Shaw, E., 2010, s. 7)

Når ein snakkar om seksualitet, anten i kvardagen eller i eit forskingsperspektiv, vil dei aller fleste diskutere kva som er normalt, naturleg, biologisk, sosialt og politisk når det kjem til seksualitet. Ifølgje Tolman og Diamond er det nettopp dette som har ført forskinga vidare, og at vi i dag har ei rekkje ulike teoretiske perspektiv på seksualitet (Tolman og Diamond, 2014, s. 3). Sjølv om forskinga går vidare, er ikkje dette einsbetydane med at forelda haldningar og oppfatningar gjer det. Eit eksempel på dette er oppfatninga om at ein vel sin seksualitet.

«If their sexual orientation was indeed a choice, gay people should remember having made it. But, by and large, they don't.» (LeVay, 2011, s. 41). Likevel lever oppfatninga om at seksualitet på eit eller anna nivå handlar om medvitne val. Denne oppfatninga har truleg eit mykje svakare fotfeste enn for berre nokre få tiår sidan, men spørsmålet om i kva grad ein kan velje seksualitet eller ikkje, er fremdeles eit spørsmål som oppe til diskusjon. Eit slikt spørsmål krev nokre avgrensingar, og eg vil difor basere meg hovudsakeleg på *Store Norske Leksikon* og forskaren Simon LeVay (2011) når eg gjer greie for dette. Sidan heteroseksualitet er forstått som standardforma for seksualitet, blir andre seksualiteter sett på som ei form for avvik. Når ein diskuterer seksualitet er det ikkje uvanleg å snakke om moglege *årsaker* til kvifor dei fleste er heterofile og heteroseksuelle, medan andre ikkje delar desse preferansane. Grünfeld og Svendsen (2018) skriv at den tidlegare forskinga på homoseksualitet i stor grad var opptatt av nettopp årsaksforholdet til homoseksualitet, men at ingen av forskingsretningane til no har vitskapeleg dokumenterte teoriar. At forskinga i dag er retta meir mot levekår og livssituasjon, tyder det på at forskinga (og samfunnet) har godtatt ein biologisk forklaring; at ein er fødd sånn, ikkje blitt sånn. Dette kjem òg blant anna til uttrykk gjennom den auka aksepten seksuelle minoriteter i nyare tid har blitt møtt med. Trass dette finn ein framleis krefter i samfunnet som ikkje deler dette synet, og som meiner at seksualitet må vere eit resultat av livstilsval.

Simon LeVay (2011) hevdar at opp til ein tredjedel av den amerikanske befolkninga ser på homoseksualitet som eit resultat av handlingsmønster, livsførsel og val. Han baserer dette talet på ei undersøking utført av *Los Angeles Times*. Han meiner dette blant anna kjem av

som tar utgangspunkt i underliggende, gitte kvaliteter som virker uavhengig av sosiale relasjonar» (Anderssen, 2005).

manglande erfaring og kjennskap til menneske med andre seksuelle preferansar enn dei sjølv har. Han argumenterer for at det samfunnet og den kulturen vi lev i (og skapar vår identitet i), er avgjerande for korleis vi forstår seksualitet. LeVay hevdar at blant dei som ikkje har erfaringar med seksuelle minoriteter, i stor grad vil konseptualisere seksualitet som eit handlingsmønster (det som er normalt innanfor gruppa dei tilhøyrar), og ikkje som kjenslerelatert seksuell tiltrekking (LeVay, 2011, s. 41–42). Han meiner at dette er noko av forklaringa til kvifor somme held fast på tanken om at ein seksualitet er noko ein kan velje. Av dei som tilhøyrer ein seksuell minoritet vil truleg dei færreste hevde at dei har valt seksualiteten sin. Som vi skal sjå i analysen min av dei *skeive historiene*, har mange av informantane reflektert kring dette temaet. Sjølv om ikkje alle informantane har ein heilt klår oppfatning av kva seksuell identitet dei har, er somme tydeleg på at dei ikkje frivillig har valt å vere for eksempel *skeiv*.

2.8 Tidlegare forskning

Eg har ikkje lukkast i å finne forskning som tar for seg metaforbruk knytt til seksualitet og sjølvoppfatning i autentiske tekstar. Eg har funne forskning på språkbruk blant homofile, for eksempel korleis metaforbruk påverkar korleis homofile oppfattar andre medlem av homomiljøet (Fox, 2007). Eg har derimot ikkje funne forskning som tar for seg for eksempel refleksjonar kring eigen seksualitet og identitet. For mitt prosjekt vil det vere interessant å sjå nærare på metaforforskning knytt til ulike aspekt ved sinnet, kjenslene, sjukdom (psykisk og somatisk), kjønn, gruppeidentitetar og liknande. Eg vil her presentere eit utval av den sentrale forskinga, og relatere dei ulike tilnærmingane til mitt prosjekt.

Ragan Cooper Fox (2007) har tatt for seg skilnaden mellom språkbruk (og metaforbruk) mellom eldre og yngre medlem av homomiljøet. Han fann at metaforane dei brukte om kvarandre kunne skape eit bilete av eldre menn som lite attraktive og lumske, med seksuelle interesser for yngre gutar. Denne studien er interessant, då den peiker på interessante aspekt ved korleis medlem av denne gruppa stigmatiserer kvarandre basert på alder. Fox fann at metaforbruken, trass i å vere tydeleg biletleg, skapte negative følgjeslutningar som språkbrukerane tilsynelatande var umedviten om.

Zoltan Kövecses har i boka *Metaphor and Emotion* (2000) tatt føre seg metaforar brukt om kjensler meir generelt. Han argumenterer blant anna for at det finst ein overordna «master-metafor» for kjensler, omgrepsmetaforen KJENSLER ER FYSISK KRAFT (Kövecses, 2000, s. 61). Han argumenter for at denne omgrepsmetaforen gjer det mogleg for oss å forstå eit breitt spekter av kjenslerelaterte erfaringar, utan å ta i bruk fleire ulike domene. Denne omgrepsmetaforen er generell, men vil truleg vere utgangspunktet for mange av omgrepsmetaforane kring kjenslerelaterte erfaringar i materialet mitt.

Elena Semino (2008) analyserer metaforar og deira rolle i ulike diskursar. Ho tar utgangspunkt i autentiske tekstar frå fire ulike diskursar; litteratur, politikk, vitenskap og utdanning, og i tillegg nokre mindre casestudiar. Ein stor del av den diskursive metaforforskinga som har tatt for seg meir abstrakte fenomen som kjensler og ulike sinnstilstander, er McMullen og Conway (2002), som har undersøkt metaforbruk blant pasientar i psykoterapi. Ein liknande studie har blitt gjort av Charteris-Black (2012), som undersøkte nytteverdien til metaforane for å forstå komplekse og overveldande kjensler, knytt til behandling av depresjon i kognitiv terapi. Han fann blant anna at ulike variantar av behaldarmetaforen hadde stor nytteverdi for at pasientane, ved at dei lettare kunne kategorisere kjenslene i ulike behaldarar, og dermed forstå og forklare depresjonen meir effektivt (Charteris-Black, 2012, s. 207–208).

Helga Mannsåker (2010) har undersøkt metaforar (og metonymiar) i tekstar skriven av fagfolk innanfor fagfeltet psykiatri. Sjølv om ho undersøker metaforar knytt til språkbruk om sinnslidingar, er det nærliggande å anta at måten ein skildrar mange av måldomena, då spesielt knytt til sinnet og kjenslene, vil vere samanfallande med korleis ein snakkar om andre aspekt ved sinnet, for eksempel seksualitet. Ho fann blant anna funne omgrepsmetaforane SINNET ER KROPPEN (SOM BEHALDAR), SINNET ER EIN ENTITET MED ROMLEG PLASSERING, ORIENTERING OG FORFLYTTINGSEVNE, SINNET ER FLEIRE DISITINKTE INDIVID, og AFFEKTIV LIDING ER FYSISK KRAFT.

Thibodeau og Boroditsky (2011) har gjennom fem eksperiment undersøkt korleis metaforbruk påverkar måten vi resonnerer og tenker kring komplekse problemstillingar på. Sjølv om denne forkinga tar for seg temaet kriminalitet som samfunnsproblem, kan ein dra nokre parallellar til korleis metaforar kan påverke oppfatninga vi har av seksualitet. Gjennom dei fem eksperimenta fann dei at sjølv lite merkbar metaforbruk, for eksempel metaforar beståande av

berre eitt ord, er med på å påverke korleis vi forstår og resonnerer kring ulike problemstillingar (2011, s. 9). Dei fleste deltakarane i eksperimenta ikkje meinte metaforane var avgjerande for korleis dei plasserte seg i ulike problemstillingar, trass eksperimenta synte ein samanheng her. Forskarane peiker på at mange ga uttrykk for at metaforane ikkje påverka avgjersla deira i viktige samfunnsspørsmål, men Thibodeau og Boroditsky argumenterer for at metaforane, uansett kor lite synlege og små dei er, skapar grunnleggjande og avgjerande forståingsstrukturar for korleis vi oppfattar ulike problemstillingar. Dette er med på å underbygge teorien innanfor KMT at metaforar ikkje er sett på som anna enn stilitiske verkemiddel.

Ein sentral del av oppgåva er å undersøke i kva grad kategorisering spelar inn på korleis informantane oppfattar seg sjølv og seksualiteten sin. Fasoli med fleire (2018) har funne at grupper med låg sosial status har ein høgare grad av sjølv-kategorisering enn grupper med høg status. Dei har funne at seksuell orientering er ein meir avgjerande faktor enn kjønn når det kjem til grad av sjølv-kategorisering. Dei viser til fleire årsaker, der den avgjerande er heteroseksualiteten sin stilling som standardseksualitet, og at samfunnets heteronormative syn på seksualitet bidreg til at homoseksualitet (og andre seksuelle minoriteter) blir forbunden med låg status (Fasoli med fleire, 2018, s. 136).

I dette kapittelet har eg sett på metaforbruk om kjensler og ulike sinnstilstandar, noko generelt (Kövecses, 2000), noko spesifikt retta mot metaforbruk i terapi (McMullen og Conway, 2002), (Charteris-Black, 2012), og ein studie av metaforbruk i knytt til sinnslidingar skriven av fagfolk innanfor psykiatri (Mannsaker, 2010). Desse studiane kan ikkje direkte samanliknast med min tilnærming, men kan fungere som eit samanlikningsgrunnlag når det kjem til metaforbruk kring abstrakte kjensler og tilstandar. Eg har i tillegg sett på ein studie knytt til metaforar og haldningar (Thibodeau og Boroditsky, 2011), og i tillegg ein studie som undersøkte samanhengen mellom seksualitet og sosial kategorisering (Fasoli med fleire, 2018). Trass i at denne forskinga er noko sprikande både i tilnærming og fokusområde, har dei alle element som er relevante for mitt prosjekt.

3 Metode

I dette kapitlet gjer eg greie for val av tekstar, framgangsmåten for analysen og korleis eg har gått fram når eg har tolka funna mine. Som omtalt, består materialet mitt av ti tekstar skrivne av anonyme informantar, der dei fortel om si *skeive historie* (sjå kapittel 1.2). Eg vil starte med å grunngje val av tekstar, deretter korleis eg valde ut tekstane eg har lagt til grunn for analysen. Vidare gjer eg greie for framgangsmåten og analyseverktøyet *Metaphor Identification Procedure*.

3.1 Grunngjeving for val av tekstar

Eg ønskte å undersøke kva for omgrepsmetaforar og metaforiske uttrykk *skeive* bruker når dei skal beskrive sin eigen seksualitet og identitet, og om desse skapar ein positiv eller negativ forståing av seksualiteten sin og dei sjølv. Det har vore viktig for meg at materialet eg skulle bruke var så autentisk som mogleg; det vil seie mest mogleg samsvar mellom måten informantane ordlegg seg på, og korleis dei intuitivt tenkjer om tematikken. Ved at informantane deler si personlege historie, utan andre føringar enn tittlen «mi *skeive historie*», vil dette i utgangspunktet kunne gi eit unikt innblikk i deira egne tankar og refleksjonar kring seg sjølv og eigen seksualitet. Informantane har hatt fritt spelerom til å sjølv velje kva dei vil formidle og korleis dei vil ordleggje seg. Dette kan vere ein fordel då den frie forma legg betre til rette for autentisk språkbruk.

Ei av utfordringane med dette har vore den store innhaldsmessige skilnaden mellom tekstane. Når eg har valt å sjå på metaforbruk kring seksualitet og identitet, har eg vore avhengig av at dette har vore ein del av historiene. Dette har ikkje vore mogleg å styre på førehand, då eg har valt eit materiale som har blitt til utan andre føringar enn at historiene skulle seie noko om korleis det er å vere *skeiv* i deira samtid. Dette førte til at den innhaldsmessige variasjonen var stor, og sette difor strengare krav til utveljingsprosessen. Dei innhaldsmessige skilnadane var likevel ein fordel, då målet var å undersøke mest mogleg autentisk språkbruk. Det er nærliggande å tru at eit slikt materiale vil innehalde eit friare språk enn ved eventuelle intervju. I eit intervju kan distansen mellom intervjuar og intervjuobjekt verke stor, og personlege og ømfintlege tema kan bli vanskelege å snakke om. Anonymiteten i desse historiene kan difor vere avgjerande for å få fram informantanes tankar og haldningar. Dette er derimot ikkje målbart.

For dei fleste menneske vil det å snakke om seg sjølv og sin eigen seksualitet opplevast utleverande og vanskeleg. Det kan vere utfordrande å uttrykkje seg om personlege tematikkar, då ein skal prøve å konkretisere noko høgst abstrakt, som for eksempel seksualitet. Det er i desse tilfella metaforane kjem oss til unnsetning. Som vi har sett, er metaforbruk ofte umedviten, og det er ikkje eit unntak her. Om ein for eksempel seier «NN har hatt eit tungt liv, men kvardagen er mykje lettare no», blir omgrepsmetaforen PROBLEM SOM BØRER brukt, men utan at subjektet er medviten om denne koplinga. Dette er fordi denne måten å konseptualisere bærer og utfordringar er grunnleggjande i språket vårt (Ontologiske metaforar, kapittel 2.3.3).

3.2 Utveljing av tekstar

Før eg gjekk i gang med tekstutvalet, måtte eg lage nokre konkrete retningslinjer for korleis eg skulle utføre tekstutvalet. *Skeivt arkiv* hadde per 12.01.18 fått inn kring hundre forskjellige bidrag frå informantar, noko som var eit for stort materiale for analysen min. I tillegg viste ein rask gjennomgang at det var til dels store innholdsmessige skilnadar mellom tekstane, og det var difor naudsynt å formulere nokre kriterium for utveljingsprosessen.

I mitt prosjekt valde eg ut tekstar basert på nokre karakteristikkar eller eigenskapar ved informantane. Eg ønskte å undersøke historier frå informantar med følgjande kriterium; historier frå informantar som ikkje hadde ei flytande kjønnsidentitet, og som hovudsakleg identifiserte seg med sitt biologiske kjønn, historier skriven av informantar mellom 16 og 40 år, historier som tematiserer informantens seksuelle identitet, kjensler kring seksualitet og refleksjonar kring relaterte tematikkar. Eg valde å ikkje inkludere historier frå informantar med for eksempel flytande kjønnsidentitet, då denne faktoren hadde vore for omfattande å ta omsyn til. Avgrensingane var likevel av ein generell art, nettopp for å få eit dekkjande materiale å arbeide med. I finutveljinga av materialet brukte eg dei historiene som skilde seg tydeleg ut ved bruk av mine kriterium.

3.3 Framgangsmåte

I dette underkapittelet vil eg gjere greie for korleis eg gjekk fram når eg sorterte og valde ut tekstane eg undersøkte. Vidare vil eg gjere greie for metoden eg brukte for å finne metaforane, korleis eg valde ut dei aktuelle metaforane, og til sist korleis eg gjekk fram når eg analyserte og tolka dei metaforiske uttrykka.

3.3.1 Forarbeid

Arbeidet starta med å lese igjennom og sortere alle Skeive historier som var tilgjengelege per 12.01.18, på *Skeivt arkiv* sitt digitale arkiv (Skeivt arkiv, 2019, *Skeive historier*). I den første sorteringa valde eg ut dei historiene som oppfylte kriteria eg hadde utarbeidd for prosjektet. Materialet var no avgrensa til kring førti historier. På dette tidspunktet var eg usikker på kor mange tekster det var hensiktsmessig å analysere, då eg ikkje var sikker på kva eg ville finne i dei respektive tekstane. Etter samtale med rettleiar kom vi i fellesskap fram til at ti tekstar var passande mengde. Etter fleire gjennomgangar og skjønnsbaserte vurderingar av kva tekstar som passa best til kriteria, sat eg igjen med ti tekstar.

3.3.2 Teknisk arbeid med historiene

Etter å ha valt ut dei aktuelle tekstane, kopierte eg heile tekstane inn i kvar sitt Word-dokument. Vidare oppretta eg eit tilleggskopi til kvar av tekstane der eg erstatta alle mellomrom med linjeskift, for å vidare kopiere dei inn i kvar sitt Excel-dokument. I Excel fekk kvart ord si eiga linje, og eg laga tabellar med seks kollonnar til kvar tekst. Kvart ord blei nummerert, og eg enda totalt opp med 7841 ord til saman i alle tekstane. Eg gjekk vidare gjennom kvart ord, og markerte alle ord som hadde ei meir grunnleggjande tyding enn den kontekstuelle med eit kryss. Eg valde å bruke Excel då dette programmet eignar seg til språkanalyse på ordnivå. Her kan ein sortere og systematisere materialet på ein oversikteleg måte, og var difor godt eigna til arbeidet med tekstane. I tillegg var det enkelt å bruke då eg skulle markere dei metaforiske uttrykka. Før eg går vidare inn på korleis eg valde ut metaforane, vil eg presentere metoden eg brukte for å finne metaforane i teksten.

3.3.3 Metaphor Identification Procedure

Metaphor Identification Procedure (heretter MIP) er ein metode for analysering av metaforar utvikla av ei forskargruppe kalla Pragglejaz-gruppa.³ MIP var eit resultat av eit forsøk på å finne ein “explicit, reliable, and flexible method for identifying metaphorically used words in spoken and written language” (Pragglejaz Group, 2007, s. 2). Målet til forskargruppa var å utvikle ein metode som skulle vere enkel å forstå og bruke på alle typar tekst, uavhengig av

³ Pragglejaz er eit ankronym sett saman av forbokstavane i namnet til alle medlemma av gruppa: Peter Crisp, Raymond Gibbs, Alice Deignan, Graham Low, Gerard Steen, Lynne Carmeron, Elena Semino, Joe Grady, Alan Cienki og Zoltán Kövecses

akademisk eller ikkje-akademisk sjanger. Eg vil vidare presentere metoden. Mi omsetting av metoden er inspirert av Nesse (2017, s. 51).

1. Les gjennom heile teksten for å få ei generell forståing av kva teksten handlar om.
2. Finn dei leksikalske einingane i teksten (einskildord og ord som høyrer naturleg saman).
3. For kvar eining, finn:
 - a. Kontekstuell tyding (kva tyder ordet eller uttrykket i teksten)
 - b. Eventuell grunntyding som er:
 - i. Meir konkret (det ordet eller uttrykket framkallar, er lettare å førestille seg, sjå, høyre, føle, lukte eller smake)
 - ii. Relatert til kroppslege handlingar
 - iii. Meir presis (mindre vag)
 - iv. Historisk (har hatt ei anna tyding tidlegare)
4. Dersom ordet eller uttrykket har ei meir grunnleggjande tyding, avgjer om den kontekstuelle tydinga står i kontrast til den grunnleggjande, men kan forståast i samanlikning med den. Om dette er tilfelle, marker som metaforisk. (pragglejaz Group, 2007, s. 3)

Som metoden gjer greie for, skal ein analysere dei leksikalske einingane kvar for seg, og samanlikne den grunnleggjande og den kontekstuelle tydinga til eininga. I tabell 1 viser eg eit eksempel på korleis eg gjennomførte metoden for ordet *fengsel*. Kolonnen eg har kalla «tal», viser til kva ordnummer det aktuelle ordet har i historiene. Resten av kolonnane tar for seg dei ulike delane av MIP-metoden. Når eg viser til eksempla i analysen vil eg derimot ikkje vise til ordnummer, men linjenummeret ein kan finne dei spesifikke metaforiske uttrykka. Dette gjorde eg for at eksempla skulle vere lett for lesaren å finne igjen. Tekstane med dei nummererte linjene kan ein finne i vedlegg 1.

Tabell 1: Metaforvurdering av det metaforiske uttrykket «fengsel»

«Historien er blitt kalt 19 år i "fengsel" fordi det er slik jeg har følt at mesteparten av livet mitt har vært.»

Tal	Ord/ teikn	Grunnleggjande tyding	Kontekstuell tyding	Grunnleggjande vs. kontekstuell tyding	Metaforisk ja/nei
20	Fengsel	Å vere innsett eller på innsida av eit fengsel etter ein rettsleg dom.	Å oppleve kvardagen som styrt av ytre rammer som ein ikkje sjølv kan kontrollere.	Den kontekstuelle tydinga skil seg frå den grunnleggjande ved at den grunnleggjande tydinga viser til eit fysisk fengsel/ ein stad der ein er innelåst grunna lovstridig oppførsel, medan den kontekstuelle tydinga viser til eit meir abstrakt og psykisk tilstand, ei imaginær avgrensing.	JA

				Omgrepsmetafor: TILSTAND SOM BEHALDAR.	
--	--	--	--	--	--

Denne metoden brukte eg først og fremst til å avgjere om orda i tekstane var metaforiske eller ikkje. Metoden vil derimot ikkje fange opp metaforiske uttrykk, då desse ofte først blir metaforiske i kontekst (Pragglejaz Group, 2007, s. 2). Metoden kan dermed ikkje bli brukt åleine, men fungerer som eit godt utgangspunkt for identifiseringa av metaforiske uttrykk.

3.3.4 Vurdering og utveljing

Etter eg hadde gått igjennom og markert dei metaforiske orda, begynte sjølve arbeidet med å velje ut uttrykka som var aktuelle for analysen. Det totale talet på metaforar i tekstane var mykje høgare enn dei eg til slutt enda opp med, då måldomenet avgjorde fokusområdet. Å ha klare rammer i ein slik prosess er avgjerande, det er difor viktig å ha ein enkel og konkret utveljingsmetode. Det vil gjere det lettare å vurdere kva ord ein kan inkludere i utvalet, og kvifor andre ikkje passar til formålet. Eg vil vidare vise eit eksempel på eit metaforisk uttrykk som ikkje kom med i analysen min, henta frå tekst nr.1, linje 18: «Den lille selvtilliten man skal *bygge opp* ...» (mine egne kursiveringar). Her blir sjølvtilitt gitt eigenskapar som om det skulle vore eit byggjesett ein må sette saman for at det skal bli heilt. Dette kjem til uttrykk gjennom omgrepsmetaforen ABSTRAKTE KOMPLEKSE SYSTEM SOM BYGGVERK (Kövecses, 2010, s. 158). Sjølv om dette er tydeleg metaforisk, fell måldomenet utanfor dei måldomena eg ønsker å sjå på.

Etter den første utveljinga samla eg alle dei metaforiske uttrykka i eit eige dokument, for å vidare plassere dei i semantiske grupper. Eg sorterte dei først etter måldomene, og deretter starta arbeidet med å definere omgrepsmetaforar for dei ulike uttrykka. Dette gjorde eg ved at eg isolerte setninga med dei aktuelle uttrykka, og laga tilordningar mellom kjelde- og måldomene. For å illustrere dette kan ein sjå på eksempel 3. frå kapittel 4.2: «Så er det jo slik at man har visse personligheter man foretrekker, og jeg blir oftere *tiltrukket* menn enn kvinner.» (nr. 8, linje 381) (min eigen kursivering). For å sette opp tilordningar må ein av og til forenkle setninga, men samstundes passe på at meiningsinnhaldet blir det same. Eg endra setninga til: «Jeg blir *tiltrukket* av personer på grunn av personligheten deres». I tabell 2 presenterer eg eit eksempel for korleis tilordningane kunne sjå ut.

Tabell 2: Tilordningar for eksempelsetning

Jeg	→	Person A (som kan flyttast)
Blir	→	(får ei)
Tiltrukket av	→	rørsle mot
Personer	→	Person B (som kan trekkje noko til seg)
På grunn av	→	fordi person B har
Foretrekt personlighet	→	Riktig instrument til å trekkje (person A) til seg

Ved å formulere desse tilordningane blei det i mange tilfelle enklare å sjå klårare strukturar. Etter å ha formulert tilordningane blei det tydeligare kva delar av kjelddomenet som blei overført til måldomenet. Dette gjorde det i tillegg enklare å formulere omgrepsmetaforar for metaforane.

Når ein arbeider med metaforiske uttrykk i Word eller Excel, kan det vere vanskeleg å sjå alle moglege tilordningar og grupperingar. Eg valde difor å lage eit tankekart der eg plasserte dei ulike måldomena eg hadde funne med god avstand til kvarandre, og deretter plasserte dei ulike metaforiske uttrykka på tankekartet ved dei aktuelle måldomena. Ved å lage tankekart kan ein i større grad sjå grupperingane, då ein fysisk kan sjå dei ligge på bordet. Dette gjer det i tillegg enklare når ein skal vurdere kvar enkelt metafor. Denne metoden var tidkrevjande, men viktig i prosessen.

3.3.5 Tolking av dei metaforiske uttrykka

Målet med tolkinga er å undersøke kva omgrepsmetaforar og metaforiske uttrykk som blir brukt i dei skeive historiene, og om dei bidreg til å skape ei positiv eller negativ forståing av seksualitet. I tolkinga mi vil eg difor ha eit kritisk blick på dei metaforiske uttrykka. Dette fokuset kan føre til at eg blir farga av mine eigne intuitive tolkingar og meiningar. Eg vil etter beste evne tolke metaforane med eit objektivt blick.

For å tolke dei metaforiske uttrykka ut over metaforidentifiseringsmetoden, har eg blant anna sett på tilordningane mellom kjelde- og måldomena. Desse tilordningane fortel oss kva delar av kjelddomena som blir overført til måldomenet. Dette er interessant, då det kan seie noko

om korleis uttrykket blir forstått. I tillegg til dette hadde eg eit vidare perspektiv. Med utgangspunkt i den grunnleggande og den kontekstuelle tydinga og følgjeslutningane, gjorde eg greie for korleis uttrykket, på bakgrunn av desse, kan bli oppfatta og forstått. Eg har på bakgrunn av sentral teori, ulike oppslagsverk og sjølvstendig vurdering, gjort greie for og diskutere dei ulike tolkingsmoglegheitene. Denne diskusjonen var utgangspunktet for den endelege tolkinga mi.

4 Metaforanalysen

I dette kapittelet vil eg presentere dei ulike funna eg har gjort, altså dei ulike omgrepsmetaforane og dei metaforiske uttrykka eg har identifisert frå primærkjeldematerialet på bakgrunn av fokusområdet mitt. Eg vil gjere ein analyse av desse med utgangspunkt i metafor-teorien. Det overordna målet er å undersøke kva for metaforar informantane bruker når dei snakkar om seksualitet og identitet, og kva forståing desse metaforane legg til rette for. Dette vil eg svare på ved å gjere ei tolking av dei aktuelle metaforane.

Kapittelet er delt opp i tre delar: I den første delen tar eg for meg metaforiske uttrykk som informantane bruker når dei skildrar sin eigen seksuelle identitet. I den andre delen handsamar eg omgrepsmetaforar og metaforiske uttrykk som blir brukt for å beskrive kjensler, med hovudvekt på dei kjenslene som handlar om seksuell interesse overfor andre. Til sist har eg samla dei omgrepsmetaforane og metaforiske uttrykka informantane bruker når dei skildrar sine egne opplevingar med seksualitet. Her tar eg for meg metaforiske uttrykk som blir brukt om deira erkjenningsprosess og bevisstgjerjing kring seksualitet. For dei omgrepsmetaforane der det er hensiktsmessig, har eg laga tabellar som viser tilordningane mellom kjelde- og måldomena. Dette gjer eg for å vise kva aspekt ved kjelddomena som blir overført til måldomena i dei metaforiske uttrykka. Undervegs i analysen vil eg presentere eksempel frå primærkjeldene der dei metaforiske uttrykka blir brukte. Dei metaforiske uttrykka eg analyserer, er markerte i *kursiv*. Eg har nummerert alle eksempla, men for å tydeleggjere skilnaden mellom metaforane, vil eksempla frå kvart nye underkapittel starte med eksempel (1).

Ein viktig del av analysen er å avgjere den grunnleggjande tydinga av dei orda og uttrykka eg analyserer. Til dette baserer eg meg hovudsakleg på *Nynorskordboka*, men eg bruker òg andre ordbøker som *Bokmålsordboka*, *Norrøn Ordbok*, *Norsk Etymologisk Ordbok*, med fleire. Ikkje alle orda har ein like klår etymologi, og det vil i tvilstilfelle vere naudsynt å bruke fleire verk for å resonnerer meg fram til den mest sannsynlege etymologiske tydinga. Ordboksforklaringane er viktige for å avgjere i kva grad den grunnleggjande tydinga skil seg frå den kontekstuelle. Dette er avgjerande når ein skal vurdere om det er snakk om eit metaforisk uttrykk eller ikkje (Sjå kapittel 3.3.3 for MIP-metoden).

4.1 Eigenskapar ved sjølvvet

Den første analysedelen tar for seg metaforiske uttrykka informantane bruker når dei skal beskrive seksualitet, meir spesifikt metaforiske uttrykk informantane bruker for å definere seksuell identitet. Eg vil i det følgjande presentere dei ulike omgrepsmetaforane og vise til teksteksempla der ein finn dei språklege uttrykka. Eg vil vidare gjere greie for etymologi og kjeldedomene, samt gjere ei tolking av dei metaforiske uttrykka.

4.1.1 SEKSUALITET SOM EIN ENTITET MED ROMLEG PLASSERING

Legning er truleg den mest generelle nemninga for seksuell identitet i materialet mitt, og blir brukt på eit overordna nivå. Eg fann fem tilfelle av verbalsubstantivet *legning* som seksualitetskategori i primærkjeldematerialet. Dei metaforiske uttrykka er kursiverte.

1. Dessuten er ikke min *legning* en stor del av min identitet (nr. 8, linje 384)
2. I den alderen skjønte jeg ikke hva sex eller *legning* var, (...) (nr. 1, linje 11)
3. (...) men for meg ble mine egne negative tanker rundt *legning* veldig tydelig da. (nr. 7, linje 336)
4. Så jeg snakket ikke så mye om verken kjæreste eller *legning* når jeg (...) (nr. 7, linje 344)
5. (...) om ikke på *legning*, så på hva man faktisk ønsker seg ut av livet. (nr. 7, linje 365)
6. Tidligere hadde jeg aldri tenkt over egen *legning* i særlig stor grad, (...) (nr. 8, linje 375)
7. (...) etter at det ble slutt mellom oss begynte jeg å fundere rundt *legning* og seksualitet (nr. 8, linje 374)

Ifølgje *Norsk etymologisk ordbok* tyder ordet *legning* ‘anlegg, innstilling, åndelig særpreg. Av svensk *Läggning*, beslektet med norsk *legge* (*Bokmålsordboka*)’ (de Caprona, 2013, s. 148). På bakgrunn av dette tolkar eg det etymologiske opphavet til substantivet *legning* å kome frå verbet *leggje*. Eg vil difor argumentere for at metaforen *legning* er historisk, det vil seie at den opphavelige tydinga ikkje er den mest brukte, eller mest grunnleggjande lenger (jamfør MIP, kapittel 3.3.3). Dei fleste verbalsubstantiva på *-ing* viser til ei handling, men i mange tilfelle har denne tydinga skyve seg frå den opphavelige handlinga dei viser til. Eit eksempel på dette er ordet *teikning*, som både kan vise til handlinga og resultatet (Faarlund, Lie og Vannebo, 1997, s. 99). Dette er til dels samanfallande med ord som endar på *-ning*, men mange av desse har fått andre tydingar som skil seg frå den opphavelige, som for eksempel *legning*. Sjølv om verbalsubstantiv som endar på *-ing* og *-ning* har fått ei ny tyding som ofte skil seg frå den opphavelige handlinga orda viser til, og dermed ikkje er metaforiske, kan dei likevel tolkast metaforisk (jamfør Semino, 2008, s. 13).

Nynorskordboka definerer *legning* som ‘anlegg, (til)hug, lag, innstilling’ (*Nynorskordboka*, under *legning*). *Norsk akademis ordbok* definerer vidare *anlegg* som ‘mottagelighet, disposisjon (for sykdom)’ (NAOB, 2018, under *anlegg*). Ser ein dette i samband med seksualitet, kan dette gje ei forståing av seksualitet som noko ein er mottakeleg eller disponert for. Dette kan skape konnotasjonar til sjukdom, men ein kan òg vere mottakeleg eller disponert for evner og talent (*Nynorskordboka*, under *anlegg*). Å vere mottakeleg for noko er samstundes synonymt med tilbøyelegheit, at ein kan vere open for eit eller fleire liknande synspunkt, ulike haldningar, handlingar og liknande. Når ein er tilbøyeleg eller mottakeleg for noko, seier ein implisitt at det ligg nært eller ikkje langt vekke frå eins eigen ibuande vilje. På grunnlag av dette kan ein argumentere for at *legning* gir ei forståing av seksualitet som noko ein ikkje kan velje å ha eller å ikkje ha, men noko som blir bestemt gjennom ibuande prosessar i ein sjølve. Ordet *legning* som seksuell preferanse kan òg bli forstått som det å bli lagt i ei spesiell retning, anten den eine eller andre vegen, og kan difor kategoriserast som ein orienteringsmetafor (sjå kapittel 2.3.3 for orienteringsmetafor). Den romlege plasseringa kjem til uttrykk ved at personen som har seksualitet (her objektet) ligg i ei uspesifisert retning. Ein kan forstå situasjonen slik:

X legg Y ein stad, på ein bestemt måte.

X legg X ein stad, på ein bestemt måte.

Agens (den utøvande) legg patiens (den passive) ein stad slik at patiens blir liggande. Agens i setninga er den som bestemmer kor og korleis patiens skal liggje. Patiens bestemmer ikkje fysisk over eigen kropp, og har ikkje noko med handlinga å gjere. I prinsippet kunne ein tenkje seg at patiens er den same som agens (jamfør ‘legge seg’), men ei slik tolking verkar mindre rimeleg i dette tilfellet. Eg meiner dette er mindre rimeleg då ein i primærkjeldematerialet mitt oftast snakkar om *legning* som noko tilfeldig, og ikkje gir uttrykk for at *legning* er eit medvetent eller aktivt val. Det er viktig å presisere at dette er *mi* tolking av metaforen. Verbet *ligge* er substantivert til *legning* gjennom *nominalisering*, noko som skjuler kven agens er. Vi får nominalisering når substantivfrasar har eit substantiv som viser til ei verbhandling, altså verbalsubstantiv (Kulbrandstad og Kinn, 2016, s. 416). Den manglande graden av opplevd sjølvkontroll som kjem til uttrykk gjennom teksteksempla, er interessant, og byggjer opp under forståinga av seksualitet som ibuande og naturgjeven (sjå kapittel 2.7 for seksualitet).

Lakoff og Johnson skriv at ved å sjå noko (ofte abstrakt) som ein entitet, kan ein referere, kvantifisere, peike ut bestemte aspekt, sjå han som ei årsak, handle ut frå han og kanskje få oss til å tru at vi forstår han (Lakoff og Johnson, 1980, s. 24). Ved å gi seksualitet eksistensiell, eller ontologisk status som ting, kan ein lettare forstå og resonnerer rundt denne elles abstrakte og samansette delen av sinnet. Når ein forstår seksualitet som ein entitet, kan ein bruke dei metaforiske følgjeslutningane for å resonnerer kring seksualiteten ytterlegare. Med utgangspunkt i omgrepsmetaforen SEKSUALITET SOM EIN ENTITET MED ROMLEG PLASSERING, vil ein metaforisk følgjeslutning vere at seksualiteten kan endre seg etter den romlege plasseringa. Ein kan tolke dei moglege romlege plasseringane som ulike seksuelle preferansar.

Problemet med denne omgrepsmetaforen er at den romlege plasseringa er vag; når eg tolkar *legning* som å bli lagt ein stad på ein bestemt måte. Ei mogleg, og kanskje meir nærliggande tolking, er at det er eit metonymisk forhold mellom seksualiteten og individet, og at det er individet som er plassert ein stad på ein bestemt måte (sjå kapittel 2.3.5 for metonymi). Om dette er tilfelle, vil omgrepsmetaforen PSYKISK PLASSERING SOM FYSISK PLASSERING vere meir passande for det metaforiske uttrykket *legning*.

Ein kan finne fleire eksempel på bruk av verbet *leggje* i andre metaforiske uttrykk, for eksempel i setninga «Ho hadde lagt skilsmissen bak seg». Uttrykket *å leggje bak seg* viser til det å forlate, dra bort frå, tilbakeleggje (NAOB, 2018, under *legge*). Eg tolkar uttrykket som «det å leggje eit fysisk objekt bak sin eigen kropp, slik at ryggen er vendt mot objektet og merksemda (andletet) er retta motsett veg, altså framover». Kontekstuellt viser uttrykket til å ikkje lenger tenkje på/ la seg affisere av ei hending, her skilsmisse. Skilsmisse, som på eit overordna nivå er bryting av ei avtale mellom to partar, er ikkje eit fysisk objekt ein kan plassere bak seg. I dette tilfelle vil difor tilordningane vere sentrale for forståinga.

Tilordningane mellom dei to domena som metaforen opnar for gjer det mogleg for oss å forstå korleis dei heng saman. Det å leggje noko bak seg (i overført tyding) og eins seksuelle *legning*, kan begge vere eksempel på omgrepsmetaforen PSYKISK PLASSERING SOM FYSISK PLASSERING. Abstrakte tilstandar knytt til sinnet som er konkretisert og behandla som fysiske objekt. Det er viktig å påpeike at desse to eksempla ikkje er ekvivalente med kvarandre, men at dei kan forståast gjennom den same metaforen.

4.1.2 SEKSUALITET SOM ORIENTERING

Orientering er ei nemning brukt for å beskrive seksualitet, og blir ofte brukt i staden for eller som variasjon til *legning*. I materialet mitt har eg berre funne eitt tilfelle av metaforen SEKSUALITET SOM ORIENTERING. Det metaforiske uttrykket er kursivert.

1. Jeg har blitt spurt av terapeuter om jeg har blitt misbrukt, fordi det er den eneste måten de kan få det til å stemme at jeg har en slik *orientering*. (nr. 3, linje 136)

Orienterere kjem av det franske ordet *orienter*, som tyder å byggje noko (eit byggverk, oftast kyrkjer) med fasade, og kor mot aust (NAOB, 2018, under *orientere*). *Orientering* er verbalsubstantivet av verbet *orientere*, og viser til ei vending av noko eller nokon. Ifølgje *Den norske kyrkja* sine nettstader har det å byggje kyrkjer med alteret mot aust (mot soloppgangen) vore ein lang tradisjon. Sola og morgonlyset er bilete på den oppstadne Kristus (Den norske kirke, 2018, kirkearkitektur). I kristen tru skal ein vende seg mot Gud, og det er difor naturleg at kyrkjelyden rettar merksemda mot presten og alteret i ei gudsteneste. *Nynorskordboka* definerer òg *orientere* som ‘2 **orientere seg** finne ut kvar ein er’, og ‘3 setje inn i, opplyse, rettleie’ (*Nynorskordboka*, under *orientere*). Det vi ser på med auga våre, har merksemda vår, og det vi ser, er oftast framfor oss. Den retninga vi er orientert i, vil dermed ofte vere den vegen vi ser. Det er meir nærliggjande å tolke ordet *orientering* som merksemd mot noko enn ei fysisk plassering, då det her er snakk om ein menneskeleg aktivitet (sjå kapittel 2.3.4 for personifikasjon). Den grunnleggjande tydinga av *orientere* er ikkje den mest brukte tydinga i dag, noko som tyder på at metaforen *orientering* er historisk (sjå MIP, kapittel 3.3.3).

Verbet *orientere* er ofte brukt metaforisk i ulike samanhengar. Eit eksempel på dette er under *formål med norskfaget* i læreplanen: «I norskfaget møter elevane eit breitt spekter av tekstar. Faget byggjer på eit tekstomgrep som inkluderer munnlege, skriftlege og samansette tekstar, der skrift, lyd og bilete spelar saman. Elevane skal lære å orientere seg i mangfaldet av tekstar, og faget skal gje rom for både oppleving og refleksjon.» (Utdanningsdirektoratet (heretter Udir.), 2013, s. 1). Her blir verbet *orientere* forstått som ei samlenemning på det å finne fram og sette ulike tekstar i ein fagleg og sosial kontekst. Som ein kan sjå blir *Orientering* forstått på fleire ulike måtar, men merksemdsaspectet er felles; det ein *orienterer* seg mot, er i sentrum av merksemda. Dette er ein ontologisk metafor, og viser i seg sjølv ikkje

til tydelege roller (sjå ontologiske metaforar, kapittel 2.3.3). I kapittel 4.1.1 om *legning* var forholdet mellom agens og patiens utydeleg, noko som går igjen i *orientering*.

I eksempel (1) blir seksualitet framstilt som å ha ei fysisk *orientering*. Seksualitet blir konseptualisert som eit fysisk avgrensa område (for eksempel eit rom). I eit rom eller på eit avgrensa område kan ein gå anten til den eine eller andre sida, vere vendt i ei spesiell retning, eller gå fram og tilbake utan å ha ei fast eller bestemt vending eller *orientering* i rommet. Ein kan dra slutninga at den vegen subjektet er vendt, bestemmer hans eller hennar seksuelle preferanse. Ein kan forstå *orientering* på to måtar:

X orienterer Y mot Z

X orienterer X mot Z

Ein kan *orientere* andre mot noko, og ein kan *orientere* seg sjølv mot noko. Spørsmålet om kven som bestemmer *orienteringa*, er derimot vanskeleg å svare på, og ein må her sjå ordet i kontekst. I eksempel (1), «Jeg har blitt spurt av terapeuter om jeg har blitt misbrukt, fordi det er den eneste måten de kan få det til å stemme at jeg har en slik *orientering*», fungerer *misbrukeren* som den ytre faktoren som påfører subjektet noko (ei kraft) som påverkar *orienteringa* til informant. ⁴ Den opphavelige tydinga viser til romleg plassering av eit konkret objekt, noko som skil seg tydeleg frå den kontekstuelle tydinga, som viser til seksuelle preferansar. I eksempelet kan ein i tillegg sjå informant hevde at terapeutane vil skulde seksualiteten på noko. Terapeutane meiner at noko utanfor subjektet sjølv har bestemt eller påverka den seksuelle preferansen.

⁴ Eg gjer merksam på at eksempel (1) om *orientering* handlar om ein splitta seksualitet, og at terapeutane som blir refererte til, ikkje har uttalt at misbruk av born og unge er utslagsgjevande for kva seksualitet ein har, men at det kan gjere seksualitet vanskeleg seinare i livet.

4.1.3 NORMER SOM DET BEINE

Skeiv er ein vid seksuell kategori som kan romme alle personar som ikkje lever opp til samfunnets normer for «normal» heteroseksualitet (Kristiansen og Pedersen, 2003). Dei metaforiske uttrykka er kursiverte.

1. Jeg liker allikevel ikke å definere meg selv om *skeiv*. (nr. 8, linje 382)
2. Jeg skulle ønske *skeivhet* var på lik linje som heterofili (...) (nr. 8, linje 395)
3. Også jeg fikk noen typiske kommentarer fra venner om at de ikke trodde på meg, fordi jeg ikke virket *skeiv*. (nr. 8, linje 392)
4. Personlig har jeg opplevd det å være *skeiv* som en stor usikkerhet, (...) (nr. 8, linje 393)
5. Jeg har holdt et øye med studier hvor det har blitt gjort undersøkelser på tvillingpar, hvor ofte den ene eller begge av tvillingene er *skeive*. (nr. 9, linje 417)
6. Det skulle gå så langt tid før jeg endelig klarte å innrømme hva jeg følte, hvem jeg var og å stolt si at jeg er *skeiv*. (nr. 1, linje 7)
7. Fram til jeg var 22 fornektet jeg at jeg var *skeiv*, (...) (nr. 1, 22)
8. Nå klarer jeg endelig å si at jeg er stolt av å være *skeiv*! (nr. 1, linje 33)
9. Jeg fant ut at jeg var *skeiv* den sommeren jeg skulle begynne i 10. (nr. 2, linje 39)
10. Det ble omtrent slik at når jeg presenterte meg for nye folk sa jeg at jeg var *skeiv* før jeg sa hva jeg het. (nr. 2, 47)
11. Hvis noen spør om å få vite mer kaller jeg meg for *skeiv*, men homo er jo godt nok for de fleste. (nr. 4, linje 169)
12. Jeg er *skeiv*, lesbe, lesbisk, kall det hva du vil, (...) (nr. 5, linje 197) (Mine egne kursiveringar)

Skeiv blir av *Nynorskordboka* definert som '(norrønt *skeifr*) 1 som vik frå den rette linja; skakk, skrå, ikkje rett, 2. bakvend, 3 slang: ikkje heterofil; homofil, bifil' (*Nynorskordboka*, under *skeiv*). Eg tolkar den opphavelege tydinga til *skeiv* som å kome frå '1 skakk, skrå, ikkje rett', og som å stå i motsetnad til noko som er beint/ rett. Ordboka nemner at *skeiv* er eit slangord for 'ikkje heterofil', noko som viser at det her er snakk om ein konvensjonell metafor. Ordboka presenterer ikkje nokon vidare etymologi, og i vidare undersøkingar fann eg at etymologien ofte er basert på gissingar. *Norsk etymologisk ordbok* skriv under *skeiv*: 'beslektet med tysk *scheif*. Den vidare analysen er usikker, kanskje til en rot med betydning «dele, skjære, skille» (Ernby)' (Caprona, 2013, s. 1582). Andre kjelder som Kristiansen og Pedersen (2003) og Lhbtqi-ordlista til Bufdir (2015) koplar *skeiv* til den engelske nemninga *queer*. Eg vil difor vidare sjå *skeiv* opp mot ulike engelske slangformer for seksualitet.

Engelsk har (i større grad enn norsk) fleire ulike nemningar for å beskrive personar med ein annan seksuell identitet enn heterofili, og desse orda har ofte korte slangformer. Nemningane *gay* og *queer* er eksempel på dette, og er truleg dei mest frekvente på engelsk, men ein finn og nemninga *bent*, som direkte omsett tyder *bøygd/skeiv*. Eg finn det mest nærliggande å kople etymologien til ordet *skeiv* mot *bent*, men vil i analysen leggje mest vekt på *queer*, som er den vanlegaste omsettinga. *Oxford Dictionary* skriv at adjektivet *bent* hovudsakleg er britisk slang

(spesielt om menn) for *gay* (homofil mann), men ordboka viser òg til ei rekkje andre tydingar, alle med negative konnotasjonar, som for eksempel ‘dishonest’ og ‘corrupt’ (Oxford University Press, under bent). Til samanlikning bruker ein på norsk ordet *streit* om heterofile, jamfør *straight* på engelsk, som omsett til norsk tyder ‘beint/rett’. *Streit/straight* viser til fleire karakteristika enn berre bein/rett, men tydingane har ei positiv forståing. Reint semantisk viser både det norske og engelske ordet til det same, men uttrykka blir brukte ulikt. På norsk kan det sjå ut som ein aktivt har gått inn for å bruke *skeiv* for å inkludere flest mogleg, medan dei på engelsk har valt å bruke *gay* og *queer* som generelle termar, blant anna gjennom reappropriering (sjå kapittel 2.6). Eg har ikkje funne dokumentasjon på korleis bruken av ordet *bent* har arta seg, jamfør det ein veit om *queer*, men det er nærliggande å anta at *bent* ikkje kan samanliknast med korleis bruken av *skeiv* har utvikla seg på norsk.

Når eg tolkar etymologien til *skeiv* som lån frå engelsk, er dette på bakgrunn av det vi veit om språk- og samfunnsendringar. Språket og ordforrådet vårt er i konstant utvikling, og kvart nye fenomen treng eit nytt namn. For å lette denne prosessen hentar språk ofte ord frå andre språk. Dette fenomenet heiter ordlån. Kulbrandstad og Kinn (2016) skriv at ordforrådet avspeglar tolkinga vår av verda og kulturen vi lever i. Slike endringsprosessar kjem til uttrykk på fleire måtar, og språkending er ein av desse. Det finst fleire ulike typar språkending, og ei av dei mest vanlege er lånord: dette er ord (i moderne norsk oftast frå engelsk) som er tilpassa uttalereglar, skrivemåtar og bøyning (Kulbrandstad og Kinn, 2016, s. 116). *Streit* er truleg lånord direkte frå det engelske ordet *straight*, medan *skeiv* truleg er eit omsetningslån frå det engelske ordet *queer* (Kristiansen og Pedersen, 2003, s. 2). Felles er at dei er tilpassa dei norske språkreglane og er produktive i språket.

Ein kan tolke *skeiv* gjennom omgrepsmetaforen NORMER SOM DET BEINE. Som eg har gjort greie for, kan ein bruke nemninga *streit* om heterofil (jamfør det engelske «straight»), og det er den seksualiteten som blir sett på som den normale, den i tråd med samfunnsnorma. I eksempel (4), «Personlig har jeg opplevd det å være *skeiv* som en stor usikkerhet», skildrar subjektet seg sjølv som *skeiv*. Dette kan tyde på ei normativ forståing av seksualitet, noko ein kan dele inn i ‘normal’ og ‘unormal’. Ein *skeiv*/ ikkje-heterofil person blir her forstått som eit objekt som er bøygd og ikkje er som det skal vere. Objekt som er bøygde er i regelen ikkje berre annleis, dei er sett på som ubrukelege og øydelagde; noko som har behov for reparasjon, å bøyast tilbake.

Andrew Goatly presenterer eit kart over metaforar i det engelske språket i *The Language of Metaphors* (2011). Under metaforen ABSTRACT QUALITY IS PHYSICAL presenterer han metaforen SANE/NORMAL/CONVENTIONAL IS STRAIGHT (2011, s. 49). Direkte omsett til norsk blir denne metaforen FORSTANDIG/ NORMAL/ KONVENSJONELL SOM RETT, noko eg har omsett til NORMER SOM DET BEINE. Når samfunnet forstår ein type heterofili som den normale og rette forma for seksualitet, er dette samfunnsnorma, og blir den rettleiande regelen (sjå kapittel 2.7 for seksualitet). Andre seksualitetsformer enn heterofili blir på bakgrunn av norma sett på som avvikande og noko som skil seg frå det normale. Ved å forstå seksualitet gjennom omgrepsmetaforen NORMER SOM DET BEINE, kan ein forstå at den forventade seksualiteten, heteroseksualitet, er bein. Homoseksualitet, som ikkje er den forventade seksualiteten, får nemninga *skeiv*, fordi han ikkje er bein, og vik frå norma.

Kven som kan og ikkje kan inkluderas i *skeiv*, er ein pågåande diskusjon, og kan på mange måtar samanliknast med den same diskusjonen kring den engelske nemninga *queer*, som blant andre Eve K. Sedgwick har tatt for seg i boka *Tendencies* (1993, s. 8). *Skeiv* er eit i utgangspunktet negativt ladd ord, då det står som motsetnad til beint. Å bruke denne nemninga for å skildre seksualitet kan dimed vere med på å byggje opp under den heteronormative seksualitetsforståinga av at kjærleik berre er normalt mellom mann og kvinne. Når eg seier at *skeiv* i utgangspunktet er negativt, ligg det underforstått at det ikkje treng å oppfattast slik. Korleis ein oppfattar ord og uttrykk, avheng av fleire faktorar som kva samfunn og kultur ein er del av, sosiale forhold, personlege erfaringar og liknande. Ein av desse avgjerande faktorane er *reappropriasjon*.

4.1.4 Reappropriasjon

Reappropriasjon er ein prosess der ei minoritetsgruppe «tek tilbake» eitt eller fleire støytande kallenamn/nemningar brukt nedsettande om dei. Dei som bruker desse kallenamna om minoritetsgrupper, er medlemmer av ei større gruppe med høgare status. Dei bruker kallenamna som eit middel for å understreke makt (Galinsky med fleire, 2013). Det mest kjende tilfellet av *reappropriasjon* er av nemninga *nigga*, brukt om den afroamerikanske befolkninga i USA, og har i tillegg status som den mest støytande og rasistiske nemninga i språket (O’Dea og Saucier, 2017, s. 814).

Galinsky med fleire (2013) gjennomførte ti eksperiment der dei undersøkte fenomenet *reappropriasjon*. Dei utvikla ein teoretisk modell for å undersøke årsaker til og følgjer av

sjølvmerking, altså det å bruke stigmatiserande kallenamn om seg sjølv. Forskarane var spesielt opptekne av å sjå på maktforholdet mellom minoritets- og majoritetsgruppa, då makt og maktforhold står sentralt i sosiale situasjonar. Dei meiner at makt og sjølvmerking heng tett saman, og at ein vil vere mest komfortabel med å bruke stigmatiserande kallenamn om si eiga gruppe når ein føler at gruppa har nok makt (2013, s. 2021–2022). Hypotesen var at graden av sjølvmerking ville seie noko om forholdet mellom individ- og gruppemakt. Dei gjorde fleire interessante funn, både på gruppe- og individplan. Eg vil her trekkje fram to av dei ti eksperimenta og presentere hovudfunna i undersøkinga. Eg vil vidare gjere ei samanlikning med mine egne funn og diskutere i kva grad desse kan samanliknast.

I eksperiment 2 ville forskarane teste om gruppebasert makt hadde større effekt på bruken av sjølvstigmatiserande gruppekallenamn enn individuell makt. I tilfella der dei undersøkte gruppemakt, var deltakarane meir tilbøyelege til å bruke og oppfatte stigmatiserande kallenamn om seg sjøve på ein positiv måte, då dei opplevde at fellesskapet hadde makt. I undersøkinga av individuell makt fann dei at deltakarane var generelt mindre villige til å akseptere og bruke stigmatiserande kallenamn om seg sjøve. Dei fann her at sjølvnemning i stor grad er styrt av gruppe- og ikkje individmakt, altså at fellesskapet spelte ei sentral rolle for i kva grad deltakarane opplevde kallenamna stigmatiserande.

I eksperiment 9 undersøkte dei effekten av opplevd stigma til uttrykka *queer*, *LGBT* og *straight* når ein brukte nemningane om seg sjølv, kontra når dei blir brukt av utanforståande. Forholdet mellom opplevd stigma i uttrykka «I'm *LGBT/straight*» og «you're *LGBT/straight*» var ikkje nemneverdig. Skilnaden var derimot vesentleg større i uttrykka «I'm *queer*» og «you're *queer*» (2013, s. 2022–2023 og s. 2026–2027). Sjølvnemning hadde liten til ingen effekt på opplevd stigma i nemninga *straight*, og gjorde heller ikkje det store utslaget i *LGBT*. Sjølvmerking hadde derimot stor effekt på bruken av den stigmatiserte nemninga *queer*. Her fann dei at det opplevde stigmaet var mykje mindre for uttrykket «I'm *queer*» i forhold til når andre brukte den same nemninga om nokon, som i «you're *queer*». Dei skriv: «Self-labeling increased self-labelers' perceptions of their own power and increased observers' perceptions of the self-labelers' and the stigmatized group's power. Perceived power was then a critical ingredient in attenuating the stigma attached to the label after self-labeling» (2013, s. 2028). Når medlemmer av ei stigmatisert gruppe bruker dei stereotypiske og stigmatiserande nemningane om seg sjøve, gjerne i samhandling med andre av same stigmatiserte gruppe, avvæpnar dei nemningane slik at dei (til ein viss grad) misser sin stigmatiserande verdi. Det er

viktig å poengtere at dette ikkje gjeld alle nemningar, men berre nokre utvalde. Ein slik prosess vil heller ikkje fjerne stigmaet heilt, men gjere dei aktuelle nemningane mindre stigmatiserande og støytande for den utsette gruppa. Ein har sett at reapproprieringa av *nigger/nigga* til ein viss grad har senka stigmatiseringsgraden, men at dette ikkje er tilfelle for alle stigmatiserande kallenamn (O’Dea og Saucier, 2017, s. 827). Trass at denne nemninga er mindre stigmatiserande i dag etter reapproprieringa, vil ho likevel bli oppfattast som stigmatiserande og negativ. Korleis og av kven nemninga blir brukt er viktig når ein skal vurdere i kva grad nemninga kan oppfattast støytande eller ikkje.

Det er nærliggande å tru at nemninga *skeiv*, på linje med det engenske *queer*, har gjennomgått ei liknande reappropriering. Sjølv om *skeiv* er blitt ein vanleg del av daglegtalet, er det per i dag forska lite på denne nemninga isolert. Det næraste ein kjem er Hans Kristiansen og Willy Pedersen (2003), som meiner bruken av *skeiv* som kategori og omgrep har hatt som føremål å vere ein meir open og inkluderande kategori enn *homofil* og *lesbisk* (2003, s. 2). Om dette er tilfelle, kan ein tenkje seg at nemninga *skeiv* har blitt brukt medvitent for å gå bort ifrå dei meir stigmatiserande og avgrensande kategoriane som *homo* og *lesbe*. Sjølv om eg forstår *skeiv* som å vere negativt ladd, kan det bli oppfatta som mindre stigmatiserande enn andre kategoriar, då nemninga ikkje set eit skarpt skilje mellom dei ulike kategoriane. Nemningar som *hetero*, *homo* og *lesbe* er normative, og tar ikkje omsyn til nyansar eller variasjonar. Metaforen gir personane større fridom i å ikkje definere seg sjølv ytterlegare, noko eg har sett frå eksempla i primærkjeldematerialet mitt. Dette kan òg vere ei medverkande årsak til at levekårundersøkinga har valt å kalle dei personlege historiene for *mi skeive historie*. Eg vil vidare ta for meg verba som står til nemningane *legning* og *orientering*, og drøfte korleis verba kan påverke korleis nemningane blir oppfatta og forståtte.

4.1.5 SEKSUALITET SOM Å HANDTERE EIT OBJEKT

I arbeidet med å analysere metaforane var verba *ha* og *vere* som predikat til *legning*, *orientering* og *skeiv* noko av det første som slo meg som interessant. Verbet *ha* kjem av det norrøne verbet *hafa*, som tyder ‘eige, rå over, disponere’ (*Nynorskordboka*, under *ha*). Det ein eig og rår over, er eins eigedom, eit objekt ein har råderett over. Når det her er snakk om å ha ei *legning/orientering*, gir dette assosiasjonar til seksualitet som eit fysisk objekt, altså noko ein kan leggje vekk, kvitte seg med, byte ut og liknande. Slik seksuell *orientering/legning* kjem til uttrykk i språket, kan dei tolkast om å vere rettleiande omgrep, og ikkje

uforanderlege. Verbet *vere* kjem frå det norrøne *vera*, og tyder «finnast, eksistere, leve» (*Nynorskordboka*, under *vere*). I denne tydinga viser verbet til ein person, eller aspekt ved ein person. Å *vere* gir konnotasjonar til noko som er ibuande, noko ein ikkje kan velje bort. Helga Mannsåker (2017) tar for seg eit liknande perspektiv når ho skriv om konsekvensar knytt til substantivisk bruk av diagnosen schizofreni. Her kjem ho inn på *People first language*, som er eit resultat av diskusjonen kring korleis ein bør referere til personar med ulike psykiske sjukdommar. Ho skriv at eit av prinsippa innanfor *People first language* er at adjektiv skal erstattast med substantiv, og at *er* skal erstattast med *har*. Her bruker ho eksempla ‘ein *astmatisk* person’ – ‘ein person *med astma*’, og ‘han *er* autistisk’ – ‘han *har* autisme’ (2017, s. 304–305, mine egne kursiveringar). Dette er interessant om ein gjer ei samanlikning med måten seksualitet blir snakka om, som i å ha ei *orientering/legning*, og å *vere skeiv*.

Ha viser typisk til eigedom, medan *vere* blir brukt om eigenskapar. Eigedom er ikkje ein del av ein person, men noko ein kan leggje ifrå seg. Eigenskapar er ibuande i personen, og er difor noko ein ikkje utan vidare kan kvitte seg med. *Orientering* og *legning* er ikkje seksualitetskategoriar i seg sjølve, men er overordna kategoriar ein kan bruke for å skilje dei ulike seksuelle kategoriane frå kvarandre. *Skeiv* som kategori fungerer som eit paraplyomgrep for alle seksualiteter som ikkje passar inn i norma,⁵ og ved å bruke verbet *vere* blir *skeiv* forstått som å *vere* ein ibuande eigenskap ved personen. I primærkjeldene mine blir kategoriar som *skeiv*, *homo/homofil*, *lesbe/lesbisk* og *bifil* forstått som eigenskapar ved personane, medan *orientering* og *legning* blir snakka om og forståtte som om det skulle vore eigedom. Mannsåker tar for seg eit liknande perspektiv når ho diskuterer psykisk tilstand som eigedom: «Ifølgje Heine (1997) er det vanleg å skilja mellom avhendeleg (alienable) og uavhendeleg (inalienable) eigedom. Uavhendeleg eigedom er alt som ikkje normalt kan skiljast frå eigaren: slektningar, kroppsdelar, relasjonelle romlege omgrep (øvre del, indre del), ibuande delar av gjenstandar (grein, handtak) og fysiske og psykiske tilstandar (styrke, frykt). I tillegg kan andre omgrep også ha uavhendeleg karakter, som namn, røyst, lukt, skugge, fotspor, eigenskap og heim» (Heine (1997), sitert av Mannsåker, 2010, s. 63). Om ein overfører dette til måten ein snakkar om seksualitet på, kan ein sjå at verbet *ha* opnar for at seksualitet kan oppfattast som uavhendeleg eigedom, som i å ha *legning* og *orientering*.

Mannsåker skriv vidare at eigedom i ‘ha’-konstruksjonar, grunna det etymologiske sambandet med handlingsskjemaet for å gripa/halda, metaforisk kan bli utvida til å gjelde abstrakte

⁵ Norma er her forstått som den tradisjonelle heteroseksuelle samlivs- og seksualitetsforma.

fenomen som sjukdom, kjensler og andre psykiske tilstandar (Mannsåker, 2010, s. 64). *Er* viser derimot til eigenskap, noko som underbyggjer ei forståing av dei seksuelle kategoriane som inherente eigenskapar ved individet (som i «eg er *hetero/homo*»). Ein kan difor argumentere for at dette er med på å underbyggje ei forståing av seksuelle kategoriar som noko absolutt og uforanderleg. Det vil seie at dei seksuelle kategoriane *hetero/homo* tilsynelatande blir forståtte som mykje meir djuptgåande enn dei overordna kategoriane *legning* og *orientering*. Dette er med på å underbyggje ei forståing av seksuelle kategoriar som ein absolutt kjerne i ein person, medan *orientering* og *legning*, på bakgrunn av verba dei står med, blir forståtte som meir dynamiske. Eit viktig poeng her er at *legning* og *orientering* føreset kategorisering, og dermed kan ein argumentere for at denne skilnaden er ubetydelig.

Dette blir derimot meir interessant om ein ser dette frå eit anna perspektiv. Om ein homofil mann får spørsmålet ‘er du *hetero* eller *homo*?’, vil han truleg oppleve kategoriane som mykje meir avgrensa enn om han hadde fått spørsmålet ‘kva *orientering* har du?’. Sjølv om han i utgangspunktet ville velje å definere seg som anten *homo*, vil han på eit så direkte spørsmål oppleve kategoriane som meir absolutte; ein må her definere seg innanfor den andre personen sin forståing av kategorien *homo*. Dette kan føre til at ein umedvittent stigmatiserer seg sjølv, då ein ikkje sit med defineringsmakta sjølv, men må anta korleis den andre personen definerer kategorien. Om ein derimot får spørsmålet om kva orientering ein har, vil ein i mykje mindre grad oppleve å bli stigmatisert. Mange vil truleg ikkje oppleve denne skilnaden som problematisk, men det er likevel interessant å belyse, då dette har mange likskapstrekk med korleis personar oppfattar å bli kategoriserte av andre (sjå kapittel 2.6 for reappropriasjon).

4.1.6 Oppsummering av kapittel 4.1 om dei seksuelle kategoriane

For somme kan det å definere og beskrive eigen seksualitet vere vanskeleg. For dei aller fleste vil det å bruke nemningar og kategoriar vi allereie kjenner til, vere det lettaste, då desse er allment forståtte. Men kva ligg egentleg i desse nemningane, og kan orda vi vel, seie noko om korleis vi oppfattar seksualitet? Eg har til no sett på metaforane *legning*, *orientering* og *skeiv*. Desse orienteringsmetaforane, og orienteringsmetaforar generelt, er konvensjonelle i språket vårt. Dei kjem i mange ulike former, og gir oss ei betre forståing av elles abstrakte tematikkar, som for eksempel seksualitet. Kva for metaforar ein nyttar i ulike situasjonar er ikkje tilfeldig, og vil ofte vere medvittent tilpassa temaet (Semino, 2008, s. 30). Seksualitet

blir i mange tilfelle forstått ut frå romleg plassering, som eit objekt som er plassert på den eine eller andre sida, vendt ein viss veg, eller som vik frå normal plassering.

Eg fann at i dei tilfella *legning* og *orientering* var brukt, var det på eit overordna nivå; nemningane blir brukte om alle former for seksualitet. Det er likevel nokre ting som skil *legning* og *orientering* frå kvarandre. I nemninga *legning* kan ein sjå ei underliggande forståing av seksualitet som noko ein ikkje kan velje, noko som allereie er bestemt for ein. Både etymologisk og i tekstutdraga blir nemninga forstått som noko ein ikkje sjølv bestemmer, men som er bestemt av nokon andre. Eg har formulert omgrepsmetaforen SEKSUALITET SOM EIN ENTITET MED ROMLEG PLASSERING for nemninga *legning*.

Orientering er derimot ei meir aktiv nemning, då ho er knytt til merksemd, og opnar i mykje større grad for at ein kan ta eit sjølvstendig val. Nemninga i seg sjølv viser ingen klåre roller, men rettar fokuset mot merksemda til personen. Medan ein i nemninga *legning* blir forstått som å vere plassert på ei side, gir *orientering* eit forståing av at ein har retta merksemda si mot noko. Orientering kan difor seiast å vere ei meir hensiktsmessig nemning å bruke, då ho gir ei forståing av sjølvstendig val. For denne nemninga har eg formulert omgrepsmetaforen SEKSUALITET SOM ORIENTERING. Til sist har eg funne at *skeiv* i dag fungerer som ein vid og inkluderande kategori, som gjennom reappropriasjon har fått ei ny og meir positivt ladd tyding enn han opphavelig hadde. Kategorien har gått frå å vere ei nedsettande nemning til å bli eit paraplyomgrep og samlenemning for alle seksualitetar som bryt med den seksualiteten samfunnet har som standard. For *skeiv* har eg formulert omgrepsmetaforen NORMER SOM DET BEINE.

4.2 Metaforar med kraftmotivasjon

I denne delen vil eg analysere omgrepsmetaforar og metaforiske uttrykk som har kraftmotivasjon. Måldomena eg tar for meg her, er SEKSUELL INTERESSE og KJENSLER. Kjeldedomena som eg har funne er FYSISK TILTREKKING, Å BLI DRADD MOT NOKO, Å BLI FANGA og Å FALLE. Felles for desse er at det er snakk om kjeldedomenet FYSISK RØRSLE, og eit måldomenene med ein metaforisk *opplevar* og *stimulus*; ein kan difor seie at dei har kraftdynamisk motivasjon (sjå kapittel 2.3.6 for kraftdynamikk). Eg vil først liste opp dei språklege eksempla frå primærkjeldematerialet mitt, og deretter vil eg analysere dei metaforiske uttrykka kvar for seg. Hovudmetaforen eg har funne er SEKSUELL INTERESSE SOM FYSISK TILTREKKING. Dei metaforiske uttrykka er kursiverte.

1. Det var første gangen jeg forstod at jeg var *tiltrukket* av gutter. (nr. 6, linje 270)
2. (...) slik jeg tolker det, er det at panseksuelle også *tiltrekkes* intetkjønn (kjønnsnøytrale, genderfluid, etc.). (nr. 8, linje 378)
3. Så er det jo slik at man har visse personligheter man foretrekker, og jeg blir oftere *tiltrukket* menn enn kvinner. (nr. 8, linje 381)
4. (...) kall det hva du vil, jeg *tiltrekkes* av jenter alle fall, og bare jenter. (nr. 5, linje 198)
5. Stort sett har fascinasjonen for jenter vært der parallelt, men den seksuelle *dragningen* mot samme kjønn har nok vært dominerende. (nr. 3, linje 86)
6. Det kan enhver med en viss estetisk sans og blikk for proporsjoner, men *dragningen* mot dette som noe vakkert har aldri vært der. (nr. 3, linje 103)
7. Om man vet at dette *drar* en lenger bort fra det som ville gjøre en lykkelig, kan det da være riktig? Jeg tror seksualiteten og identiteten forøvrig bør stemme overens hvis man ikke skal få et vanskelig liv. (nr. 3, linje 141)

4.2.1 SEKSUELL INTERESSE SOM FYSISK TILTREKKING

Ifølgje Kövecses (2010), som baserer seg på forskinga til Leonard Talmy (1988), er kjeldedomenet FYSISK KRAFT eit av dei vanlegaste kjeldedomena brukt om måldomenet KJENSLER. Alle har erfaringar med kjeldedomenet FYSISK KRAFT, då all rørsle oppstår grunna ei eller anna form for kraft. Kövecses presenterer nokre av dei vanlegaste omgrepsmetaforane kring måldomenet KJENSLER. Han skriv: «Given the force-dynamic character of these conceptual metaphors (in that they involve two forceful entities in interaction, such as cause and the self, emotion and the self) and given that they can be said to make up a large part of the conceptual structure associated with the emotions, it can be suggested that emotion

concepts are largely force-dynamically constituted» (Kövecses, 2010, s. 108). Kjenslerelatert (seksuell) *interesse* konseptualisert som fysisk *tiltrekking* spring ut frå ein primær metafor; det at ein kan kjenne ein fysisk trong til å vere nær nokon ein har ein nær kjenslemessig relasjon med (sjå kapittel 2.3.3 for primære metaforar). Eg har presentert tilordningane mellom kjelde- og måldomene i tabell 3.

Tabell 3: Tilordningar for SEKSUELL INTERESSE SOM FYSISK TILTREKKING

Kjelde: Fysisk tiltrekking	→	Mål: Seksuell interesse
Ein som drar noko til seg (agens)	→	Ein som er seksuelt interessant (stimulus)
Nokon som nokon drar til seg (patiens)	→	Ein som blir seksuelt interessert i ein person (opplevar)
Opphavelig stad	→	Å ikkje vere seksuelt interessert av nokon
Veg	→	Å bli seksuelt interessert i ein person
Mål	→	Å vere seksuelt interessert i ein person
Instrument	→	Eins eigne seksuelle preferansar

Denne tabellen viser tilordningane mellom kjelde- og måldomenet. I kjeldedomenet bruker eg termene *agens* og *patiens*, medan eg i måldomenet bruker *stimulus* og *opplevar*. Dette er fordi kjeldedomenet har til føremål å beskrive det abstrakte måldomenet gjennom ein fysisk aktivitet. I fysiske aktivitetar, som for eksempel i trekking eller draging, er det som regel eit agens-patiensforhold. I måldomenet er ikkje agens-patiensforholdet like naturleg. Eg bruker difor *stimulus* og *opplevar*. Talmy bruker termene agonist og antagonist når han skildrar dei ulike rollene i kraftutvekslinga, men eg har i analysen valt å bruke dei semantiske rollene agens og patiens; *agens* for agonist og *patiens* for antagonist. Ifølgje Faarlund, Lie og Vannebo (1997, s. 47) finst det ikkje eit innarbeida og allment akseptert system for inndeling av semantiske roller, det er difor viktig å vere konsekvent. Eg har valt å bruke desse semantiske rollene då dei er dei mest frekvente i litteraturen min. Med utgangspunkt i tabell 3 vil eg først sjå på dei fire første teksteksempla og ordet *tiltrekkje*. Vidare vil eg sjå på dei tre siste eksempla og orda *dra* og *draging*.

4.2.2 Utgreiing om ordet *tiltrekkje*

Ordet *tiltrekkje* er ei samansetting av preposisjonen *til* og verbet *trekkje*. *Til* blir brukt for å uttrykkje mål eller slutt punkt for ei rørsle, og *trekkje* (lågtysk *trecken*) tyder ‘dra, føre i ei eller anna retning’ (*Nynorskordboka*, under *til* og *trekkje*). Ein kan difor anta at *tiltrekkje* tyder at ein drar noko i ei retning fram til eit endeleg mål eller slutt punkt. Ordboka definerer *tiltrekkje* som å ‘trekkje til seg; òg: vekkje interesse’ (*Nynorskordboka*, under *tiltrekkje*). Ordboka sidestiller tydingane grunna konvensjonalitet, men eg tolkar den mest grunnleggjande tydinga av ordet *tiltrekkje* som å fysisk trekkje noko til seg, jamfør samansettinga av *til* og *trekkje*.

I mine eksempel om *seksuell interesse* blir personane som opplever den *seksuelle interessa* oppfatta som *opplevar*, og personane som dei blir tiltrekt av som *stimulus*. Slik eg tolkar ordet *tiltrekkje*, skjer det ei kraftutveksling mellom to partar: noko som drar, og noko som blir dradd. For at dei som blir dradd, skal flytte seg, må det vere ei *kraft* frå den som drar som påverkar den som blir dradd. I setninga «Per trakk Knut til seg», er Per forstått som agens, og bruker *kraft* mot Knut som er forstått patiens, slik at Knut endrar si opphavs plassering og kjem nærare Per. Agens og patiens blir her metaforiske for *stimulus* og *opplevar*, då ein i dette og liknande eksempel forstår eit stimulus – opplevarforhold med utgangspunkt i eit agens-patiensforhold.

Kraftutvekslinga i «Per trakk Knut til seg» er fysisk, og fører til eit skifte i plasseringa til Knut. I setninga «Per var *tiltrekt* av Knut» derimot, er det ikkje ei konkret fysisk *tiltrekking* som skjer, men ei kjensle overfor Knut som oppstår. Per er ein *opplevar*, og Knut er *stimulusen* som skapar opplevinga hos Per. Å utvikle kjensler for nokon er ein indre prosess ein har i seg sjølv, men som er utløyst av eins eiga oppfatning av *stimulusen*. Det er ikkje snakk om ei fysisk rørsle, men ein indre prosess der Per utviklar kjensler for Knut. Knut, som reint semantisk er den som drar, har i røynda lite med prosessen å gjere. Knut, som er *stimulusen*, blir uttrykt som agensadverbial i situasjonen, medan Per, som er *opplevar*, blir uttrykt som patiens. Knut kan fungere som *stimulus* og «agens» utan å vere det mest sentrale elementet i setninga fordi det er ein *passivkonstruksjon*.

4.2.3 *Passiv*

Passivkonstruksjonar er oftast kjenneteikna av at dei manglar agens, eller at agens ikkje er i fokus. Passiv verbform er brukt når ein har grunnlag for eller motivasjon til å la agens vere

implisitt og uspesifisert (Langacker, 2009, s. 114). Felles for alle passivformer er at verbalet står i passiv form, og at det som ville vore subjekt i den tilsvarande aktivsetninga, ikkje er subjekt i passivsetninga (Faarlund med fleire, 1997, s. 838). Jeanne van Oosten (1984) har i doktoravhandlinga si funne seks grunnar for å bruke det ho kallar «The Agented Agentive Passive», som er ein passivkonstruksjon der agens er nemnd. Ein av desse har ho kalla «The Less-Agentive Passive», som er ein passivkonstruksjon der agens blir presentert i ein preposisjonsfrase, og høyrer mindre *agens-aktig* ut enn det ei omskriving til ei aktivsetning ville gjort. Med mindre *agens-aktig* meiner ho at agens har færre agenseigenskapar, og at agens ikkje er ein aktiv del i handlinga som har funne stad (van Oosten, 1984, s. 210 og s. 212). Eg har funne to eksempel på slik passivbruk i denne metaforen. Passivformene i eksempel (1) og (4) er etterfølgde av ein preposisjonsfrase med *av*, som synleggjer agens i setninga. «*Patiens*» er her *opplevar* og subjekt, og «*agens*» er *stimulus* og objekt. Dei resterande to eksempla, (2) og (3), er òg passivkonstruksjonar, men desse setningane har mangelfull grammatikk, noko som gjer det vanskeleg å kategorisere passivforma. Desse setningane inneheld informasjon om agens, men manglar preposisjonsfrase.

Eksempel (1) – (4) er alle passivkonstruksjonar. For eksempel (1) «jeg var *tiltrukket* av gutter», og (4) «jeg *tiltrekkes* av jenter». I dei fire eksempla blir kjeldedomenet FYSISK TILTREKKING brukt om SEKSUELL INTERESSE, og at ein forstår SEKSUELL INTERESSE som noko som *drar/trekkjer* personar mellom to tilstandar: mellom det å ikkje kjenne seksuell interesse og det å vere seksuelt interessert. Dei forstår seg sjølv som *patiens* i situasjonen, og har truleg brukt passiv for å abstrahere seg sjølv frå sjølvve rørsle, og heller syne fram kva rørsle fører til. Dei opplever ikkje seg sjølv som aktive i situasjonen trass i at kjenslene/interessa skjer inni dei sjølvve. Grunna det noko avgrensa materialet mitt vil det ikkje vere mogleg å seie noko generelt om passivbruk når ein snakkar om seksualitet og identitet. Basert på dei funna eg har gjort, er det likevel nærliggande å tru at passivbruken kan skuldast eit umedvittent ønske om å ikkje framstille *tiltrekkinga* som noko ein aktivt er med på/ har initiert sjølv, men at det er noko som er styrt av ein *stimulus/agens*, og er difor utanfor *opplevar/patiens*' kontroll. Når ordet *tiltrekkje* blir brukt for å beskrive seksuell interesse, som i (1) «jeg var *tiltrukket* av gutter», vil ein kunne oppfatte den seksuelle interessa som styrt av nokon andre, nokon (ein *stimulus*) som trekkjer ein til seg. Passivbruken kan vere med å underbygge oppfatninga av at subjektet (*opplevaren*) ikkje er ein aktiv del i prosessen, men ein som blir påverka/ trekt til seg av *stimulusen*.

4.2.4 Utgreiing om orda *dra* og *draging*

Eg vil her ta for meg orda *dra* og *draging* saman, då desse omtrent er samanfallande med kvarandre. Verbet *dra* kjem frå det norrøne verbet *draga*, og tyder ‘1 hale, slepe (noko tungt); rykkje (til seg)’ (*Nynorskordboka*, under *dra*). Ordboka opnar for fleire moglege forståingar av ordet *dra*, men eg tolkar den opphavelige tydinga som å vere ‘1 hale, slepe’. Seksualitet blir forstått som noko som har kraft til å ‘hale, dra’ personen frå ein stad til ein annan. I eksempel (7), «seksualiteten *drar* en lengre bort fra lykke» (forenkla eksempel), kan ein sjå at seksualitet fysisk kan dra informantene vekk frå ein positiv tilstand. Eg forstår den positive tilstanden som å vere kjensla av lukke, som meir presist gjennom eksempelet blir forstått som heteroseksualitet, eller ein seksualitet som ikkje er i konflikt med informantens sitt eige ønske. Informanten er i utgangspunktet nær ein positiv tilstand, men seksualiteten skapar større avstand mellom informantene og den positive tilstanden. Ein kan difor seie at dette er ei personifisering av seksualitet, då det å ‘hale, slepe’ er ein menneskeleg aktivitet (sjå kapittel 2.3.4 for personifikasjon).

Det same gjeld òg for *draging*. Frå grammatikken veit vi at ord som endar på *-ing* typisk viser til konkrete handlingar, mens ord som endar på *-ning* viser til resultatet av handlinga (Faarlund med fleire, 1997, s. 99). For eksempel viser verbet *bygging* til arbeidsprosessen, mens *bygning* viser til resultatet av arbeidsprosessen. *Draging*, som er ei substantivering frå verbet *drage*, ei eldre form av verbet *dra*, blir av ordboka definert som ‘lengsel, tiltrekning, mystisk trang eller lyst’ (*Bokmålsordboka*, under *draging*). Ein kan sjå eksempel (5) og (6) i samanheng med eksempel (7), at seksualiteten fysisk drar ein frå ein stad til ein annan, her til ein stad nærare det same kjønnet. *Draging* kan tolkast som å vere eit resultat av ei handling, av å bli dradd bortover. Sjølv om definisjonen frå ordboka ikkje nemner at tydinga er overført metaforisk, tolkar eg *draging* som å kome frå verbet *dra*. Eg vil difor argumentere for at *draging* har ei meir grunnleggjande tyding enn definisjonen frå ordboka. Sjå tabell 3 for oversikt over tilordningane mellom kjelde- og måldomene.

I eksempel (5): «den seksuelle *dragningen* mot det samme kjønn har vært dominerende», blir (seksuell) *tiltrekking* forstått som det å bli dradd bortover mot noko (her mot det same kjønnet). Seksualitet er personifisert, og blir forstått som noko som drar ein mot personar av det same kjønnet, og seksuell tiltrekking som ein prosess ein er utsett for, og som ein ikkje har kontroll over sjølv. I eksempel (6): «*dragningen* mot dette», ser ein den same forståinga av seksuell tiltrekking som i eksempel (5). Ein får gjennom ordlyden i begge eksempla inntrykk av at ein

blir utsett for tvang, eller at det er krevjande å stå imot prosessen. Orda *dra* og *draging* viser begge til ein aktivitet som ikkje er i tråd med eigen vilje, begge orda blir metaforisk forstått som handlingar utført av nokon andre enn subjektet, og at informanten ikkje kan stå imot handlinga han/ho blir utsett for.

I eksempel (7) blir seksualitet forstått som noko som har kraft nok til å halde ein vekke frå noko positivt. I eksempelet eg har tatt med, blir det som held ein vekke frå det positive, referert til som «dette». Pronomenet «dette» viser her til informantens seksualitet.

Omgrepsmetaforen eg har funne for dette eksempelet, er Å IKKJE ENDRE SEKSUALITET SOM Å BLI DRADD VEKK FRÅ NOKO POSITIVT. Ein kan sjå for seg seksualiteten som ein person/noko som fysisk blir dradd vekk frå ein positiv tilstand. Når ein *drar* for eksempel eit objekt bortover, bruker ein krefter for å endre plasseringa til objektet som i utgangspunktet står stødig. Om ein drar eit menneske eller andre levande skapningar, skapar dette konnotasjonar til tvang, ei handling som er gjort utan vilje av den/det som blir dradd. Om ein ikkje opplever det som tvang, er ein i beste fall passiv i situasjonen, ein har ikkje eigentleg eit ønske om ei endra plassering, men noko anna (i eller utanfor ein sjølv) har eit sterkare ønske om å endre plasseringa.

4.2.5 *Det delte sjølv*

I eksempel (7) er det eit motsetnadsforhold mellom den som drar, og den som blir dradd, dei har ulike ønske for den som blir dradd. Seksualitet er ikkje normalt delt frå sjølve personen som har seksualiteten, og ein får her inntrykk av at det er snakk om ei splitting av personen. Mannsåker skriv at en vanleg omgrepsmetafor for sinnet er ASPEKT VED SJØLVET/SINNET ER FLEIRE DISTINKTE INDIVID (Mannsåker, 2010, s. 81). Mannsåker refererer til Talmy (2003) som kallar det delte sjølv et ein grunnleggjande semantisk konfigurasjon i språket der dei ulike «delane» av sjølv et har blitt personifiserte, og kan dermed omtalast som sjølvstendige individ. Ein del av individet ønsker å utføre ei handling som den andre delen av individet ikkje vil skal skje. Den sterkaste av dei bestemmer om handlinga skal gjennomførast (Talmy, 2003, s. 431). Talmy kallar dette eit grunnleggjande kraft-skjema som tar for seg interpsykologiske krefter (lyster). Talmy skriv vidare at dei ulike delane av sinnet ikkje er lik kvarandre, og at den lyststyrte delen av sjølv et er den mest sentrale, altså agonisten, medan den delen som held ein tilbake, eller yt motstand mot agonisten, antagonisten, er meir perifer (2003, s. 432–433).

I eksempel (7): «Seksualiteten *drar* en lenger bort fra lykke» (tilpassa eksempel), får ein inntrykk av at seksualiteten har eigen vilje, og arbeider mot individets ønske. Det retoriske spørsmålet i det originale eksempelet, vil overtyde lesaren om at ein ikkje bør la seg sjølv kontrollere av seksualiteten, men høyre på si indre fornuft. Det er med på å underbygge koplinga til det delte sjølvvet, då ein her får presentert eit motsetnadsforhold i ein og same person. Ein kan tolke det som at seksualiteten blir skild frå resten av personen, og at dei to delane av den same personen er opponentar. Motsetnadsforholdet i dette teksteksempelet er ikkje eksplisitt, men eit resultat av tolking av informasjon. Eg vil difor ikkje gå vidare inn på det delte sjølvvet her, men nemne det som ei mogleg tolking.

4.2.6 Å FÅ STERKE KJENSLER FOR NOKON SOM Å BLI FANGA

Ein metafor som kan relaterast til metaforen SEKSUELL TILTREKKING ER FYSISK

TILTREKKING, er metaforen Å FÅ STERKE KJENSLER FOR NOKON SOM Å BLI FANGA. Eg har valt å behandle denne metaforen for seg sjølv då det ligg andre tilordningar mellom kjelde- og måldomene til grunn enn i dei føregåande metaforane (sjå tabell 3). Det metaforiske uttrykket er kursivert.

8. Han må bli *grepet* av den samme skjønnheten. (nr. 3, linje 97) (Min eigen kursivering)

Denne metaforen har, i likskap med dei føregåande, ein kraftdynamisk kjerne, men har andre tilordningar. Eg har presentert tilordningane mellom kjelde og måldomene i tabell 4.

Tabell 4: Å FÅ STERKE KJENSLER FOR NOKON SOM Å BLI FANGA

Kjelde: Bli gripen	→	Mål: Få inntrykk
Noko som grip (agens)	→	Noko som gjer inntrykk (stimulus)
Noko som blir gripe (patiens)	→	Nokon som blir gjort inntrykk på (opplevar)
Fri	→	Å vere uanfakta av nokon andre
Fanga	→	Å oppleve/ ha eit sterkt inntrykk av nokon
Instrument	→	Noko som skapar inntrykket

Som i førre tabell gjer eg eit skilje i terminologien mellom kjelde og måldomene (sjå tabell 3 i 4.2.1 med omsyn til semantiske roller). Med utgangspunkt i tabell 4 vil eg ta for meg eksempel (8) og ordet *gripe*. Eg vil kort gjere greie for etymologi, samt gjere ei tolking av det metaforiske uttrykket.

Verbet *gripe* kjem av det norrøne *grípa*, og tyder ‘1 ta tak i, trive’, ‘2 gjere sterkt inntrykk på; røre, fengsle, skake opp’ (*Nynorskordboka* under *gripe*). *Norrøn ordbok* definerer *grípa* blant anna som ‘1 gripe, trive, glupe; ta’, og ‘3 ... la seg lokke’ (*Norrøn ordbok*, under *grípa*), noko som kan tyde på tidleg metaforisk bruk. Eg tolkar den mest grunnleggjande tydinga av verbet *gripe* som ‘1 ta tak i, trive’.

I eksempel (8), «Han må bli *gripen* av den samme *skjønnheten*», ser ein at eit aspekt ved ein person kan gripe ein annan person. Her blir ytre karakteristikkar av menneske personifiserte, og blir gitt menneskelege eigenskapar. Å gripe er nemleg noko vi menneske gjer for å ta noko, og sørge for at det ikkje forsvinn for oss. Handlinga markerer eigarskap eller ønske om å eige/halde noko. *Skjønnhet* blir her forstått som noko som kan ta for seg og fange noko, noko som underbyggjer personifikasjonen. Ein kan tolke *skjønnhet* som å vere metonymi for ‘menneske’, og at berre den avgjerande delen av menneske blir trekt fram (sjå kapittel 2.3.5 for metonymi). I eksempel (8) står ordet *skjønnhet* i bestemt form eintal, og ein kan difor vere freista til å tolke det som metonymi for eit bestemt menneske. På bakgrunn av konteksten ordet står i, ser ein at *skjønnhet* viser til generelle ytre karakteristikkar ved ein type menneske, ikkje eit spesifikt individ. Slik eg tolkar eksempel (8), er det tydeleg at det er *skjønnheten* som er opplevd som *gripande/ tiltrekkande*, og som fangar subjektet, «han», altså at det heller er snakk om ei personifisering enn metonymi.

4.2.7 Å FÅ KJENSLER FOR NOKON SOM Å FALLE

Den siste omgrepsmetaforen eg tar for meg i denne analysedelen, er Å FÅ KJENSLER FOR NOKON SOM Å FALLE. I denne omgrepsmetaforen blir det å ha kjensler for nokon konseptualisert som å *falle*. Dei metaforiske uttrykka er kursiverte.

9. Jeg *faller* nemlig for personlighet, uavhengig av kjønn. (nr. 8, linje 379)
10. Jeg *falt* for en venninne jeg nettopp hadde blitt kjent med, (...) (nr. 8, linje 372) (Mine egne kursiveringar)

Tabell 5 viser ei oversikt over tilordningane mellom kjelde- og måldomene for omgrepsmetaforen Å FÅ KJENSLER FOR NOKON SOM Å FALLE.

Tabell 5: Å FÅ KJENSLER FOR NOKON SOM Å FALLE

KJELDE: Objekt som fell	→	MÅL: Forelsking
over ende		
Objekt som fell	→	<i>Opplevar</i>
Opphavelig ståande stilling	→	Å ikkje ha kjensler for <i>stimulus</i>
Fall	→	Å utvikle kjensler for <i>stimulus</i>
Instrument	→	<i>Stimulus</i>
Konsekvens av fall	→	At <i>opplevar</i> får sterke kjensler for <i>stimulus</i>

Med utgangspunkt i denne tabellen vil eg vidare ta for meg ordet *falle*. Eg vil gjere kort greie for etymologi og bruke det som bakteppe for den vidare analysen. For å underbygge tolkinga mi vil eg sjå nærare på primære metaforar samt anna relevant teori (sjå kapittel 2.3.3 for primære metaforar).

Verbet *falle* kjem frå det norrøne *falla*, og tyder ‘1 kome eller vere i rørsle nedetter, bli oppheva, oppgjeven’, ‘2 dette over ende, velte, stupe’ (*Nynorskordboka*, under *falle*). Eg tolkar ‘2 dette over ende, velte, stupe’ som å vere den mest aktuelle kjeldetydinga. Som ein kan sjå i *Nynorskordboka*, kan *falle* tolkast på fleire ulike måtar. Bokstaveleg tolkar eg det å *falle* som det å misse balansen/ bli felt av noko. I overført tyding kan det derimot vise til fleire forskjellige situasjonar. Ein kan for eksempel falle for døden (han *fall* i strid), noko (ein stad) kan bli infiltrert av fienden (Roma *fall* for ...), eller det kan vise til ein tilstand (han *fall* inn og ut av transe). *Norrøn ordbok* definerer *falla* blant anna som ‘4 falle (i synd)’ (*Norrøn ordbok*,

under *falla*), noko som viser til ei indre abstrakt hending; *tap* av moral, å gjere noko (ei handling) som ikkje er rett/i samsvar med normene.

Når ein fysisk *fell*, misser ein kontroll over eigen kropp, ein blir utsett for ei ytre kraft (her tyngdekrafta) som trekkjer ein til seg utan å ta omsyn til kva ein kan bli utsett for av skade og liknande i fallet. Å *falle*, som viser til orientering nedover, blir i utgangspunktet ikkje forstått som noko positivt, jamfør GLAD ER OPP – TRIST ER NED. Det er derimot ikkje alltid tilfelle at *ned* er forstått som noko negativt; at tala på innbrott går ned, og at hevelsen (opphovna stad på kroppen) går ned, er eksempel på at *ned* kan opplevast som positivt. Kövecses presenterer metaforen FALLING IN LOVE IS PHYSICAL FALLING (Kövecses, 2010, s. 63). Denne metaforen kan og koplast til TILSTAND SOM PLASSERING og ENDRING SOM RØRSLE. Ser ein på følgeslutningane i ENDRING SOM RØRSLE, vil ein kunne sjå samanhengen mellom å gå frå å ikkje ha kjensler for nokon (vere i nøytral tilstand) til å få kjensler for nokon (*falle* for nokon/ endre plassering). Ein endrar tilstand, og denne hendinga er sett på som relativt tilfeldig (Kövecses, 2010, s. 164).

Når ein på engelsk skal beskrive det å utvikle kjensler for nokon, er uttrykket «to fall in love» frekvent. *Oxford English Dictionary* tar under *love* for seg frasar som inneheld ordet *love*. Her er uttrykket *to fall* behandla der *love* står i ein preposisjonsfrase med «in», «into» eller «out of». Ordboka definerer uttrykket *to fall* som «to become enamoured; (in extended use) to become passionately attached to, dote on. Frequently with *with* (in Old English with genitive of person)» (*Oxford English Dictionary*, under *love*). Her ser ein at sjølv om uttrykket å *falle* ikkje har den same negative forståinga som TRIST ER NED, blir det å *falle* oppfatta som ei ukritisk og lite kontrollerbar hending, som ikkje avslører om subjektet som har kjensla av å *falle*, opplever dette som positivt eller negativt.

Kövecses (2010) argumenterer for at metaforar som tar for seg kjensler, ofte har ein kraft-dynamisk kjerne, jamfør metaforar som KJENSLER SOM VÆSKE I BEHALDAR og KJENSLER SOM FYSISK KRAFT. Koplinga mellom psykisk tilstand og fysisk stabilitet, som i (9) «jeg *faller* nemlig for personlighet», er truleg avleidd av ein primær metafor; mennesket sitt balansesystem er avansert, og må trenast opp for å fungere optimalt. Om ein manglar balanse, er ein sårbar, og må bruke hjelpemiddel for å halde seg oppreist. Når eit barn skal lære seg å sitje, stå og å gå for eigen maskin, må det lære seg å motstå ytre krefter (tyngdekrafta) som vil trekkje barnet ned mot bakken igjen. Om barnet fell over ende, kan det kome til å skade seg,

og ikkje vere i stand til å reise seg igjen (sjå kapittel 2.3.3 for primære metaforar). Her blir den primære metaforen skapt; barnet koplar det å stå sjølvstendig og meistre balansekunsten med det å meistre andre aspekt ved eige liv, for eksempel det å vere sjølvstendig og ha kontroll over eige sinn og kropp. Jo betre balanse ein har, jo betre kan ein motstå ytre krefter. Det vil likevel vere ytre krefter ein ikkje kan motstå, for eksempel når nokon dyttar ein, eller ein snublar i noko som ligg i vegen. Felles for desse er at dei kjem uventa og ein ikkje får tilstrekkeleg tid til å forsvare seg mot kreftene.

Å bli råka av sterke kjensler kan på denne måten forståast som å bli overmanna av ei plutsleg og uventa fysisk kraft. Eksempel (9), «jeg *faller* nemlig for personlighet», viser årsak og verknad av krafta: Eg-personen (subjektet) er eit menneske i balanse, men det som kan endre balansen til *eg*-personen er om han/ho møter ein annan person med kraft nok til å rokke ved balansepunktet til *eg*-personen. Når ein forstår det å få kjensler for nokon (*faller* for nokon) på bakgrunn av eigenskapar ved dei, seier ein eigentleg at det er den personen ein får kjensler for som gjer noko for at nokon skal utvikle kjensler for han/henne. Han eller ho er den aktive parten som sett bein på og får den andre til å utvikle kjensler for seg med overlegg. Dette er derimot ikkje tilfelle, då vi opplever det å få og ha kjensler som ein indre prosess. Ei mogleg årsak til dette er truleg at ein ofte ikkje tenkjer at uventa kjensler er noko ein styrer sjølv, men heller som noko ein blir utsett for. For eksempel vil synet av eit vakkert menneske vekke kjensler hos nokon på grunn av eit tiltalende ytre. Det vakre mennesket er stimulusen som triggjar kjenslene, men det er eins eigne intersubjektive preferansar som utløyser kjenslene for personen. Kövecses kallar dette «Cause of Emotion», og forklarar dette gjennom omgrepsmetaforen KJENSLER SOM EI FYSISK KRAFT.

84 *Metaphor and Emotion*

Table 5.14. EMOTION IS A PHYSICAL FORCE

Metaphorical Mapping	Agonist's Force Tendency	Antagonist's Force Tendency	Resultant Action
<i>Source</i>	<i>Physical object to remain unaffected by force</i>	<i>Physical force to produce effect in object</i>	object undergoes effect
<i>Target</i>	<i>Self to remain unemotional</i>	<i>Cause of emotion to cause self to become emotional</i>	self is emotional

Source: Physical force.

Target: Emotion.

(Kövecses, 2000, s. 84)

Vi forstår kjenslene våre som eit resultat av ei årsak, noko som er logisk då kjenslene våre er svar på situasjonar og inntrykk. Sjølv om kjenslene våre er eit resultat av ytre påverknad eller stimuli, er det ein sjølv som skapar reaksjonen inni seg sjølv. Uttrykket *å falle* viser til rørsle nedover. Når det er snakk om rørsle nedover, er det nærliggande å kople dette til noko negativt, då det å falle som regel ikkje er noko ønskeleg. I dette tilfellet er det metaforiske uttrykket *å falle* ikkje nødvendigvis negativt, jamfør omgrepsmetaforen TRIST ER NED, og kan seiast å vere eit eksempel på omgrepsmetaforen ENDRING SOM RØRSLE. Denne metaforen er veldig generell, og følgeslutningane er difor viktige når ein skal avgjere korleis uttrykket kan oppfattast. Ein kan argumentere for at bruken av metaforen *å falle* i desse eksempla framstiller hendinga som tilfeldig og lite heldig for den som blir forelska. Noko utanfor ein sjølv utløyer hendinga, og ein misser kontroll over seg sjølv. Trass dette kan metaforen bli oppfatta som positiv. Det å falle for noko eller nokon er ofte brukt om positive kjensler, for eksempel å bli forelska i eit anna menneske, eller å få lyst på eit produkt eller noko anna som ein finn tiltalande.

4.2.8 Oppsummering av kapittel 4.2 om metaforar med kraftmotivasjon

I denne analysedelen har eg analysert metaforar og metaforiske uttrykk knytt til kjensler. Eg har funne at informantane konseptualiserer kjensler ved å bruke ulike variantar av kjeldedomenet KRAFT. Måldomena eg har tatt utgangspunkt i, har vore SEKSUELL INTERESSE og KJENSLER. Eg har i samsvar med sentral teori argumentert for at metaforar som skildrar kjensler i stor grad har ein kraftdynamisk motivasjon. Eg har funne at metaforar som *tiltrekkje*, *dra* og *dragning*, som i mine eksempel viser til måldomenet SEKSUELL INTERESSE, ikkje gir ei positiv forståing av kjensler. Eg har formulert omgrepsmetaforane SEKSUELL INTERESSE SOM FYSISK TILTREKKING, Å FÅ STERKE KJENSLER FOR NOKON SOM Å BLI FANGA, og Å FÅ KJENSLER FOR NOKON SOM Å FALLE. Desse omgrepsmetaforane gir ei forståing av seksualitet og kjensler som noko ein blir utsett for, og ikkje noko ein sjølv kan kontrollere.

Seksualitet er ein høgst abstrakt del av sinnet, og et har ikkje lukkast forskarane å einast om korleis seksualitet utartar seg, anna enn at det er ein indre prosess (sjå kapittel 2.7 for seksualitet). Nokre av eksempla er formulert i passivform, noko ein kan tolke som ei framandgjering eller måte å flytte fokus frå seg sjølv på. At dei forstår seg sjølv som patiens i situasjonen, og at det er noko utanfor dei sjølv som fungerer som agens (den som utløyser ein viss seksualitet), underbyggjer ei oppfatning av at det dei opplever, ikkje er i samsvar med eige ønske. Sjølv om eg har argumentert for at metaforane ikkje skapar ei positiv forståing av seksualitet, treng ikkje metaforane å oppfattast slik. Eg har argumentert for at dei skapar ein negativ forståing i denne konteksten (Skeive historier), då dei ofte skildrar uønskte kjensler. Desse metaforane kan også bli brukt i positiv forstand, for eksempel for å skildre forelsking.

4.3 Metaforar med objekt- og behaldarmotivasjon

I denne delen vil eg analysere omgrepsmetaforar og metaforiske uttrykk som tar utgangspunkt i eins eige forhold til seksualitet. Dei overordna måldomena eg har funne er SEKSUALITET og PSYKISK OPPLEVING. Eg vil spesifisere kjelde- og måldomena når eg kjem til dei aktuelle metaforane. Det første metaforiske uttrykket eg tar føre meg, er uttrykket *å komme ut av skåpet* (og andre variantar av same uttrykk). Dei metaforiske uttrykka er kursiverte.

1. I et helt år gikk jeg rundt inn i *skapet* og ville bare *ut*. (nr. 2, linje 41)
2. Det var egentlig ikke meningen *å «være i skåpet»*. (nr. 2, linje 68)
3. Livet er bedre *utenfor skåpet*, (...) (nr. 5, linje 258)
4. *Å komme ut av skåpet* er det vanskeligste jeg noen gang har gjort, (...) (nr. 1, linje 25)
5. (...) særlig ikke før jeg *kom ut av skåpet*, (...) (nr. 5, linje 200)
6. Ett råd til dere som ikke har *kommet ut av skåpet*: (...) (nr. 5, linje 257)
7. Det er ikke slik at man kun *kommer ut av skåpet* én gang, (...) (nr. 8, linje 394)
8. Jeg *kom ut av skåpet* da jeg var atten eller nitten år. (nr. 9, linje 421)
9. (...) den tøffe delen for meg var ikke bare *å komme ut* for familien, men *å komme ut av skåpet* «resten av livet». (nr. 9, linje 435 og 436) (1/2)
10. Egentlig fra det sekundet jeg erkjente det for meg selv tenkte jeg på det *å komme ut*. (nr. 2, linje 40)
11. Det er slitsomt *å komme ut* hele tiden. (nr. 4, linje 177)
12. (...) *kom ut* når dere føler for det. (nr. 5, linje 258)
13. (...) provosert når heterofile sier at de ikke skjønner hvorfor det skal være noe problem *å komme ut* i 2012 (...) (nr. 7, linje 346)
14. Jeg fant ut at jeg ville *komme ut* når jeg var ferdig på videregående (...) (nr. 9, linje 422)
15. Det var som *å komme ut* til en robot, (...) (nr. 1, linje 30)
16. Jeg har *kommet ut* til de fleste. (nr. 4, linje 173)
17. (...) den tøffe delen for meg var ikke bare *å komme ut* for familien, men *å komme ut av skåpet* «resten av livet». (nr. 9, linje 435 og 436) (2/2)
18. Da jeg *kom ut* som bifil, (...) (nr. 1, linje 23)
19. Jeg bestemte meg for *å komme ut* som homofil på en internettside. (nr. 6, linje 299)
20. Jeg *kom ut* med et brak da jeg begynte på videregående, (...) (nr. 2, linje 44)
21. (...) som selv kunne ha godt av en «*komme ut prosess*», (...) (nr. 7, linje 364)

Når abstrakte storleikar blir forstått som behaldarar, kan ein referere til dei som objekt som ein kan vere *i* eller *utanfor*. I materialet mitt har eg funne ulike variantar av uttrykket. Eg har difor valt å behandle dei ulike variantane kvar for seg, men samle dei inn under same underkapittel. Med ulike variantar meiner eg at det same metaforiske uttrykket blir brukt, men at einskilde delar blir framheva og andre skjulte. Sjølv behaldarmetaforen viser til den same tilstanden, men dei ulike behaldarane varierer etter korleis informantane ønsker å framstille tilstanden. Eit fenomen som er interessant å sjå på i denne samanhengen, er det ein i metaforteorien kallar *highlighting* og *hiding* (Kövecses, 2010, s. 92). Ein snakkar hovudsakeleg om *highlighting* og *hiding* når ein bruker fleire ulike omgrepsmetaforar for å beskrive det same måldomenet. Eg vel her å bruke det om variantar av same omgrepsmetafor, då eg meiner dette er interessant å sjå nærare på. Tabell 6 vil gjelde alle eksempla i kapittel

4.3.1, då informantane framstiller det å vere ærleg om seksualiteten sin som rørsle ut av ein behaldar.

4.3.1 Å BLI OPEN OM SEKSUALITET SOM RØRSLE UT AV EIN BEHALDAR

Behaldarmetaforen er motivert av menneskekroppen og blir skapt gjennom vår fysiske erfaring med omverda. Vi opplever oss sjølve som fysiske entitetar med ei innside og utside, og ei overflate som avgrensar oss frå omgjevnadane. Vi overfører denne kunnskapen til andre fysiske objekt vi har rundt oss, og projiserer vår eiga inn-ut-orientering til andre fysiske objekt som er avgrensa av overflater (sjå kapittel 2.3.3 for ontologiske metaforar). *Skåpet* er ein abstrakt ontologisk metafor som viser til ein tilstand av løyndom; det å ha ein seksuell identitet som av samfunnet ikkje blir sett på som høgverdig eller rett, og som ein difor ikkje deler med omverda. Eg har presentert tilordningane mellom kjelde og måldomene i *tabell 6*.

Tabell 6: Å BLI OPEN OM SEKSUALITET SOM RØRSLE UT AV EIN BEHALDAR

Kjelde: Rørsle ut av eit skåp	→	Mål: Å bli open om seksualiteten sin
Skåp	→	Hemmeleghald
Ting som kjem ut av skåp	→	Person som viser seg fram med seksualitet
Å kome ut av skåpet	→	Å vise seg fram med sin seksualitet
Utanfor skåpet	→	Seksualiteten er kjend for andre

Eg vil bruke dei metaforiske følgeslutningane for å forklare det metaforiske uttrykket nærare. Eit fysisk *skåp* er ein behaldar der vi set ting vi ikkje vil at skal vere synlege. Når vi tar noko ut av skåpet, gjer vi innhaldet i skåpet synleg. Det som er utanfor skåpet, er synleg for alle. Skåp kjem i forskjellige storleikar til ulike føremål. Er skåpet stort nok kan eit menneske bruke det som gøymsel. Eg vil vidare sjå på preposisjonane i dei metaforiske uttrykka, og undersøke korleis informantane bruker og forstår det metaforiske uttrykket *kome ut av skåpet*. Eg vil starte med å sjå på dei ulike variantane av uttrykket *kome ut av skåpet* når dei står utan tillegg. Vidare vil eg sjå på preposisjonar og adverb som er brukt som tillegg i uttrykket, og sjå på kva rolle desse spelar i korleis informanten framstiller måldomenet.

Før eg tar for meg dei ulike variantane av det metaforiske uttrykket *kome ut av skåpet*, vil eg gjere greie for uttrykket. *Ut* er eit retningsangivande adverb, det vil seie at i uttrykket *å kome ut av skåpet* fortel *ut* oss at det er snakk om ei rørsle frå innsida til utsida. Etter adverbet *ut*

kjem preposisjonsfrasen *av skåpet*, som fortel oss om utgangspunktet for rørsle. Dei preposisjonane eg er interessert i, er dei som seier noko om omstenda kring *ut-rørsle*. Her har eg funne preposisjonane *av, til, i, med* og *som*. Eg vil òg ta for meg substantivet *prosess*, då dette er brukt etter *kome ut*, og kan fortelje oss noko om korleis uttrykket blir forstått. Eg vil presentere desse med eksempel frå materialet mitt.

Skåpet som behaldar (utan rørsle ut av behaldaren)

I materialet mitt har eg funne tre eksempel på at ein snakkar om tilstanden som eit fysisk skåp (sjå eksempel 1–3 under kapittel 4.3). Her representerer *skåpet* tilstanden, og personen forstår seg sjølv som innhaldet i *skåpet*, som i eksempel (2), «være i *skapet*». I eksempel (1), «gikk jeg rundt i *skapet*», går informanten rundt i *skåpet*. Preposisjonen *i* uttrykkjer at noko er innslutta av eit tredimensjonalt element, ein behaldar. Når ein går rundt inni eit skåp, er rørsle avgrensa av skåpveggane. Ein kan ikkje bevege seg utanfor skåpet, men må halde seg inne. Ein kan vere i konstant rørsle, men ein kan ikkje gå nokon plass. At ein går rundt i *skåpet* kan difor tolkast som at ein prøver å kome ut av ein uønskt tilstand, men at ein ikkje veit korleis. I eksempel (3), «livet er bedre utenfor *skapet*», blir skåpet som uønskt plassering/tilstand understreka ved at informanten seier at livet er betre *utanfor*. Informanten har gått frå å vere *i skåpet* til å vere utanfor, og har gjort seg erfaringa at livet er betre utanfor, altså når ein har kome ut av tilstanden med hemmeleghald.

Kome ut av skåpet

Det metaforiske uttrykket *kome ut av skåpet* må seiast å vere hovudmetaforen, då den ligg til grunn for alle dei andre metaforiske uttrykka som blir kombinert med *kome ut* (sjå eksempel 4–9). Preposisjonen *av* viser til fråstad; utgangspunktet for flyttinga (Faarlund med fleire, 1997, s. 427–428). Ein kjem her ut *av skåpet*, *skåpet* er forstått som utgangspunktet for rørsle. Når ein kjem ut *av* noko, går ein frå ein plass til ein annan, for eksempel frå inne i noko til ute av noko, her tilstanden å vere *i skåpet*. Eg fann seks metaforiske uttrykk der preposisjonen *av* stod etter adverbet *ut*, som i eksempel (4) «å komme ut *av skapet*». I desse konstruksjonane er objektet (*skåpet/tilstanden*) framheva, då dei skildrar prosessen frå å gøyme seksualitet, til å fortelje omverda om seksualiteten.

Kome ut

I dei fleste eksempla mine er *ut*-frasen etterfølgt av ein preposisjon, medan andre eksempel ikkje spesifiserer *ut* tydelegare (sjå eksempel 10–14). I desse eksempla er det difor interessant å sjå nærare på kva kontekst uttrykket står i. Eg har funne fem eksempel på at uttrykket *kome ut* står aleine, for eksempel i eksempel (10), «Egentlig fra det sekundet jeg erkjente det for meg selv tenkte jeg på det å komme ut». I dette eksempelet viser *det* til homofil legning, og når vi ser dette i samanheng med verbet *erkjenne*, og uttrykket *komme ut*, kan ein forstå at det er snakk om å kome ut av ein tilstand, her tilstanden *skåpet*. Uttrykket viser her til den same prosessen, å kome ut av ein tilstand. *Skåpet* blir ikkje eksplisitt nemnt, men grunna konvensjonaliteten til uttrykket blir *skåpet* (som tilstanden å vere i *skåpet*) underforstått i ytringa. Vi veit at det er snakk om ei rørsle frå ei innside til ei utside, men sidan adverbialet ikkje er vidare spesifisert, er konteksten avgjerande for forståinga. I dei neste eksempla eg tar for meg, er heller ikkje tilstanden *skåpet* eksplisitt nemnt. Her finn ein derimot preposisjonar og adverb som står til uttrykket.

Kome ut *till/for*

Preposisjonen *til* uttrykkjer målet for ei flytting, rørsle eller sansing (sjå eksempel 15–17). Utfyllinga av preposisjonen viser til målet for den reelle eller tenkte flyttinga (Faarlund med fleire, 1997, s. 425). Eksempel (15), «Det var som å komme ut *til* en robot», er det føremålet med prosessen som er i fokus, altså kven som er mottakarane av informasjonen. Det same ser ein i eksempel (17), «å komme ut *for* familien». I desse eksempla er ikkje sjølve tilstanden i fokus, men den eller dei som er mottakarane til informantane sitt skifte i tilstand. Ein kjem ikkje ut for sin eigen del, men for dei andre rundt seg. Personen som er inni skåpet veit kva innhaldet er, men sidan personen er inni skåpet er han ikkje synleg for andre. Når ein ikkje er synleg for andre, vil ein ikkje kunne ta del i fellesskapet, og ein avgrensar seg sjølv. Ved å kome ut for fellesskapet vil ein ha moglegheit til å vere ein del av det, då ein er synleg for dei andre rundt seg.

Kome ut *med*

Preposisjonen *med* tyder ‘1 følgd av; hos, ved’ (*Nynorskordboka*, under *med*). Når *med*-frasen står som adverbial som i eksempel (20) «jeg kom ut med et brak», viser det at rørsla ut av det underforståtte *skåpet* blir følgd av eit *brak*. *Brak* blir definert som «sterk og knakande lyd; braking» (*Nynorskordboka*, under *brak*). Når ein kjem ut av skåpet med eit *brak*, smell ein opp døra med stor kraft slik at dørene slår mot sidene av skåpet. Når ein kjem ut og lagar

mykje lyd, vil ein få merksemd frå alle på ein gong. Om ein kjem ut av skåpet utan å lage lyd, vil kanskje nokre sjå det med ein gong, medan andre ikkje vil bli merksame på hendinga. Ein er synleg for andre, men dei andre vil først sjå det når dei rettar merksemda mot skåpet.

Kome ut *som*

Preposisjonen *som* innleier eit predikativ (sjå eksempel 18 og 19). Predikativ fortel oss kven eller kva subjektet eller objektet er, eller nemner ein eigenskap subjektet eller objektet har (Kulbrandstad og Kinn, 2016, s. 317). Når det her er snakk om ein person som er i rørsle ut av ein behaldar, vil uttrykket kome ut *som* beskrive personen som *kjem ut*. Ein ser dette i uttrykk som «han kom ut av fengsel *som* ein ny mann», eller «ho kom ut av jobbintervjuet *som* tilsett». I desse to fiktive eksempla, fungerer *som* refleksivt og viser tilbake til subjektet i setninga. I eksempel (18), «jeg kom ut *som* bifil», skildrar informanten kva personen eigentleg er når personen kjem ut av *skåpet*, eller tilstanden «å halde seksualiteten sin skjult for omverda». Her definerer informanten seg sjølv slik at andre veit kva informanten er eller vel å definere seg som.

Kome ut-*prosess*

Rørsla ut av *skåpet* blir i eksempel (21) forstått som ein *prosess*, «kunne hatt godt av en «*komme ut prosess*», (...)». Når ein snakkar om å kome ut av eit skåp, ser ein føre seg ei kortvarig rørsle frå innsida til utsida av eit skåp. Når denne rørsla blir referert til som ein *prosess*, får ein assosiasjonar til noko meir tidkrevjande. *Prosess* blir av ordboka definert som ‘1 utviklingsgang’ (*Nynorskordboka*, under *prosess*). Utviklingsgang viser til ei rekkjefølgje, eller fasar av noko. For eksempel består jobbsøkjjarprosessen av fleire fasar, frå søknadsskriving til intervju og tilsetning. Ved å kalle noko ein *prosess*, viser dette at det er fleire ledd i ei hending, ikkje berre eitt. Vidare er dette er med å på å vise at rørsla ut av tilstanden *skåpet* er meir kompleks enn metaforen kanskje gir uttrykk for. Slik ordet *prosess* er brukt her, viser det til alle dei ulike delane ein må igjennom frå å ikkje ha fortalt nokon om sine seksuelle preferansar, til at alle eller dei fleste veit om det. Prosessen består ikkje berre av å kome ut av skåpet, eller annonsere det på sosiale medium, men å heile tida gjenta det same handlingsmønsteret; å fortelje andre om sine private seksuelle preferansar, for å tydeleggjere at ein ikkje er heterofil, som elles ville ha vore den antekne seksualiteten.

4.3.2 *Å kome ut av skåpet som omgrep*

Nemninga *skåpet* brukt om undertrykking og skamkjensle kring seksualitet er eit godt og beskrivande bilete på korleis personar som ikkje identifiserer seg med å vere heterofile, opplever tilstanden. Det er nærliggande å tolke metaforen *skåpet* som lån frå det engelske *closet*, som av ordboka blir definert som «2 (the closet) Used to refer to a state of secrecy or concealment, especially about one's homosexuality» (*Oxford Living Dictionaries*, under *closet*). Opphavet til uttrykket er elles ikkje sikkert, men metaforen kan ha slektskap til «skeletons in the closet», eller *skjelett i skåpet*. Å ha *skjelett i skåpet* viser i overført tyding til noko ubehageleg (for eksempel ei kriminell eller umoralsk handling) frå fortida, som ein held skjult for andre (NAOB, 2018, under *skjelett*). Etymologisk slektskap med uttrykket *å kome ut av skåpet* vil på bakgrunn av dette ikkje vere usannsynleg. Historieprofessor George Chauncey hevdar at ein ikkje brukte termen *closet* om skjult seksualitet i New York før midt til seint på sekstitalet, medan andre hevdar å ha funne uttrykket i bruk tidlegare (Brown, 2000, s. 5–6). Det interessante ved dette er at uttrykket lenge har vore produktivt i språket, og har på mange måtar gjennomgått ei tydingsforskyving frå ‘å skjule noko umoralsk’, til det å ‘skjule seksuelle preferansar’. Sjølv om enkelte uttrykk er så innarbeidd i språket at vi ikkje tenkjer over den leksikalske tydinga, vil orda kunne bere vidare skjulte haldningar. Jonathan Charteris-Black tar opp dette i boka *Corpus Approaches to Critical Metaphor Analysis* (2004). Han skriv at metaforen er sentral når ein skal gjennomføre kritisk diskursanalyse, fordi metaforen forsøker å skape ein samanhengande røyndomskonfigurasjon (Charteris-Black, 2004, s. 28). Det vil seie at metaforar som bruker eit konkret kjeldedomene for å beskrive eit abstrakt måldomene, medvitent kan bli brukt for å skape eit bilete av røyndommen som ikkje er heilt korrekt. Ein kan tilpasse kjeldedomenet til fordel for sitt syn eller den budskapen ein ønsker å få fram. Når det å skjule seksualitet som ikkje er heterofil, blir forstått som å vere i eit skåp, kan ein tolke seksualitetar som ikkje passar inn i denne norma, som å vere mindre verdt.

Å tolke uttrykket *å kome ut av skåpet* som ei heteronormativ forståing av seksualitet vil for somme opplevast problematisk. Ein kan argumentere for at *skåpet*, som viser til ein tilstand der ein ikkje snakkar om eller viser fram seksualiteten sin, òg vil kunne gjelde heteroseksualitet. Seksualitet har generelt vore eit tabuisert tema lenge. Ein kan difor argumentere for at sjølv heterofile, med for eksempel undertrykte seksuelle fantasiar og behov, òg vil kunne kjenne seg framandgjort, og kjenne på ein tilstand lik det å vere i *skåpet*. Det er likevel skilnadar mellom korleis ulike former for seksualitet blir sett på i samfunnet.

Sjølv om heteroseksualitet, i likskap med andre seksualitetsformer, ikkje har vore snakka om offentleg, er heteroseksualitet den rettleiande seksualiteten som blir sett på som høgverdig og riktig. Seksuelle fantasiar vil difor kome på sida av dette, då det her er snakk om seksualitet på eit overordna plan, ikkje nyansar innanfor dei ulike seksualitetane. Grunnen til dette er at heteroseksualitet står i ei særstilling i samfunnet: Det er den seksualiteten ein blir anteken å ha med mindre ein eksplisitt gir uttrykk for noko anna, samstundes noko ein ikkje treng å fortelje andre om, i motsetnad til andre seksualitetar. Kva skåpet er, er vanskeleg å seie presist, men kan på lang veg beskrivast slik: «The closet is a term used to describe a denial, concealment, erasure, or ignorance of lesbians and gay men. It describes their absence – and alludes to their ironic presence of nonetheless – in a society that, in countless interlocking ways, subtly and blatantly dictates that heterosexuality is the only way to be.» (Brown, 2000, s. 1). Skåpet er altså ikkje berre ein ting, men fleire faktorar som samla skapar omgrepet.

Eg vil her kort vise korleis skåpmetaforen kan bli brukt i andre liknande tilfelle, og vil bruke seksuelle fantasiar som utgangspunkt for eksempelet mitt. Fiktivt eksempel: «Arild har kome ut av skåpet som BDSM-ar». Av dei som er seksuelt aktive, er ikkje alle opne om sine seksuelle fantasiar. Seksuelle fantasiar og fetisjisme har, i likskap med homofili, historisk blitt sett på som perverst og umoralsk. Ein kan difor forstå bruken av skåp-metaforen i slike tilfelle, då ein må stå fram og fortelje om seksualiteten sin om ein ønsker å bli anerkjend, eller gjere fantasiar og fetisjar mindre tabu. Utgangspunktet for det metaforiske uttrykket kjem derimot frå einskilde menneske sin erkjenningsprosess av å ikkje identifisere seg som heterofile. Det vil seie at i den grad heterofile vel å nytte seg av skåp-metaforen, er det på bakgrunn av deira kunnskap om korleis samfunnet definerer menneske som skjuler sine ikkje-heterofile seksuelle preferansar.

For å forklare *skåp*-metaforen meir konkret kan ein sjå for seg at personar som definerer seksualiteten sin som avvikande, og som ikkje tør å fortelje andre om den, er inni eit skåp: Dei er eit objekt inni ein behaldar. Utanfor skåpet er personane som ikkje har ein avvikande seksualitet, og dei med avvikande seksualitet som har gått ut av skåpet og fortalt andre om han. Dei personane som ikkje tør å fortelje om seksualiteten sin er inne i skåp, og avgrensar slik sin eigen fridom. Om dei går ut av skåpet, blir dei synlege for andre. Dei skil seg frå mengda og kan bli sett på som unormale, fordi dei ikkje har den seksualiteten som samfunnet har satt som standard.

Denne metaforen er beskrivande for korleis ein kan oppfatte tilstanden, men han har òg nokre problem. Som nemnt i kapittel 4.3.1, kan ein bruke *highlighting* og *hiding* for å synleggjere og gøyme aspekt ved metaforen ein nyttar. Når ein skildrar tilstanden å skjule seksualitet som ‘å vere inni eit skåp’, seier ein at ein ikkje er synleg for andre. Ein kan sjå for seg at ein er inni eller utanfor skåpet med omsyn til ulike eigenskapar. Nokre eigenskapar vel ein å vere i skåpet med, medan andre er ein utanfor skåpet med. Når ein er i skåpet med for eksempel seksualiteten sin slik at den ikkje er synleg for andre, blir ein anteken å ha den seksualiteten som samfunnet har som standard. Ein treng difor ikkje *kome ut av skåpet* som heterofil, då ein aldri har tronge å skjule «reproduserande» seksualitet.

4.3.3 PSYKISK OPPLEVING SOM FANGENSKAP

I det neste eksempelet eg skal ta for meg, blir den psykiske opplevinga av å ha homoseksualitet framstilt som å vere i eit *fangenskap*. Dette kan tolkast som ei vidareføring av skåpmetaforen, då ein i *skåpet* er avgrensa av fire veggjar, og dermed ikkje heilt fri. Her er det likevel ein viktig skilnad; kjensla av opplevd fridom. Det metaforiske uttrykket er kursivert.

1. Historien er blitt kalt 19 år i «*fengsel*» fordi det er slik jeg har følt at mesteparten av livet mitt har vært. (nr. 1, linje 5)

I eksempel (1) forstår informanten det å vere homofil som å vere i eit *fengsel*. *Fengsel* blir av ordboka definert som ‘bygning der arresterte eller (oftast) dømde personar sit eller sonar straff’ (*Nynorskordboka*, under *fengsel*). Når ein sit i fengsel, har ein avgrensa fridom, og ein bestemmer ikkje sjølv når ein kan bli sleppt fri. I tillegg til å ha avgrensa fridom sonar ein ei straff. Eg tolkar denne straffa som det å ha ein seksualitet som ein ikkje tør å vise fram, då ein ikkje opplever denne seksualiteten som akseptert i samfunnet. Det å ikkje vere komfortabel med den seksualiteten ein har, er på mange måtar å gå imot instinkta sine. Denne kjensla er ubehageleg, og ein kan kjenne seg fanga i ein situasjon ein ikkje kan gjere noko med. Når vi skal beskrive slike erfaringar, som for eksempel kjenslene våre, hentar vi terminologi frå meir konkrete kjeldedomene. Å bruke kjeldedomenet FANGENSKAP om måldomenet PSYKISK OPPLEVING er eit eksempel på dette. Professor i psykologi Sam Glucksberg tar for seg kjeldedomenet FENGSEL når han snakkar om metaforen MY JOB IS A JAIL. Han skriv at i dei tilfella ordet *fengsel* er brukt metaforisk, er det som regel brukt om ubehagelege og forvirrande situasjonar (Glucksberg og McGlone, 2001, s. 55). Slik metaforen er brukt i eksempel (1), der informanten forstår det å vere homofil som å vere i eit *fengsel*, er det nærliggande å tolke metaforen som å vere meir graverande enn berre ubehageleg og forvirrande. Det er nærliggande å tolke kjensla av å vere i *fengsel* som at ein blir straffa for noko ein har gjort, som i dette tilfellet vil vere å kjenne på seksuelle preferansar som er avvikande frå det samfunnet har sett som standard.

Som vist i kapittel 4.3.1, vil ein skilje personar som ikkje er opne om si seksuelle orientering grunna frykt eller utryggleik, ofte beskrive denne situasjonen som å vere i eit *skåp*. Dei opplever situasjonen som ubehageleg, men graden av opplevd sjølvbestemming er høgare når dei forstår tilstanden som eit *skåp*, og ikkje som eit *fengsel*. Når ein er i eit *skåp*, kan ein i prinsippet gå ut når ein sjølv vil. Ein bruker *skåpet* som eit gøymsel, men kan sjølv bestemme

og kontrollere når ein ikkje vil gøyme seg lenger. Når informanten i eksempel (1) derimot forstår homoseksualiteten som eit *fengsel*, tydeleggjer dette den avgrensa fridommen seksualiteten har ført med seg.

4.3.4 Å IKKJE KUNNE ENDRE SEKSUALITET SOM Å VERE I FANGENSKAP

Som nemnt i kapittel 4.3.2, kan livet med avvikande seksualitet forståast som å vere i eit fangenskap. Det neste eksempelet eg tar for meg har klare fellesstrekk med denne metaforen. Det metaforiske uttrykket er kursivert.

1. (...) og til sist er man *fanget* i egen seksualitet. (nr. 3, linje 147)

Når ein er *fanga* i noko, er det som regel ei felle eller eit fengsel. Nokon andre har hatt som føremål å få subjektet inn i eit rom eller liknande mot subjektets vilje. I eksempel (11) ser ein at informanten er «*fanget* i egen seksualitet». Informanten forstår denne tilstanden som metaforen SEKSUALITET SOM BEHALDAR; seksualiteten, som er ein del av av SINNET, blir konseptualisert som ein behaldar personar kan vere fanga i. Seksualitet står her i eit metonymisk forhold til SINNET, då seksualitet må seiast å vere er ein del SINNET. Måten å forstå situasjonen på samsvarar med metaforen LIVET MED SKJULT HOMOSEKSUALITET SOM Å VERE I FANGENSKAP, då ein forstår opplevinga av å ikkje kunne endre seksualiteten sin slik ein sjølv vil, som å vere i eit fengsel.

4.3.5 Å VERE OPEN OM SEKSUALITET SOM Å TA EIT SKRITT FRAM FRÅ EI REKKJE

Eit anna metaforisk uttrykk som skildrar synleggjering av seksualitet, er uttrykket *stå fram*. Frå primærkjeldematerialet mitt har eg funne metaforen Å VERE OPEN OM SEKSUALITET SOM Å TA EIT SKRITT FRAM FRÅ EI REKKJE. Dei metaforiske uttrykka er kursiverte.

1. (...) det er enda 4 år til jeg *står fram*. (nr. 5, linje 208)
2. Så kommer vi til da jeg *sto fram*, (...) (nr. 5, linje 210)
3. Etter at jeg *sto fram* har livet blitt mye enklere på en måte, (...) (nr. 5, linje 215)
4. Jeg tror jeg er den første som har *stått fram* som lesbe (...) (nr. 5, linje 217)
5. (...) at det faktisk ikke er for DEG den og den kjendisen har *stått fram*, (...) (nr. 7, linje 349)
6. Da jeg omsider *sto frem* helt åpent for alle rundt meg, (...) (nr. 10, linje 487)

Tilordningane mellom kjelde og måldomene er presentert i tabell 7.

Tabell 7: Å vise fram seksualiteten sin som å ta eit skritt fram frå ei rekkje

Kjelde: Å ta eit skritt fram frå ei rekkje	→	Mål: Å vise seksualiteten sin offentleg
Rekkja	→	Gruppe av personar med anteken heteroseksualitet
Dei som står i rekkje	→	Enkeltmenneske med ulike former for seksualitet
Nokon som ikkje vil stå i rekkje	→	Nokon som ikkje vil skjule den avvikande seksualiteten sin
Å ta eit skritt fram frå rekkja	→	Å ytre/vise fram seksualiteten sin for dei andre
Å ikkje vere i rekkja	→	Å vere synleg for dei andre med seksualiteten sin

I uttrykket *stå fram* er verbet *stå* kjernen, og adverbet *fram* adverbial. Verbet *stå* tyder ‘1 vere i oppreist stode’ (*Nynorskordboka*, under *stå*). *Stå* er brukt i mange metaforiske uttrykk, blant anna i uttrykket *stå fram som*, definert av *Bokmålsordboka* som ‘7 gi seg til kjenne med en ny tilknytting’ (*Bokmålsordboka*, under *stå*). I denne konteksten tolkar eg uttrykket som ‘det å fortelje om noko, eller å vere ærleg om noko ein har halde skjult for andre’, og samsvarar med definisjonen frå *Bokmålsordboka*. Reint bokstaveleg tyder det å *stå fram* å fysisk ta eit skritt fram frå ei rekkje. Når ein tar eit skritt fram frå ei rekkje, blir ein meir synleg for andre.

Uttrykket *stå fram* er mykje brukt i mediebialet, for eksempel i saker om seksuell trakassering: «Giske-varsler *står frem*», «Ny anklager mot Kavanaugh *står frem*», i saker kring religion: «KrFU-leder *står frem* som ateist», og ikkje minst om personar som fortel omverda om sine seksuelle preferansar: «fotballspiller *står frem* som homofil».

Kva er felles med måten desse uttrykka er brukt på? Eg forstår uttrykket *å stå fram* slik: Ein står i ei rekkje med menneske. Fordi dei står på den same rekkja, blir det anteke at dei deler same meiningar/eigenskapar. Når alle står i denne rekkja, er alle tilsynelatande einige med kvarandre, og dei blir oppfatta som eit samla lag. Når ein av personane i rekkja ikkje vil framstillast som noko dei andre i rekkja er, er einaste måten å vise dette på, å ikkje stå i denne rekkja. I eksempel (4), «jeg tror jeg er den første som har stått fram som lesbe (...)», seier subjektet at ho *sto fram* som lesbisk (sjå kapittel 4.3.1 for uttrykket kome ut *som*, i «jeg kom

ut som bifil»). Slik eg tolkar uttrykket, forstår subjektet seksualiteten til alle kvinnene som står i rekkja til å vere heterofil. Subjektet identifiserer seg ikkje med denne seksualiteten, og markerer dette ved å ta eit skritt fram frå rekkja med antekne heteroseksuelle kvinner. Ho viser med dette at ho ikkje ønsker å bli oppfatta som heterofil. I likskap med uttrykket *å kome ut av skåpet* viser *å stå fram* her til prosessen å fortelje/vise fram seksualiteten sin. Det blir likevel forstått noko annleis. Når ein står i ei rekkje, gøymer ein seg ikkje, men ein er heller ikkje godt synleg. Ein går i eitt med omgjevnadane, og må gjennomføre eit fysisk skifte i plassering, i likskap med skåp-metaforen. Denne metaforen kan samanliknast med metaforen LIKSKAP SOM NÆRLEIK, då ein forstår det å vere lik nokon som å ha same plassering (Goatly, 2007, s. 192–193).

4.3.6 SEKSUALITET SOM EIT KONTROLLERBART OBJEKT

I det neste eksempelet eg tek for meg, oppfattar informanten det å ha seksualitet som det same som å handtere eit objekt. Det metaforiske uttrykket er kursivert.

1. Så jeg bare *fortrengte* det inne og latet som ingen ting. (nr. 6, linje 272)

Tilordningane mellom kjelde- og måldomenet blir presentert i tabell 8. Denne tabellen vil gjelde for både kapittel 4.3.5 og kapittel 4.3.6, då det å kontrollere eit objekt kan koplast til om objektet er synleg eller ikkje.

Tabell 8: Tilordningar for SEKSUALITET SOM EIT KONTROLLERBART OBJEKT

Kjelde: Å kontrollere eit objekt	→	Mål: Å styre seksualiteten sin
Å vise fram objektet	→	Å ikkje undertrykkje seksualiteten sin
Å gøyme objektet	→	Å ikkje vise seksualiteten sin til andre
Å dytte vekk objektet	→	Å undertrykkje/fornekte seksualiteten sin

Nynorskordboka definerer verbet *fortrengje* som ‘1 trengje bort, skyve unna, 2 i overført tyding: setje til sides; sjå bort frå, gløyme’ (*Nynorskordboka*, under *fortrengje*). I dag blir *fortrengje* oftast forstått som ‘sjå bort frå, gløyme’, men eg forstår den mest grunnleggjande tydinga som å fysisk trengje vekk noko med makt. I psykologien blir *fortrenging* definert som «en psykologisk prosess der konflikter og følelser som vekker angst, trenges tilbake fra bevisstheten og «glemmes».» («fortrengning», 2016). Når informanten i eksempel (1) seier «så jeg bare *fortrengte* det inne», viser pronomenet *det* til den uønskete seksualiteten personen

kjenner på. Seksualiteten blir her fortrenget inne i noko, her personen sjølv/sitt eige sinn. Når ein fortrengrer den uønskte seksualiteten, kan ein sjå for seg at ein bruker makt for å gøyme seksualiteten inne i ein behaldar, her sinnet, for å forsøke å gløyme han. Når noko medvetent blir forsøkt gløymt eller gøymt bort, er dette som regel fordi det er noko ein skammar seg over, og ikkje vil vise fram til korkje seg sjølv eller omverda. Ein vil ikkje vedkjenne seg det, og prøver så godt det lar seg gjere å hindre at det skal bli synleg.

4.3.7 SEKSUALITET SOM NOKO SYNLEG

I dette underkapittelet tek eg for meg nokre fleire tilfelle der avvikande seksualitet blir forstått som noko som er mindre verdt enn den heterofile seksualiteten. Denne metaforen heng tett saman med dei behaldarmetaforane eg tidlegare har tatt for meg. Dei metaforiske uttrykka er kursiverte.

1. Jeg slipper å *skjule* hvem jeg egentlig er (...) (nr. 5, linje 215)
2. (...) og å ikke trenge å *skjule* eller forklare til noen som helst. (nr. 7, linje 357)

Ordet *skjule* er definert som '1 dekkje, gøyme, løyne, 2 dølgje, halde løynd'

(*Nynorskordboka*, under *skjule*). Eg tolkar den mest grunnleggjande tydinga av verbet *skjule* som '1 dekkje, gøyme', som i handlinga å dekkje over eit objekt med noko, for eksempel ein presenning, for å ikkje vise fram objektet. Ein bruker dette i overført tyding for å snakke om det å ikkje fortelje heile sanninga, eller bevisst halde tilbake informasjon. Eksempel (1), «Jeg slipper å *skjule* hvem jeg egentlig er», fortel subjektet om livet etter at ho fortalde om at ho var lesbisk. Før ho fortalde omverda om dei seksuelle preferansane sine, heldt ho denne informasjonen for seg sjølv. Det motsette av å vere open er å vere lukka, altså med ei usynleg innside.

4.3.8 Å IKKJE HALDE SEKSUALITET LØYNT SOM Å VERE EIN OPEN BEHALDAR

Eg vil her sjå på dei tilfella der det å ikkje skjule seksualiteten sin blir forstått som det å vere ein open behaldar. Dei metaforiske uttrykka er kursiverte.

1. Jeg ser på meg selv som *åpen*, (...) (nr. 4, linje 172)
2. Kjenner veldig på forventningen til at man skal være *åpen*. (nr. 4, linje 178)
3. Det er forøvrig mer naturlig å være *åpen* om man er i et forhold, (...) (nr. 4, linje 179)
4. (...) og mange skruller eller veldig *åpne* forakter «hetero-homoene». (nr. 4, linje 189)
5. (...) det ultimate uttrykket for at det går an å være *åpen* uten å bli slått ned. (nr. 7, linje 353)

Tilordningane mellom kjelde og måldomenet blir presenterte i tabell 9.

Tabell 9: Tilordningar for omgrepsmetaforen SEKSUALITET SOM BEHALDAR

Kjelde: Behaldar	→	Mål: Seksualitet
Ein lukka behaldar	→	Seksualiteten er ikkje synleg
Ein open behaldar	→	Seksualiteten er synleg

Behaldarmetaforen kjem til uttrykk ved at ein her forstår seg sjølv som noko som kan vere *ope*. I medisin gir det meining å snakke om menneskekroppen som noko som kan vere *ope* eller *lukka*, men i desse eksempla er det snakk om SINNET SOM BEHALDAR. Kjeldedomenet er altså abstrakt. I eksempel (1) «Jeg ser på meg selv som *åpen*», konseptualiserer informanten seg sjølv, eller sitt eige sinn, som ein behaldar. Å vere *open* betyr her å ikkje skjule sine eigne seksuelle preferansar for andre medvitent. Eg bruker ordet *medviten* då informanten i teksteksempelet gir uttrykk for at han sjølv oppfattar seg som *open*, men er usikker på korleis andre oppfattar han. Sjølv om informanten har som intensjon å vere *open*, treng ikkje andre oppfatte personen som det. Denne metaforen kan minne om *skåp*-metaforen. Når eit skåp er *ope*, kan ein sjå innhaldet, men om det er *lukka*, er innhaldet skjult. I dei tilfella sinnet er konseptualisert som eit fysisk skåp, skreiv informantane om ei rørsle ut, og ikkje berre ei opning. Når nokon *kjem ut* gjer dei seg fysisk synlege, men når nokon er *opne*, legg dei berre forholda til rette slik at andre kan sjå inn i dei. Å bli *open* kan dermed oppfattast som mindre synleggjerande enn å *kome ut*. Trass i at dette er to ulike måtar å forstå *skåpet*/behaldaren på, er dei på mange måtar samanfallande. Dei forstår tilstanden som ein behaldar, men bruker ulike tilordningar når dei skildrar korleis dei fortel om sine seksuelle preferansar.

4.3.9 PSYKISK OPPLEVING SOM OBJEKT MED VEKT

I dei neste eksempla eg tek for meg, blir måldomenet PSYKISK OPPLEVING forstått som noko som har fysisk vekt. Dei metaforiske uttrykka er kursiverte.

2. (...) noe jeg tror jeg gjorde fordi det var *lettere* enn å erkjenne hva jeg egentlig følte. (nr. 1, linje 23)
3. Jeg har hatt et *tungt* liv, (...) (nr. 3, linje 82)
4. I en alder av tretten år var ikke dette *lett*, (...) (nr. 6, linje 271)

Tilordningane mellom kjelde- og måldomenet blir presenterte i tabell 10:

Tabell 10: Psykisk oppleving som objekt med vekt

Kjelde: Objekt med vekt	→	Mål: Psykisk oppleving
Tung	→	Vanskeleg
Lett	→	Enkel

I eksempel (3), «Jeg har hatt et *tungt* liv», forstår informanten livet med avvikande seksualitet gjennom metaforen PSYKISK OPPLEVING SOM OBJEKT MED VEKT. Når informantane snakkar om seksualitet som noko med tyngde, heng dette saman med omgrepsmetaforen SKAM ER BØRER. Når ein ber eit objekt, vil tyngda på objektet avgjere om det er enkelt eller vanskeleg å bere. Om objektet er *lett*, meistrar vi det på eiga hand, men om det er *tungt*, vil ein streve med å bere objektet. Kunnskapen vi har om objekthandtering blir overført til å gjelde det å meistre andre meir abstrakte fenomen, som for eksempel det å meistre ulike aspekt ved livet. Når ein forstår dei aspekta ved livet som handlar om seksualitet som noko *tungt*, kan ein sjå for seg at seksualiteten er eit objekt med høg vekt som ein strevar med å bere. Kövecses skriv at mange kjensler, som for eksempel sinne, frykt og skuld, blir forstått som vanskelege tilstandar å hanskast med. Ein vil difor ofte konseptualisere utfordringar som bærer, eller som objekt med vekt (Kövecses, 2000, s. 45).

I eksempel (4), «I en alder av tretten år var ikke dette *lett*», bruker informanten den same omgrepsmetaforen som i eksempel (3), men ordet *lett* er ikkje like tydeleg metaforisk som *tung*. *Lett* blir brukt som motsetnad til både *tung* og *vanskeleg*, som i kjelddomenet OBJEKT MED VEKT, og for å beskrive opplevd vanskegrad av ei oppgåve/hending. Informanten i eksempel (4) skildrar oppdaginga av at han var seksuelt tiltrekt andre menn som «ikke *lett*», altså noko som var *tungt*. Det er ikkje usannsynleg at han ville formulert situasjonen som

vanskeleg heller enn *tung*. *Vanskeleg* er ikkje metaforisk, og sidan *lett* står i motsetnadsforhold til både *tung* og *vanskeleg*, vil *lett* ikkje vere like tydeleg metaforisk. Ein kan likevel bruke dei om einannan, som i dette eksempelet:

Var oppgåva *lett*?

- Nei, det var ei *vanskeleg* oppgåve.
- Nei, det var ei *tung* oppgåve.

4.3.10 PSYKISK OPPLEVING SOM FYSISK KREVJANDE ARBEID

Ein omgrepsmetafor som heng tett saman med omgrepsmetaforen i kapittel 4.3.6, er omgrepsmetaforen PSYKISK OPPLEVING SOM FYSISK KREVJANDE ARBEID. I dei neste eksempla skildrar informantane korleis den psykiske opplevinga av å ha ein avvikande seksualitet har vore, gjennom å bruke kjeldedomenet FYSISK KREVJANDE ARBEID. Dei metaforiske uttrykka er kursiverte.

5. (...) og *slitt* med ting jeg ikke unner noen. (nr. 3, linje 83)
6. (...) jeg har *slitt* mye og ikke ville akseptert dette. (nr. 6, linje 300)
7. Jeg har *slitt* i så mange år for å prøve å være et annet menneske (...) (nr. 6, linje 310)

Ordboka definerer *slit* som '1 dra, rive, tøyse noko så det går sund, 3 arbeide hardt, slepe' (*Nynorskordboka*, under *slite*). Eg tolkar den opphavelige tydinga av verbet *slite* i denne samanhengen som å vere '3 arbeide hardt, slepe'. Det er her snakk om fysisk krevjande arbeid, for eksempel å slite med ei tung vogn, eller ein stor stein som ein skal flytte frå ein plass til ein annan. Føremålet med slitet er endring, å fysisk flytte noko, anten eit objekt eller seg sjølv frå ein stad til ein annan. I eksempel (6), «jeg har *slitt* i så mange år for å prøve å være et annet menneske», fortel informanten om kor krevjande det er og har vore å undertrykkje/skjule dei uønskte seksuelle preferansane sine.

4.3.11 TILSTAND SOM BEHALDAR

Dei ontologiske metaforane kan som kjent hjelpe oss å få ei betre og klårare forståing av elles abstrakte måldomene, som for eksempel tilstandar (sjå kapittel 2.3.3 for ontologiske metaforar). Ein kan forstå tilstandar som behaldarar, og bruke dei metaforiske følgjeslutningane til å beskrive tilstanden ytterlegare. I dei neste tre eksempla blir tilstanden LIVET MED (HOMO)SEKSUALITET forstått som ein behaldar. Dei metaforiske uttrykka er kursiverte.

8. Jeg måtte *gjennom* mye vondt (...) (nr. 1, linje 7)
9. I løpet av tenårene var jeg *innom* selvmordstanker, (...) (nr. 1, linje 20)
10. Lange *dype* depresjoner ble av dette. (nr. 3, linje 115)

Dei tre eksempla (7), (8), og (9) viser alle til forskjellige tilstandar, men dei er alle forstått som å vere behaldarar. I eksempel (7) og (8) forstå informantane behaldaren som noko ein må igjennom for å fullføre noko. Eg presenterer tilordningane mellom kjelde- og måldomenet

i tabell 11. Eg har teke for meg dei som er relevante for dei språklege eksempla mine, og tabellen vil difor ikkje vere generell.

Tabell 11: Ulike tilstandar som forskjellige måtar å bruke behaldarar på

Kjelde: Behaldar	→	Mål: Tilstand
Vere i behaldar	→	Tenkje lenge på noko
Gå gjennom behaldar	→	Gjennomleve ein prosess
Vere innom behaldar	→	Tenkje på, og slutte å tenkje på raskt
Vere djupt nede i behaldar	→	Når tankane har utvikla seg til meir alvorlege tankemønster

I eksempel (7), «Jeg måtte *gjennom* mye vondt», fortel informanten om dei to prosessane ‘å bli fortruleg med’, og ‘fortelje omverda om sine seksuelle preferansar’. Prosessane blir konseptualisert som behaldarar som ein må igjennom. Tilstandane er utfordrande og vonde å oppleve.

Eksempel (8), «i løpet av tenårene var jeg *innom* selvmordstanker», er tilstanden *ha selvmordstankar* forstått som behaldar. Utanfor behaldaren har ein ikkje selvmordstankar, men om ein går inn i behaldaren har ein selvmordstankar. *Innom* blir av ordboka definert som ‘1 inn(e) hos (nokon) på ei stuttare vitjing, eit stuttare opphald (ofte som avstikkar på veg mot det endelege målet) (*Nynorskordboka*, under *innom*). Når ein er innom noko, er det for ei kortare stund; ein har eit ærend eller eit føremål med «besøket». Noko (ein stimulus) har fått subjektet til å ville kome innom. Når ein er *innom* ein tilstand, som for eksempel selvmordstankar, kan ein tolke dette som ei vurdering av handlinga (Selvmordet). Når ein er i tilstanden, vurderer ein å anten gå tilbake eller å gå igjennom behaldaren, altså avslutte eller gjennomføre handlinga. I (8) har informanten bevegde seg inn i behaldaren, men gått tilbake ut av behaldaren på same side, og altså ikkje fullført handlinga, men avslutta ho.

I eksempel (9), «Lange *dype* depresjoner ble av dette», fortel informanten om det å ikkje forstå seksualiteten sin, og korleis dette påverka psyken. Ordet *depresjon* tyder ‘tungsinn, mismot’, og kjem opphavelig frå det latinske *deprimere* (trykke nedover) (de Caprona, 2013, s. 1422). *Depresjon* blir her konseptualisert som ein *djupe* behaldar. Ein overfører kunnskapen ein har om *djupe* behaldarar; dei kan vere lette å kome nedi, men ofte vanskelege å kome ut

av igjen. Å kome ut av ein behaldar krev fysisk styrke, og om behaldaren er *djup* kan det opplevast som ei umogleg oppgåve. Tidlegare forskning på metaforar kring kjensler og depresjonar av blant andre Kövecses (2000), McMullen og Conway (2002), Mannsåker (2010) og Charteris-Black (2012), viser at tilstanden depresjon allment blir forstått gjennom å bruke måldomena MØRKE, VEKT, NED og RØRSLE NEDOVER. Mannsåker skriv i tillegg at uttrykket depresjon, som er motivert av omgrepsmetaforane som TRIST ER NED og (PSYKISKE) VANSKAR ER BØRER, er allmenne erfaringar, noko som skapar ei brei forståingsramme. Dette gjeld derimot ikkje for heile spekteret, då for eksempel erfaringa av tilstand som *djupne* ikkje er allmenn, og ikkje passar inn i dei «vanlege» omgrepsmetaforane om psykiske tilstandar (Mannsåker, 2010, s. 70–71).

McMullen og Conway (2002) har undersøkt metaforar brukt av pasientar i psykoterapi for å beskrive korleis dei opplever depresjonen sin, til terapeuten. Dei samla dei fleste av metaforane frå materialet sitt under omgrepsmetaforen DEPRESJON SOM RØRSLE NEDOVER. Dei fann at ein av dei vanlegaste erfaringane pasientane delte, var erfaringa av at jo lenger ned i depresjonen ein kom, jo vanskelegare var det å kome opp igjen (McMullen og Conway, 2002, s. 173). Ein kan her sjå ei tydeleg kopling mellom grad av depresjon og *djupne*, noko som kan overførast til metaforen TILSTAND SOM BEHALDAR, der graden av tilstanden samsvarar med kor *djup* behaldaren er.

4.3.12 PSYKISK OPPLEVING SOM VANDRING I MØRKE

Som ein kan sjå i fleire av eksempla frå primærkjeldematerialet mitt, er det å ikkje vere heterofil forstått som noko uheldig, vanskeleg og ikkje ønskeleg. Alvorsgraden varierer blant informantane, men alle har ei forståing av at det å ikkje vere heterofil er vanskeleg. I det neste metaforiske uttrykket eg vil ta for meg, bruker informanten kjeldedomenet VANDRING I MØRKE om den psykiske opplevinga av å ha avvikande seksualitet. Det metaforiske uttrykket er kursivert.

11. (...) og store deler av tiden har jeg *vandret i mørket* (nr. 3, linje 83)

Kroppsleg plassering og psykisk tilstand vil ofte samsvare, jamfør kroppsleggingering (Eg er i godt humør) (sjå kapittel 2.12 for det kroppsforankra sinnet). *Vandring* tyder det å gå til fots, anten frå stad til stad, eller fram og tilbake (NAOB, 2018, under *vandring*). Ein reiser til fots, men har ikkje nødvendigvis eit mål med reisa. Når ein går til fots utan eit konkret mål, treng

ein vegvisarar eller liknande, for eksempel eit konkret punkt, å gå mot. I eksempel (10) skildrar informanten vandringa som å vere i eit mørke. Når ein for eksempel er i eit mørkt rom, er alt svart og ein ser ingenting. Ein har ingenting å feste blikket på eller orientere seg etter, og kvar rørsle skjer utan at ein veit kvar ein er på veg. Dette er i regelen ikkje ein ønskt tilstand, då vi ofte forbind mørker med noko negativt:

«Generally the concept of darkness is a source for sadness or lack of hope: **dark** ‘sad or desperate’ (redundancy was a dark experience in my life), **darken** ‘make unhappy’ (the mood was darkened by news of their grandfather’s death), **darkest hour** ‘worst or most unhappy period’ (my darkest hour was when my wife attempted suicide), **black** ‘very miserable and depressed’ (his mood was even blacker than the day before)» (Goatly, 2007, s. 233)

På same måte som vi forstår lys og ting som er opplyst som positive, som metaforen LYS ER HÅP og Å SJÅ ER Å FORSTÅ, er mørker eit bilete på negative kjensler, som metaforane TRIST ER MØRK og UVISSE ER TÅKE.

4.3.13 Oppsummering av kapittel 4.3 om metaforar med objekt- og behaldarmotivasjon

I denne analysedelen har eg analysert omgrepsmetaforar og metaforiske uttrykk knytt til informantane sitt eige forhold til seksualitet. Måldomena eg har tatt utgangspunkt i har vore SEKSUALITET og PSYKISK OPPLEVING. Eg har argumentert for at skåp-metaforen, som er avleidd av den overordna behaldarmetaforen gjennom omgrepsmetaforen Å BLI OPEN OM SEKSUALITETEN SOM RØRSLE UT AV EIN BEHALDAR, skapar eit bilete av visse typar seksualitet som lite fordelaktig, og som noko ein ikkje eigentleg ønsker å vise fram. Denne seksualiteten kan i somme tilfelle vere uønskt, og opplevinga av dette blir i nokre tilfelle konseptualisert som eit *fengsel* gjennom omgrepsmetaforen PSYKISK OPPLEVING SOM FANGENSKAP. Eg har i tillegg sett at personar tilhøyrande ulike seksuelle minoriteter kjenner på ei sterk forventning om å fortelje omverda om seksualiteten sin, noko som for mange kan opplevast som utfordrande og vanskeleg. Eg har sett at informantane konseptualiserer seksualitet som ein entitet som ein kan gøyme vekk eller skjule, og på den måten distanserer seg frå seksualiteten sin ved å skilje den frå kroppen og sinnet. Dette kjem blant anna til uttrykk i omgrepsmetaforen SEKSUALITET SOM NOKO SYNLEG. I tillegg blir den psykiske opplevinga av å ha ein uønskt seksualitet konseptualisert som både eit objekt med tyngde, fysisk krevjande arbeid som ein behaldar, og som ei vandring i mørke. Her har eg formulert omgrepsmetaforar som PSYKISK OPPLEVING SOM OBJEKT MED VEKT, PSYKISK OPPLEVING SOM FYSISK KREVJANDE ARBEID, og TILSTAND SOM BEHALDAR. Desse måtane å forstå opplevinga på er med på å skape eit negativt bilete av seksualiteten og opplevingar knytt til den.

5 Diskusjon og forskingsspørsmål

I dette kapitlet vil eg diskutere funna mine med hjelp av forskingsspørsmåla eg har lagt til grunn for oppgåva.

5.1 Problemstilling og forskingsspørsmål

Problemstillinga er har lagt til grunn for oppgåva har vore:

Kva for omgrepmetaforar kan ein finne i Skeive historier om refleksjonar kring eigen seksualitet, og kva forståing av dette kjem til uttrykk gjennom dei språkelege uttrykka omgrepsmetaforen er motivert av?

Forskingsspørsmåla eg har utarbeida for å svare på problemstillinga er:

1. Kva forståing av seksuelle kategoriar kjem til syne, og i kva grad er desse forståingane hensiktsmessige?
2. Kva for ulike perspektiv har vi på seksuelle kategoriar, og kva seier relevant forskning om dei seksuelle kategoriane?
3. Kva for metaforar og metaforiske uttrykk bruker informantane når dei skal beskrive av seksuell interesse, og kva forståing av kjem til syne?
4. Kva for metaforar og metaforiske uttrykk blir brukt når informantane skal forklare prosessen å fortelje omverda om seksualiteten sin, og kva forståing av dette kjem til syne?
5. Kva for metaforar og metaforiske uttrykk bruker informantane når dei skal beskrive korleis livet med seksualiteten er/har vore, og kva forståing av dette kjem til syne?

5.1.1 Forskingsspørsmål 1

Kva forståing av seksuelle kategoriar kjem til syne, og i kva grad er desse forståingane hensiktsmessige?

I analysen min fann eg to metaforiske måtar å kategorisere og forstå seksuelle kategoriar på; *legning* og *orientering*. I tillegg fann eg *skeiv*, som er ein sjølvstendig (metaforisk) seksuell kategori. Dette forskingsspørsmålet er delt opp i fleire delar: eg vil først ta for meg *legning* og *orientering* saman, og i ein sjølvstendig del ta for meg *skeiv*. Til sist vil eg gjere greie for nokre ikkje-metaforiske seksuelle kategoriar. Sjølv om dei ikkje er metaforiske er dei likevel aktuelle å belyse, då dei overordna kategoriane *orientering* og *legning* som oftast har ei ikkje-metaforisk seksualitetsnemning knytt til seg.

Legning og *orientering* er ikkje seksuelle kategoriar i seg sjølv, men føreset kategorisering. Dei er ofte brukte synonymt med kvarandre, men gir to ulike forståingar av seksualitet. Nemninga *legning* gir ei forståing av seksualitet som noko ein ikkje aktivt kan velje, men noko som blir bestemt gjennom ibuande prosessar i ein sjølv. I analysen har eg funne at *legning* blir forstått som noko tilfeldig, noko som ikkje er eit medvitent eller aktivt val. Eg har formulert omgrepsmetaforen PSYKISK PLASSERING SOM FYSISK PLASSERING for det metaforiske ordet *legning*, då informantane konseptualiserer sinnet (den delen av sinnet som avgjer seksualitet) som eit objekt. Seksuell preferanse blir bestemt etter korleis eller kva veg personen er lagt (sjå kapittel 2.3.3 for orienteringsmetaforar). Dette skapar ei forståing av seksualitet som noko ein blir utsett for og ikkje sjølv kan bestemme over eller definere. *Legning* skapar dermed eit essensialistisk bilete av menneskelege eigenskapar. Eg bruker *eigenskapar* då *legning* ikkje er avgrensa til å berre gjelde seksualitet, men kan i tillegg vise til andre eigenskapar ved ein person. Ein kan for eksempel ha ei musikalsk *legning*, som viser til det å ha lett for å lære seg nye instrument. Det som er felles mellom seksuell og musikalsk *legning* er at begge blir forstått som noko som ligg latent i menneske, altså noko som ein er disponert for eller har lett for å tileigne seg. Bruken av nemninga *legning* legg til grunn at seksualitet kan delast inn i ulike kategoriar, og at kvar kategori har visse bestemte eigenskapar og element knytt til seg. I eit seksualitetsperspektiv kan *legning* oppfattast negativt, då ein forstår dei ulike kategoriane som absolutte og uforanderlege. Ved å knyte dei seksuelle kategoriane opp mot nemninga *legning*, kan ein skape eit bilete av kategoriane som normative og absolutte, og ikkje noko som er ope for endring eller tilpassing.

Den andre måten å kategorisere og forstå dei seksuelle kategoriane på, kjem til uttrykk gjennom nemninga *orientering*. *Orientering* gir ei forståing av seksualitet som noko ein kan vende seg mot, noko som ikkje er avgrensa til ei fysisk plassering eller måte å liggje på, men noko ein kan endre på/*orientere* seg mot. Ein kan forstå nemninga gjennom omgrepsmetaforen SEKSUALITET SOM (FYSISK) ORIENTERING, og opnar dermed for to moglege forståingar. I likskap med nemninga *legning*, kan ein gjennom nemninga *orientering* forstå det seksuelle individet som eit objekt, altså eit objekt som er vendt i ei viss retning. Det verkar derimot meir nærliggande å konseptualisere det seksuelle individet som eit menneske, då det å *orientere* seg er ein menneskeleg aktivitet. Når ein *orienterer* seg, har ein fleire ulike alternativ ein kan vende seg mot eller ta opp til vurdering, og det ein vel å *orientere* seg mot, er det ein kjenner seg mest igjen i. Her kan ein i likskap med *legning* argumentere for at det ein vurderer er ulike kategoriar, og at nemninga difor kan ha nokre essensialistiske trekk. Sjølv om ein mogleg føresetnad for å bruke nemninga *orientering* vil vere at ein har ulike seksuelle kategoriar, er denne måten å konseptualisere seksualitet på i mykje større grad open for sjølvstendig tilpassing enn nemninga *legning*.

I motsetnad til dei føregåande nemningane, er *skeiv* ein sjølvstendig seksuell kategori. Det vil seie at nemninga ikkje treng adjektiv for å avgjere seksuell identitet, men kan stå aleine som kategori. Som i dei føregåande nemningane, skapar *skeiv* eit bilete av det seksuelle individet som eit objekt (sjå kapittel 2.3.3 for ontologiske metaforar). For å illustrere dette kan ein sjå på den engelske nemninga «straight» for *heterofil*, eller som den fornorska nemninga *streit*. Her blir heterofili forstått som noko rett, noko som motiverer omgrepsmetaforen NORMAL/KONVENSJONELL SOM RETT, som i min analyse er kalla NORMER SOM DET BEINE (Sjå kapittel 4.1.3). Det som er normalt, eller anerkjent som normalt, blir forstått som det som er rett, ubøygd. Motsetnaden til den engelske nemninga «straight» er «bent», som tyder *skeiv* på norsk. Ein kan forstå motsetnadsforholdet gjennom den same omgrepsmetaforen, og på bakgrunn av det argumentere for at det som ikkje er normalt dermed fell utanfor og kategoriserast som feil/ikkje rett. *Streit* og *skeiv* er først og fremst brukt for å markere eit skilje mellom dei heterofile og «dei andre». Denne kategoriseringa er i tillegg med på å oppretthalde eit stigma kring seksualitetar som fell utanfor samfunnsnorma, og understrekar det skeive maktforholdet mellom seksualitetane (sjå kapittel 2.5 for sosial kategorisering). Sjølv om ein kan argumentere for at dette motsetnadsforholdet berre har til føremål å vise skilnaden mellom seksualitetar, legg ikkje denne kategoriseringa til rette for eit likeverdig syn på seksualitetar. Ein kan difor seie at bruken av *skeiv* om personar som ikkje definerer seg

som heteroseksuelle, isolert sett vil vere med på å forme eit negativt bilete av gruppa. *Skeiv* treng likevel ikkje å bli oppfatta negativt av alle, då nemninga aktivt har blitt forsøkt reappropriert, og noko av det tidlegare stigmaet knytt til nemninga har difor blitt minska (sjå kapittel 2.6 for reappropriasjon). Det har førebels vore lite forskning på nemninga *skeiv*, men mange av kjeldene mine hevdar at nemninga i stor grad kan samanliknast med den engelske nemninga *queer*, sjå Kulick (1996), Hellesund (2008) og Bolsø (2010). Eg vil difor gjere ei kort historisk utgreiing om *queer* og reapproprieringsprosessen denne nemninga har gjennomgått i det engelske språket.

Queer, som er ei stigmatiserande og nedsettande nemning brukt om homoseksuelle menn og kvinner, blei av homoaktivistar forsøkt bytt ut med *gay* på 1970-talet. Føremålet var å lansere ei ny og mindre stigmatiserande nemning. Trass forsøket fekk *queer* ei ny oppblomstring på 90-talet blant radikale medlemmer av homorørsla. Dei brukte nemninga med stoltheit, og starta med dette ein reapproprieringsprosess (Kulick, 1996, s. 7). Don Kulick (1996) presenterer to årsaker til denne reapproprieringa. Den første var ein politisk motivasjon; den nye rørsla ville vekk ifrå homorørslas politikk og målsetting frå 60- og 70-talet, som i grove trekk gjekk ut på å ufarleggjere homofili ved å framstille den som «lik heterofili, berre litt annleis». Den nye radikalismen som vaks fram utover 80- og 90-talet, ønskte ikkje gøyme seg bak denne framstillinga. Dei radikale meinte målsettinga om å framstille homofili som «lik heterofili», ikkje ville fungere hensiktsmessig. Dei arbeidde for å bli meir synlege, og ønskte å understreke at dei ikkje var lik dei heteroseksuelle, men at det var ein skilnad.

Den andre årsaka til at ein framleis brukte ord som *queer* og *skeiv*, var at dei er meir inkluderande enn for eksempel *homo* og *lesbe*. Diskusjonen som hadde gått gjennom dei siste tiåra om ein skulle rekne blant andre S/M-lesber som lesbiske, «skrullar» som homofile, og korleis ein skulle stille seg til bifile og transseksuelle, fekk ei brå vending med HIV- og AIDS-epidemien på 80-talet.⁶ Det blei tydelegare at desse nyansane ikkje spelte noka avgjerande rolle, og at det viktigaste var å støtte kvarandre og einast i kampen mot den auka skepsisen og stigmatiseringa frå storsamfunnet (Kulick, 1996, s. 8). Kulick skriv vidare: «I denna bemärkelse är inte queer en ersättning för «bögg» eller «lesbisk» eller «bisexuell» eller

⁶ S/M, og kjend som sadomasochisme, er ein seksuell preferanse som går ut på det å like å gi og få smerte. Dette fell i dag oftast inn under samlenemninga BDSM, og er like vanleg for heterofile som for lhbt-personar (Bufdir., 2018, *Lhbtq-ordlista*).

Skruller er ei nemning brukt om menn som har eit meir feminint kjønnsuttrykk enn kva som elles er rekna som normalt for menn.

«transsexuell» eller någon annan etikett. Det är i stället en utvidgning av de identiteter som inbegrips av sådana etiketter; det är en vidare ram inom vilket människor med olika sexuella identiteter (t.o.m. en heterosexuell identitet) kan samlas och hitta gemensamma nämnare och politiska mål» (Kulick, 1996, s. 9). Denne reapproprieringa har ført til at mange i dag ikkje reknar *skeiv* som ei negativ nemning. Den breie allmenne bruken av kategorien vitnar om at det er ein kategori fleire kan kjenne seg igjen i og inkluderast i, og kan fungere meir samlande, til skilnad frå kategoriar som *homo* og *lesbe*, som set tydelegare avgrensingar.

Eg vil vidare sjå nemningane eg har undersøkt opp mot kvarandre, og diskutere om dei gir ei hensiktsmessig forståing av seksualitet og identitet. Med hensiktsmessig meiner eg om dei skapar ei forståing av seksualitet som ikkje verkar diskriminerande, eller set tydelege avgrensingar for personar som ikkje kjenner seg igjen i dei respektive kategoriane. Eg har i tillegg inkludert identitet som variabel her, då det ikkje går nokon klare skilje mellom seksualitet og identitet.

I eit seksualitetsperspektiv kan nemninga *legning* seiast å vere nøytralt, og er difor ikkje stigmatiserande eller undertrykkjande i seg sjølv. Nemninga kan likevel underbygge eit normativt og essensialistisk syn på seksualitet, og ein kan difor argumentere for at omgrepet er problematisk. Som eg gjorde greie for i kapittel 4.1.1, er det ein svak tydingssamanheng mellom verbet *leggje* og substantivet *legning* i dag, men likskapen mellom dei gir likevel nokre konnotasjonar som vil påverke korleis nemninga kan bli oppfatta. Om ein legg verbet *leggje* til grunn, kan seksualitet bli oppfatta som noko uforanderleg og bestemt, og ikkje som noko ein sjølv kan definere eller bestemme over. Dette kan vere uheldig då ikkje alle opplever at seksualiteten deira passar inn i desse rammene. For desse kan det å snakke om og kategorisere seg sjølv i ei *legning*, vere lite hensiktsmessig. Somme vil i tillegg kunne kjenne på ei uvisse kring sine seksuelle preferansar, og ikkje kjenne seg igjen i dei eksisterande og allment anerkjende kategoriane. I teksteksempla eg analyserte, fann eg at informantane framstilte *legning* som noko dei ikkje hadde valt sjølve (sjå kapittel 4.1.1). Sjølv om denne forståinga er relativt nøytral, vil eg likevel argumentere for at nemninga *legning* ikkje er hensiktsmessig, då ho har ein sementerande funksjon i språket.⁷ Gamle haldningar blir vidareført, noko som blant anna er med på å oppretthalde den essensialistiske oppfatninga av seksualitet. Andersen med fleire argumenterer difor for at ei avvikling av omgrepet *legning*

⁷ Med å seie at *legning* har ein *sementerande* funksjon i språket, meiner eg ho er med på å fasthalde og styrke dei eksisterande haldningane i samfunnet, som igjen skapar det lite hensiktsmessige biletet av seksualitet.

vil bryte med dette, og skape eit større handlingsrom for alle personar som bryt med kravet til seksuell konformitet (Andersen, Annfelt, Bolsø, Bromseth og Melby, 2003).

Om ein ser nemningane *legning* og *orientering* opp mot kvarandre, vil ein kanskje ikkje oppfatte dei som meir eller mindre nøytrale i forhold til kvarandre, mykje grunna at dei ofte er brukt synonymt med kvarandre. Eg vil likevel argumentere for at dei skapar to ulike bilete av seksualitet, og at *orientering* vil vere den mest hensiktsmessige nemninga å bruke. I materialet mitt fann eg berre eitt tilfelle av denne nemninga. Dette tilfellet er interessant, fordi det blir brukt for å beskrive ein seksualitet som ikkje passar inn i dei eksisterande kategoriane. Dette kan tyde på at *orientering* legg betre til rette for nyansar innanfor dei seksuelle kategoriane enn *legning*. Nemninga *legning* er ikkje direkte brukt med adjektiv i primærkjeldematerialet, men dei informantane som bruker nemninga, har ei forståing av kva for *legning* dei har. Dei har dessutan definert seg sjølve og plassert seg i ein kategori i løpet av teksten. Med berre eitt tilfelle av *orientering* frå primærkjeldematerialet mitt, er det ikkje mogleg å seie noko generelt om dette, då bruken kan ha vore tilfeldig. Med så få resultat frå primærkjeldematerialet, kan ein i tillegg få inntrykk av at nemninga *orientering* nesten ikkje blir brukt. Dette speglar truleg ikkje røynda, men er eit interessant funn.

Det er liten grunn til å tru at informantane er mindre påverka av dei seksuelle konvensjonane i samfunnet enn andre, difor er det naturleg at informantane vil kategorisere seksualitetar innanfor etablerte kategoriar. Likevel er problematikken kring kategorisering eit tema i fleire av tekstane eg har analysert, noko som burde tilseie at dei har reflektert kring dette. Om ein kan anta at *orientering* er meir inkluderande enn *legning*, er det interessant at informantane ikkje bruker *orientering* oftare. Samstundes har dei aller fleste ei forståing av at dei passar inn i ein av dei etablerte kategoriane, og at dei difor ikkje kjenner eit behov for å bruke andre nemningar eller måtar å kategorisere på enn dei som allereie er allment forståtte.

Som eg gjorde greie for i kapittel 4.1.2, viser *orientering* til ei vending av noko eller nokon, og gir ei forståing av seksualitet som noko ein vender seg mot og som ein i større grad sjølv kan bestemme over. Det er viktig å poengtere at dette ikkje tyder at seksualitet er heilt valfritt, men at ein legg til rette for at ein sjølv kan definere seg slik ein vil. Eg vil argumentere for at denne nemninga gir mindre føringar enn *legning*, då *orientere* gir assosiasjonar til noko som er bestemt ut ifrå eigen vilje, og ikkje noko som er bestemt på bakgrunn av ei fysisk plassering. I likskap med meg, tilrår Bufdir bruk av seksuell *orientering* over seksuell *legning*

som omgrep (Bufdir., 2018, *Lhbtqi-ordlista*). Eg vil presisere at dei ikkje forklarar tilrådinga si, noko som gjer det vanskeleg å vurdere om vurderinga deira samsvarar med mi. Det er likevel interessant at tilrådinga er den same, at *orientering* er ei betre og meir hensiktsmessig nemning når ein skal forklare seksualitet enn *legning*.

Skeiv, som er tolka som ei omsetting av det engelske *queer/bent*, og ofte brukt synonymt til LHBTI, er ein meir samlande, inkluderande og open kategori enn dei tradisjonelle etablerte kategoriane som for eksempel *homo*, *lesbe*, og *bi*. Eg kallar dette ein open kategori, då han ikkje spesifiserer eller set andre avgrensingar til seksualitet enn å gjelde alle former for seksualitet som fell utanfor den tradisjonelle forståinga av *heterofili* (sjå kapittel 1.3 for *skeiv*). Det vil seie at dei som vel å bruke kategorien om seg sjølv, står fritt til å definere han innanfor denne vide forståinga. Bufdir skriv at *skeive* kan ønske å utfordre førestillinga om kva som er vanleg, naturleg eller normalt (Bufdir., 2018, *lhbtqi-ordlista*). Trass den vide og inkluderande kategorien, er det interessant å sjå nærare på om denne kategorien legg til rette for ei ønskt framstilling av seksualitet slik vi forstår det i dag. Som eg gjorde greie for i kapittel 4.1.3, kan *queer/skeiv* gi negative konnotasjonar til seksualitet. Om ein set *skeiv* og *streit/hetero* opp mot kvarandre som motsetnader, kan ein sjå normative tendensar når det kjem til synet på seksualitet. Reapproprieringa har likevel gjort at ein stor del av dei normative og negative oppfatningane av *skeiv*, har kome i skuggen av den overskridande og inkluderande tydinga nemninga har fått (sjå kapittel 4.1.4). Denne måten å forstå *skeiv* på formidlar eit ønskjeleg bilete av seksualitet og seksuelle kategoriar, då ein her har ein kategori som famnar breitt. Eg vil difor argumentere for at *skeiv* er ein hensiktsmessig kategori, i den grad dei seksuelle kategoriane skal oppretthaldast. Mykje av kritikken frå blant andre Anderssen (2005) og Bolsø (2010) har handla om problematikken kring opprettholdinga av dei seksuelle kategoriane. For å vurdere kor hensiktsmessig seksuelle kategoriar som heilskap eigentleg er, vil det vere interessant å sjå nærare på seksuelle identitetar opp mot kategoriar.

5.1.2 Forskingsspørsmål 2

Kva for ulike perspektiv har vi på seksuelle kategoriar, og kva seier relevant forskning om dei seksuelle kategoriane?

Før eg gjer greie for dei ulike perspektiva, er det viktig å presentere dei ikkje-metaforiske seksualitetskategoriane, då desse er sentrale for diskusjonen. Eg vil starte med å gjere greie for skiljet mellom dei formelle og dei uformelle kategoriane, og deretter greie ut om dei ikkje-metaforiske kategoriane. Eg forstår dei formelle nemningane som dei offisielt anerkjende namna på dei seksuelle kategoriane. Eksempel på desse er *heterofil*, *homofil*, *lesbisk* og *bifil*, og dei blir brukte for å skilje mellom dei ulike seksualitets- og personkategoriane. Denne inndelinga av seksualitet er den rådande oppfatninga i den industrialiserte verda i dag (Anderssen, 2005). Dei uformelle kategoriane er ofte kortformer og omskrivingar av dei formelle nemningane, som for eksempel *homo*, *homse*, *lesbe*, *bi*, med fleire. Eg kallar desse uformelle då dei oftast førekjem i daglegtalet, og ofte blir brukte som nedsettande kallenamn og skjellsord. Her kan ein òg nemne ord som for eksempel *sopar*, som ikkje er ei kortform, men eit nedsettande kallenamn (oftast om homofile menn). I tillegg til desse har ein og nemningar som inneheld *-seksuell* og *-seksualitet*, som i for eksempel *heteroseksuell/heteroseksualitet*, *homoseksuell*, *aseksuell*, med fleire. Desse kan reknast inn under dei formelle kategoriane. Skilnaden mellom desse er at *-fili* handlar om både identitet, kjensler og samliv, medan *-seksuell/seksualitet* i større grad handlar om seksualitet og seksuell praksis. I dag skil ein i nokon grad mellom desse, då ein kan vere homofil, men ha heteroseksuell praksis. Den heteroseksuelle praksisen vil ikkje ha innverknad på den seksuelle identiteten, men sidan dei ikkje praktiserer seksualiteten sin blir det feilaktig å kalle desse homoseksuelle. Ein kan altså vere homofil utan å vere homoseksuell (Bufdir., 2018, *Lhbtiq-ordlista*).

Ordelementa *hetero-*, *homo-* og *bi-* skil mellom kva for seksuelle erfaringar personane likar/elskar, om dei likar motsett kjønn (*hetero*), same kjønn (*homo*), eller om dei likar begge (*bi*). Elementet *-fil* er med på å danne adjektiv, og viser til ‘person som likar eller elsker (noko)’ (*Nynorskordboka*, under *-fil*). Dette blir oftast brukt om seksualitet, men kan òg bli brukt i andre tilfelle, som for eksempel i *bibliofil* (glad i bøker) og *anglofil* (vennleg innstilt til den engelske kulturen). Nemninga *lesbisk* har opphavet sitt frå den greske lyrikaren Sapfo og øya Lesbos der ho budde. Ho er kjend for sine romantiserande dikt om sine eigne forhold og kjensler til andre kvinner. Suffikset *-isk* lagar adjektiv til namn på geografisk område, og

kvinner som er *homofile* har fått kategorien *lesbisk* etter øya Lesbos (Nylund, B. og Benestad, E. E. P., 2017). I tillegg til desse har ein òg *aseksualitet*, menneske som definerer seg som aseksuelle, kjenner ikkje seksuell lyst eller tiltrekking til andre menneske. Dei ønsker ikkje seksuell omgang med andre, men dei kan ha romantiske og kjenslemessige behov på linje med andre seksualitetar. Dette kan ikkje samanliknast med sølibat, då sølibat er eit aktivt val, medan *aseksualitet* er ein del av seksuell identitet (Bufdir., 2018, *Lhbtq-ordlista*).

Trass i at kategoriane *homofil* og *homoseksuell* ikkje er spesifikke for menn, er dei i hovudsak brukt om menn som har sex med menn (Nylund og Benestad, 2017). *Heterofil*, *homofil* og *bifil* gir uttrykk for at dei er tre forskjellige, men einsarta erfaringar. Ein *heterofil* person er difor allment forstått som ein person som berre blir forelska, har seksuell omgang, tilknytning og tiltrekking med personar av motsett kjønn. Det som skil *homofile* personar frå dei *heterofile*, er at dei har dei same erfaringane med personar av same kjønn. *Bifile* kan oppleve denne erfaringa med begge kjønn, og kan periodevis kjenne ulik tiltrekking til menn og kvinner, utan at dei vekslar mellom å vere *homofile* og *heterofile* («Bifil», 2018). Desse kategoriane blir vidare delt inn i dei generelle overordna kategoriane *legning* og *orientering*. Trass i at dei er generelle og overordna, gir dei ulike konnotasjonar til seksualitet, uavhengig av kven av dei seksuelle kategoriane dei er brukte med. Eg vil i det følgjande gjere greie for kva eg forstår som seksuell identitet. Vidare vil eg ta for meg ulike perspektiv på seksuelle kategoriar.

Seksuell identitet handlar om i kva grad ein person oppfatar seg sjølv som *homofil*, *lesbisk*, *heterofil*, *bifil*, *skeiv* eller noko anna (Bufdir., 2018, *Lhbtq-ordlista*). *Seksuelle kategoriar* er namna på dei ulike «båsan» ein ofte bruker når ein skal definere sin seksuelle identitet, som for eksempel *homofil*. Norman Anderssen skriv at vi nærast ikkje kan velje oss vekk frå å kategorisere oss sjølv, då vi i Vesten gjennom historia har utvikla ei essensialistisk oppfatning av seksualitet (Anderssen, 2005). Behovet vi har for å kategorisere og plassere menneske i ulike båsar gjer det utfordrande for oss å vurdere andre måtar å sjå verda på. Han meiner at kategoriseringa ikkje berre er eit problem for dei som ikkje kjenner seg igjen i dei respektive kategoriane, men òg for dei som definerer seg som *heterofile*. Ein skulle anta at dette ville vere eit større problem for dei som ikkje definerer seg som heterofile, men Anderssen hevdar dette er meir nyansert. Dei som definerer seg som *skeive*, eller tilhøyrande ein annan seksuell kategori enn *heterofili*, har tidleg måtta ta stilling til kategoriar. Denne gruppa har i tillegg måtta anerkjenne at dei tilhøyrer ein ufordelaktig kategori, og dermed vere

meir medvitne om kategoriar. Heterofile vil i utgangspunktet ikkje trengje å ta stilling til dette, då dei allereie er medlem av ein fordelaktig kategori. Dette kan derimot resultere i at dei vil kunne få eit avgrensa handlingsrom, og i stor grad unngå å nærme seg erfaringar som kan så tvil om den heteroseksuelle forankringa deira (Anderssen, 2005). Det kan vere uheldig då dette kan vidareføre ei forståing av seksuelle identitetar som fastlåste og absolutte, og ikkje som rettleiande og dynamiske. Dette er ei av årsakene til at fleire talar for ei forkasting av dei seksuelle kategoriane slik dei er i dag.

For at dette skal kunne bli ein realitet, må ein finne ein annan måte å snakke om og forstå seksuell identitet på, då ein på eit eller anna tidspunkt vil ha behov for å snakke om og spesifisere sin eigen seksuelle identitet. Om ein skal vekk frå kategoriane slik vi kjenner dei i dag, korleis skal ein ordleggje seg? Og korleis kan ein vurdere kva for seksuell identitet ein har, om ein veit at dei etablerte kategoriane er for snevre til å vere representative?

Eve Kosofsky Sedgwick presenterer i boka *Tendencies* (1993) seksten ulike kriterium som kan vere med på å avgjere og definere seksuell identitet, og ønsker her å bevege seg vekk frå den rådande essensialismen (Sedgwick, 1993, s. 7). Desse kriteria handlar blant anna om biologisk kjønn på ønskt partner, eiga sjølvforståing som *homofil/lesbisk*, seksuelle fantasiar, kva kjønn ein har tettast emosjonelle band med, i kva grad ein likar seksuelle maktforhold, med fleire. Om ein godtek at desse seksten kriteria er med på å avgjere og definere ein person sin seksuelle identitet, står dette i sterk kontrast til den essensialistiske måten seksualitet blir omtalt på. Problemet med kategoriane treng ikkje vere kategoriane i seg sjølv, men dei avgrensingane vi tolkar ut frå dei. I utgreiinga si om nemninga *queer* skriv Sedgwick:

«Anyone's use of «queer» about themselves means differently from their use of it about someone else. This is true (as it might also be true of «lesbian» or «gay») because of the violently different connotative evaluations that seem to cluster around the category. But «gay» and «lesbian» still present themselves (however delusively) as objective, empirical categories governed by empirical rules of evidence (however contested)» (Sedgwick, 1993, s. 9)

Slik eg tolkar Sedgwick, meiner ho at kategoriar som *homofil* og *lesbisk* i utgangspunktet kan vere like omfangsrrike som *skeiv*, men at vi, grunna kulturelle årsaker, avgrensar desse kategoriane til å berre gjelde personar basert på nokre einskilde faste kriterium. Ei utviding og vidareutvikling av dei seksuelle kategoriane vil difor vere fordelaktig for å skape eit meir inkluderande miljø for alle seksualiteter.

Mange vil einast om at vi i dag går meir og meir vekk frå den essensialistiske måten å forstå seksualitet på, men desse haldningane kan likevel leve vidare gjennom dei nemningane vi vel å bruke om seksualitet. Som Lakoff og Johnson (1980) presenterte i boka *Metaphors We Live By*, speglar språket tankane våre og påverkar korleis vi orienterer oss i verda (Lakoff og Johnson, 1980, s. 3). Samfunnet og kulturen vi lever i, spelar ei sentral rolle når det kjem til kva omgrep vi vel å bruke til ulike føremål, då dei grunnleggjande verdiane i samfunnet er koherente med metaforstrukturen i kulturen sine mest grunnleggjande omgrep (Lakoff og Johnson, 1980, s. 22). Det vil seie at kulturen vi lever i, har nokre felles forståingsrammer å forstå ulike konsept på, som for eksempel MEIR ER OPP / MINDRE ER NED, RETT ER BRA / SKEIV ER DÅRLEG – ØYDELAGT. Det kan vere utfordrande å endre måten ein snakkar om noko på, spesielt når dei er bygd på felles forståingsrammer i kulturen vår. Sjølv om einskilde av desse uttrykksmåtane kan vere med på å vidareføre lite ønskelege haldningar, kan det vere ei utfordrande oppgåve å endre det grunnleggjande omgrepssystemet språket er bygd på.

Ei landsomfattande undersøking frå 2008 vise at eit fleirtal av befolkninga generelt hadde ei nøytral eller positiv haldning til lesbiske kvinner og homofile menn (Anderssen og Slåtten, 2008, s. 109). Med den store utviklinga vi har sett i løpet av dei siste åra, er det all grunn til å tru at ein større del av befolkninga har positive haldningar til *skeive*. Sjølv om haldningane har endra seg til det betre, løyser ein ikkje alle problem knytt til stigmatisering ved å berre bli meir venleg innstilt til *skeive*, språkbruken er òg ein sentral faktor. Som eg har gjort greie for så langt i oppgåva, er språket og språkbruken vår sentral for korleis vi forstår og orienterer oss i verda. Det vil seie at ein sentral del av haldningsendringane ikkje berre kan handle om aksept for andre menneske, men korleis ein skal unngå å bruke ord og uttrykk som kan skape eit feilaktig og negativt bilete av andre menneske, her seksuelle minoriteter.

Er det mogleg å finne språklege vegar ut av den essensialistiske måten seksualitet blir forstått på? Kva kan desse vegane vere, og korleis skal ein gjennomføre dette skiftet? Dette er interessante og viktige spørsmål, men dei er samstundes utfordrande å gje fullgode svar på. Ei nemning som er interessant å sjå nærare på i denne samanhengen er *legning*.

Legning blir i stor grad brukt synonymt med *orientering*, men det ligg ein betydeleg skilnad i korleis desse nemningane blir oppfatta (sjå kapittel 4.1.6). Tone Hellesund (2008) skriv i boka *Identitet på liv og død* at fleire aktivistar og kjønnsforskarar, på bakgrunn av den

essensialistiske tydinga omgrepet *legning* har på norsk, har meint at ein bør avvikle nemninga heilt. Ho refererer til Anderssen (2005) når ho skriv «slik ordet har kommet til å bli brukt på norsk, innebærer det tilsynelatende en forståelse av seksualitet som en iboende, naturlig og sann kjerne i mennesket» (Hellesund, 2008, s. 190). Det som kan bli trekt fram som problematisk med denne forståinga, er tolkinga av seksualitet som noko uforanderleg. Ein er fødd med *legninga* si, og den ligg som ein fast uforanderleg kjerne i mennesket. For dei som opplever eit skifte i seksuelle preferansar på eit eller anna stadium i livet, kan *legning* opplevast som problematisk; har dei tolka rett, og korleis skal dei ta stilling til sine seksuelle preferansar, om måten samfunnet forstår seksualitet på baserer seg på faste kategoriar?⁸ Dette er noko sosiolog og førsteamanuensis ved NTNU Agnes Bolsø framhevar. Ho meiner slike kategoriar blir for snevre, og at dei gir eit uheldig bilete av seksuell identitet (Bolsø, 2010, s. 79). Bolsø meiner at seksualitet heller bør sjåast på som eit kontinuum, og ikkje som noko fastlåst og absolutt. Ho foreslår ganske radikalt å fjerne dei seksuelle kategoriane, då ho meiner dei er meir stigmatiserande enn nyttige. Ved å ikkje finne seg til rette i ein kategori kan ein i stor grad stå i fare for å stigmatisere seg sjølv, og som følgje av dette få dårlegare livskvalitet. På den andre sida er det ikkje sikkert at utsletting av alle kategoriar vil løyse problema knytt til dagens måte å forstå kategoriane på.

Andersen med fleire (2003), Anderssen (2005), Hellesund (2008) og Bolsø (2010), er berre nokre av dei som har belyst problematikken kring måten ein snakkar om seksualitet og seksuelle kategoriar på. Mange av desse er sterkt kritiske til kategoriane, og somme vil fjerne dei heilt. Ein slik språkleg revolusjon vil vere omfattande å gjennomføre, men ikkje umogleg. Det er likevel viktig å poengtere at om ein skal gå for eit slikt alternativ, bør alternative måtar å uttrykke seg på kome først. Ein vil truleg framleis ha behov for å skilje mellom ulike seksuelle identitetar og liknande, og difor er det avgjerande at nye måtar å omtale seksualitet på blir presentert først. Alternative omgrep om allereie er i bruk er omgrep som MSM (menn som har sex med menn) og KSK (kvinner som har sex med kvinner), men desse set òg avgrensingar, og handlar berre om seksuell praksis, ikkje seksuell identitet (Bufdir., 2018, *Lhbtqi-ordlista*). I tillegg vil dette kunne opplevast som diskriminerande, då denne måten å kategorisere på fordrar at ein er seksuelt aktiv og har ei klar forståing av sine egne preferansar. Det kan likevel vere eit poeng å heller snakke om seksuell praksis i staden for seksuell identitet, då identitet for mange kan opplevast som meir djuptgåande og uforanderleg

⁸ Sjå metaforar og kulturell koherens i Lakoff og Johnson (1980, s. 22).

enn seksuell praksis. Ein kan sjå for seg at seksuell praksis lettare vil kunne bli tilpassa og endra enn for eksempel seksuell identitet, då praksis seier noko om handlingane våre, og identitet om noko som er ibuande i oss.

Tidlegare forsøk på å gå vekk frå ord og uttrykk som ikkje har vore ønskelege, har ikkje alltid vore like vellukka. Eit verkemiddel som derimot har vist seg å vere meir vellukka, er reappropriering (sjå kapittel 2.6 for reappropriasjon). Å fjerne eller å slutte å bruke allereie eksisterande ord og uttrykk i språket er i praksis vanskeleg å gjennomføre. Ein mogleg middelveg kan her vere å bruke språket meir medvitent. Om ein ønsker eit ikkje-essensialistisk syn på seksualitet og seksuelle kategoriar, bør ein stille seg kritisk til dei etablerte kategoriane. Eg vil ikkje argumentere for å forkaste dei seksuelle kategoriane fullstendig, men samstundes er det viktig å ha eit medvitent forhold til korleis dei kan oppfattast og kva for forståing av seksualitet dei er med på å underbyggje.

5.1.3 Forskingsspørsmål 3

Kva metaforar og metaforiske uttrykk om seksuell interesse kan ein finne, og kva forståing av dette kjem til syne?

Når informantane skal beskrive si seksuelle interesse overfor føretrekt partner, bruker dei i stor grad kjeldedomenet FYSISKE KREFTER. Dette kjeldedomenet er eit av dei vanlegaste for å beskrive måldomenet KJENSLER, og sidan seksuell interesse er nært knytt til kjenslene, er det ikkje overraskande at dette kjeldedomenet er det mest brukte (sjå Kövecses, 2000). Sjølv om forskingsspørsmålet eksplisitt spør etter måldomenet SEKSUELL INTERESSE, har eg i nokre av eksempla brukt måldomenet KJENSLER. Dette har eg gjort då eksempla i nokre tilfelle viser til fleire aspekt ved sinnet og kjenslene enn berre seksuell interesse. I tekstane kjem kjeldedomenet FYSISKE KREFTER til uttrykk på forskjellige måtar, men felles for metaforane er at dei fysiske kreftene kjem utanfrå. Det vil seie at informantane konseptualiserer krafta som noko dei blir utsett for. Seksuell interesse er ein prosess som skjer inni ein sjølv, men grunna seksualitetens abstrakte og uhandgripelege natur, vil ein forsøke å finne liknande meir konkrete prosessar ein kan forstå måldomenet ut frå. Dette kan ein sjå i eksempelet «Det var første gang jeg forsto jeg var *tiltrukket* av gutter», der informanten skildrar si eiga seksuelle interesse for andre gutar som ei *tiltrekking*, altså at gutane trekk informanten til seg slik at han endrar plassering. Dette samsvarar med omgrepsmetaforen SEKSUELL INTERESSE SOM FYSISK TILTREKKING (sjå kapittel 4.2.2 for *tiltrekkje*).

Kjenslerrelaterte metaforar som spring ut av KRAFT-skjemaet tar som regel for seg den første delen av kjenslescenarioet, altså årsaka til kjensla (Kövecses, 2008, s. 384). Personane som skapar seksuell interesse hos informantane er i fokus, og er forstått som den aktive parten som trekkjer informanten til seg. Ein kan kople dette til omgrepsmetaforen KJENSLER SOM MAGNETISK KRAFT, der magneten er den seksuelt attraktive personen, og informanten er den som blir trekt mot det magnetiske sentrum.⁹ Dette er igjen med på å underbygge ei forståing av seksuell interesse som ei kraft som kjem utanfrå, og ikkje noko som er bestemt gjennom ibuande prosessar i personen. Informantane oppfattar seg sjølv som passive personar/objekt som blir påverka av nokon andre, og som flyttar dei frå opphaveleg plassering til ei plassering nærare dei sjølv. Dette er ikkje forstått som noko som nødvendigvis skjer mot informantanes eigen vilje, men dei kan heller ikkje kontrollere krafta. Eksempla står i tillegg i passiv, noko

⁹ Sjå Kövecses (2000, s. 83) for metaforen KJENSLER SOM MAGNETISK KRAFT.

eg har tolka som ei underbygging av forståinga av seksualitet som noko ein ikkje aktivt kan velje eller rå over (sjå kapittel 4.2.3 for passiv).

Ein kan forstå *dra* på same måte som *tiltrekkje*, at ein blir utsett for ei ytre kraft. Denne krafta kan vidare bli forstått på to måtar. Ein kan tolke krafta som å kome frå noko utanfor ein sjølv, for eksempel at ein blir fysisk dradd av noko. Om ein derimot ser på eksempel (7) frå kapittel 4.2.4, «seksualiteten *drar* en lengre bort fra lykke» (forenkla eksempel), verkar det meir nærliggande å tolke krafta som å kome frå seksualiteten sjølv. Dette tolkar eg som ei personifisering av seksualiteten, at seksualiteten blir tillagd eigenskapar som om det skulle vore ein sjølvstendig person, og ikkje ein del av den same personen. Handlinga å *bli dradd* gir konnotasjonar til tvang, men når den som drar og den som blir dradd er ein og same person, har ein med eit motsetnadsforhold i personen å gjere. Eit liknande perspektiv kan ein finne i teksteksempla der *dragning* er brukt. Seksualiteten er personifisert og handlar ut ifrå egne ønske, ikkje ut ifrå kva resten av personen vil. Det er her snakk om ein indre konflikt, og gir ei forståing av det å kjenne på uønskte seksuelle kjensler som noko ukontrollerbart (sjå kapittel 4.2.5 for det delte sjølv). Eg vil argumentere for at informantane bruker desse metaforane for å skape eit bilete av seksuell interesse (og kjensler) som noko ein ikkje kan kontrollere.

Ein annan måte informantane forstår seksuell interesse på, er gjennom omgrepsmetaforen Å FÅ STERKE KJENSLER FOR NOKON SOM Å BLI FANGA. Når informantane opplever ei sterk og uventa interesse for nokon, konseptualiserer dei det som å bli fanga av dei personane som skapar reaksjonen i dei. Når informanten konseptualiserer det å få kjensler for nokon som bli «gripet av skjønnheten» (forenkla eksempel), tillegg dei utsjånaden menneskelege eigenskapar.¹⁰ Denne personifiseringa skapar eit bilete av seksualitet som noko ein ikkje kan sleppe unna. Sjølv om ein prøver å stå imot, kan seksualiteten utan forvarsel ta overhand over personen.

I tillegg til å konseptualisere kjensler og seksuell interesse som kraftutveksling mellom to entitetar, har informantane konseptualisert måldomenet kjensler gjennom måldomenet TYNGDEKRAFT. Dette kan ein sjå i omgrepsmetaforen Å FÅ KJENSLER FOR NOKON SOM Å FALLE (sjå kapittel 4.2.7). Informantane konseptualiserer det å få plutslege og uventa

¹⁰ Dette kan tolkast metonymisk, men i dette eksempelet viser *skjønnheten* til utsjånaden til menn generelt, og ikkje utsjånaden til ein spesifikk mann (sjå kapittel 4.2.5 for det delte sjølv).

kjensler for nokon som å falle, eller å bli felt av personen som skapar denne reaksjonen i dei. Her framstiller informanten seg sjølv som ein passiv deltakar som blir felt av andre. Dette er med på å underbygge ei forståing av seksuell interesse som noko ein ikkje har kontroll over sjølv, men som er kontrollert av nokon andre. På same måte som *gripe*-metaforen, skapar *falle*-metaforen eit bilete av seksuell interesse som noko ein ikkje kan unngå, men som utan forvarsel kan råke ein utan at ein kan stå imot krafta.

Desse funna samsvarar med tidlegare forskning av blant andre Talmy (1988, 2003), Kövecses (2000), Goatly (2007), og Charteris-Black (2012). Dei har funne at KRAFT-skjemaet er ein vanleg måte å forstå måldomenet KJENSLER på. Kövecses skriv at ein på tvers av kulturar snakkar om kjensler som ulike krefter, og at ein kan bruke det om alle dei grunnleggjande og mange av dei komplekse kjenslene (2000, s. 61). Det vil seie at denne måten å konseptualisere seksuell interesse på ikkje berre vil gjelde språkbruk i *skeive*-historier, men for språkbruk om alle typar seksualitet. Eg kan på bakgrunn av funna mine difor ikkje hevde at informantane bruker eigne metaforiske uttrykk for å snakke om seksuell interesse eller kjensler, men at dei truleg tar i bruk dei generelle kjenslerelaterte metaforane i språket (sjå Kövecses, 2000).

5.1.4 Forskingsspørsmål 4

Kva for metaforar og metaforiske uttrykk blir bruke når informantane skal forklare prosessen å fortelje omverda om seksualiteten sin, og kva forståing av dette kjem til syne?

Når informantane skriv om korleis dei fortalde omverda om seksualiteten sin, bruker dei ei rekkje ulike metaforiske uttrykk. Eg vil her sjå litt nærare på desse uttrykka, og diskutere kva forståing desse uttrykka gir av prosessen å bli open om sine seksuelle preferansar. Uttrykket *å kome ut av skåpet* er det vanlegaste uttrykket for å beskrive denne prosessen. Ein kan tolke dette uttrykket på fleire ulike måtar. Eg hevdar at den mest nærliggande måten å tolke uttrykket på, er gjennom ei konseptualisering av seg sjølv beståande av fleire ulike individ (sjå kapittel 4.2.5 for det delte sjølv). Individet som representerer seksualiteten, er ikkje som forventa, og bryt med det samfunnet reknar for normalt. Dette vil i møte med andre vere synleg, og ein vil difor prøve å skjule det for omverda ved å «gøyme seg inni eit skåp». Ein konseptualiserer altså tilstanden «å halde homoseksualiteten sin skjult for omverda» som å vere eit individ (eller ein del av eit individ) gøymt inni eit skåp. Eit skåp er i røynda ein plass der ein plasserer ting ein ikkje vil at skal vere synlege, eller ein plass ein kan gøyme seg. Eg vil difor argumentere for at dette er med på oppretthalde ei negativ forståing av det å tilhøyre ein seksuell minoritet, eller det å ha ein seksualitet som ikkje er i tråd med samfunnsnorma. Heteroseksualitet blir forstått som den rettleiande standardforma for seksualitet, medan andre moglege seksuelle identitetar blir sett på som avvik frå normalen. Dette kjem tydeleg til uttrykk når ein snakkar om ulike seksualitetar som er gøymde inni skåp, altså at dei ikkje kan visast fram. Når dei ikkje er synlege blir ein anteken å vere heteroseksuell, då dette er sett som standardseksualiteten. Ein blir anteken å vere heteroseksuell fram til noko anna, som har vore skjult, blir presentert.

At ein må *kome ut* med seksualiteten sin, tyder på at det er nokon ein må gjere dette for, og at det ligg ei forventing i samfunnet om at ein må gjere det. Ein må vise ei side av seg sjølv til samfunnet ein tidlegare ikkje har vist, og ein må i tillegg gjere dette openlyst. Dette gjeld i tillegg berre for dei som ikkje definerer eller identifiserer seg som heterofile, då dette er rekna som den normale seksualiteten i samfunnet. Dette tydeleggjer nokre negative element i samfunnet. Når det er nødvendig å *kome ut* om ein ikkje er heterofil, tydeleggjer det at samfunnet har ei klår oppfatning av kva som er standard. Seksualitet er noko veldig personleg, og som ein normalt sett ikkje blir oppmoda til å dele eller snakke om med andre. For nokon vil det å snakke om seksualitet kjennest vulgært eller for privat. Om ein derimot

bryt med samfunnsnorma, kan det verke som at det ikkje berre angår ein sjølv, men alle rundt ein. Det blir likevel sett på som privat, men samstundes som noko ein må dele med andre. Dette kan skape meir stigma kring seksualitetar som ikkje fell inn under normalen, då ein i tillegg til å ikkje kjenne seg som «normal», kjenner på forventinga frå samfunnet om å vere transparent. Om ein derimot snur litt på uttrykket, kan ein og finne positive sider ved å *kome ut*. Når ein *kjem ut* av ein vanskeleg eller uønskt tilstand, kan dette oppfattast som frigjerande. Om ein ikkje lenger er i *skåpet*, skjuler ein seg ikkje lenger frå omverda, og kan vere seg sjølv fullt ut.

Når ein tolkar og analyserer slike uttrykk, er bør ein i tillegg tenkje over det kausale forholdet mellom språk og tanke. Det er interessant å sjå nærare på om det er språket eller opplevingane våre som skapar positive eller negative konnotasjonar. Om ein har ei oppleving av at det har vore vanskeleg å leve med ein seksualitet ein ikkje tør å vise fram til andre, så vil ein truleg i større grad tolke uttrykket negativt enn dei som ikkje deler denne erfaringa. Sjølv om ein kan beskrive skåpet som lite, mørkt, og som noko som set tydelege avgrensingar, treng ikkje alle få dei same konnotasjonane. Ein kan argumentere for at det metaforiske uttrykket skapar ei forståing av prosessen som ei frigjering. Det å kome ut av ein tilstand av skam, redsle og uvisse, til å vere fri for desse kjenslene, og kunne vere seg sjølv utan hindringar. Dette treng som nemnt ikkje vere ei forståing alle vil kjenne seg igjen i, då somme vil få negative konnotasjonar til uttrykket basert på egne eller andre sine erfaringar.

I andre tilfelle der ein snakkar om prosessen «å fortelje omverda om seksualiteten sin», kan ein ta i bruk andre uttrykk. Ein annan måte informantane konseptualiserte denne prosessen, var gjennom å konseptualisere seg sjølv som ein behaldar (sjå kapittel 4.3.3). Når ein er open, kan alle sjå innhaldet, altså den avvikande seksualiteten. Om ein derimot er lukka, er dette skjult for omverda, og ein er anteken å ha seksualiteten samfunnet har sett som standard. Problemet med dette er at kroppen/sinnet ikkje er ein fysisk behaldar, men berre forstått som ein. Dette gjer det fysisk vanskeleg å vere open. Dei som ikkje har noko dei ønsker å skjule, vil som regel ønske å vere opne, eller i alle fall ikkje ønske å gi uttrykk for at dei har noko å skjule. Dette kan ein sjå i eksempel (1) i kapittel 4.3.8, «jeg ser på meg selv som *åpen*». I dette eksempelet seier informanten at han har eit ønske om å ikkje skjule seksualiteten sin for omverda, men samstundes veit han ikkje korleis det blir oppfatta av andre. Det å vere open er oppfatta som positivt, då ein ikkje skjuler noko, eller prøver å gi seg ut for å vere noko ein ikkje er. Denne metaforen kan skape ei forståing av prosessen som noko ein sjølv må fortelje

om for å ikkje vere uærleg. Det vil seie, om ein ikkje «opnar seg opp» og viser fram innhaldet til andre, skjuler ein noko.

Eit anna uttrykk som òg blir brukt om prosessen, er uttrykket *stå fram*, og kan i stor grad samanliknast med uttrykket *kome ut av skåpet*. Det som skil desse uttrykka, er at ein i *stå fram* ikkje konseptualiserer seksualiteten som å vere skjult inni ein behaldar, men som å «gå ut av ei rekkje». Når fleire personar står på rekkje, skil ingen av dei seg ut. Ein kan dermed seie at den som eigentleg skil seg ut, ikkje er synleg. For å bli synleg må personen gå ut av rekkja. Dette kan samanliknast med behaldarmetaforen skåpet, då ein fysisk må gå ut av eller opne opp skåpet for at ein skal vere synleg (sjå kapittel 4.3.1). Når ein ikkje har den seksualiteten samfunnet har sett som standard, må ein sjølv aktivt avkrefte dette. Ein må fysisk skilje seg ut og markere avstand frå norma for å kunne vere seg sjølv. Dette uttrykket skapar ei forståing av prosessen som noko ein må avsløre. Ein har halde noko skjult, men for å vere ærleg og ikkje skjule dette meir, må ein gjere seg synleg og samstundes kunne stå inne for valet ein gjer.

Dei metaforiske uttrykka som tar for seg prosessen «å fortelje omverda om seksualiteten sin», set ikkje berre heteroseksualitet som standard, men dei seier òg implisitt at ein har halde noko skjult for omverda. Ein har visst noko heile tida som ein medvitent har skjult for omverda. Det å skjule noko blir forstått som det same som å ikkje fortelje sanninga, og kan skape eit bilete av personane som mindre sannferdige og truverdige. Samstundes kan desse uttrykka òg seie mykje om korleis denne prosessen blir opplevd av dei som ikkje kan identifisere seg med seksualiteten samfunnet har sett som standard. Når ein konseptualiserer seksualiteten som å vere skjult i behaldarar og liknande, kan det vere fordi ein ikkje ønsker å skilje seg ut og vere utanfor normalen. Ein ser kva samfunnet elles meiner er normalt, og vil etter beste evne rette seg etter dette. Om ein derimot ikkje klarar, eller ikkje orkar tilpasse seg, må ein fysisk gå ut av skåpet, opne seg sjølv opp, eller skilje seg ut frå mengda. Ein er sjølv ansvarleg for å gjere seg sjølv synleg for andre i samfunnet.

5.1.5 Forskingsspørsmål 5

Kva for metaforar og metaforiske uttrykk bruker informantane når dei skal beskrive korleis livet med seksualiteten er/har vore, og kva forståing av dette kjem til syne?

Når informantane skildrar korleis livet med avvikande seksualitet har vore, er det som regel for å understreke at det har vore utfordrande. Grunna det vide måldomenet har eg valt å formulere meir spissa omgrepsmetaforar. Informantane brukte fleire ulike omgrepsmetaforar for å belyse denne delen. Ei av utfordringane eg møtte på når eg skulle formulere omgrepsmetaforane, var at konteksten var veldig spesifikk. For å ikkje få for detaljerte måldomene, valte eg i nokre tilfelle å bruke det generelle måldomenet PSYKISK OPPLEVING. Eg kunne med fordel ha vore meir presis, for eksempel ved å bruke ein eller fleire variantar av måldomenet LIVET, men dette ville likevel ikkje vore eit fullgodt alternativ.

Ein vanleg måte å forstå utfordrande situasjonar eller opplevingar på, er gjennom kjeldedomenet OBJEKT MED VEKT (Kövecses, 2010, s. 108). Livet blir konseptualisert som noko som har tyngde grunna eit aspekt ved livet som har vore problematisk, nemlig den avvikande seksualiteten. Her blir seksualiteten konseptualisert som eit tungt objekt, noko som skapar eit bilete av denne typen seksualitet som uønskt og belastande (sjå kapittel 4.3.9). Denne metaforen blir brukt for å understreke korleis det å ha ein seksualitet som ikkje passar inn i samfunnsstandarden kan opplevast. Det å heile tida kjenne på at ein er annleis, men ikkje synleg annleis, kan for mange opplevast som belastande, då ein mykje oftare enn majoritetsbefolkninga blir konfrontert med at ein er annleis. Denne erfaringa blir effektivt formidla gjennom omgrepsmetaforen PSYKISK OPPLEVING SOM OBJEKT MED VEKT, då ein her skapar eit bilete av at opplevinga har vore utfordrande å gjennomgå.

Måldomenet PSYKISK OPPLEVING blir òg forstått gjennom kjeldedomenet FYSISK KREVJANDE ARBEID. Måldomenet viser meir spesifikt til LIVET MED AVVIKANDE SEKSUALITET, og skapar eit bilete av at denne opplevinga som noko langvarig og strevsamt (sjå kapittel 4.3.10). Denne konseptualiseringa opnar i tillegg opp for følgeslutningar som sambandet mellom ein utmatta kropp og eit utmatta sinn; metaforen illustrer korleis det å leve med ein uønskt seksualitet, eller ein seksualitet som ikkje er anerkjend som normal, kan opplevast som. Ein annan omgrepsmetafor som blir brukt for å beskrive måldomenet LIVET MED AVVIKANDE SEKSUALITET er TILSTAND SOM BEHALDAR. Eksempel på dette er når informantane konseptualiserer livet med avvikande seksualitet som eit *fengsel* og som å vere i

fangenskap. Desse er begge tydelege behaldarmetaforar, og skapar eit bilete av seksualiteten som noko uønskt. Metaforen underbyggjer eit syn på seksualitet som noko ein ikkje sjølv kan velje, og som ein i tillegg ikkje er fortruleg med eller vil identifisere seg med. Sam Glucksberg skriv at ein ofte vel å bruke fengselsmetaforen om situasjonar ein opplever som ubehagelege eller forvirrande (2001, s. 55). Dette kan vere årsaken til at denne metaforen blir brukt i dette tilfelle, då informant gir uttrykk for at seksualiteten set avgrensingar ein ikkje sjølv kan styre. Ei følgeslutning kan i tillegg vere at ein blir straffa for noko, og at det å ha denne seksualiteten er straffa ein må sone. Dette skapar eit tydeleg negativt bilete av seksualitet, då ein underbyggjer forståinga om at andre seksualiteter enn heteroseksualitet ikkje er naturleg eller riktig.

Eg fann i tillegg ei rekkje andre metaforiske uttrykk som viste til ulike aspekt ved måldomenet LIVET (sjå kapittel 4.3.11 og 4.3.12). Felles for metaforane som tok for seg ulike aspekt ved livet er at dei alle viser til utfordrande sider. Mange av desse metaforane må seiast å vere generelle, og skil seg ikkje nemneverdig frå andre konvensjonelle måtar å snakke om utfordringar på. For eksempel er det å konseptualisere livet gjennom omgrepsmetaforen UTFORDRINGAR SOM BYRDER, ein vanleg måte å beskrive utfordrande aspekt på (Kövecses, 2010, s. 64). Det er heller ikkje overraskande at ein finn fleire ulike metaforiske uttrykk som viser til ulike aspekt ved livet, då abstrakte erfaringar lettare blir forståtte gjennom meir konkrete erfaringar. At ein kan finne mange metaforiske uttrykk som tar for seg desse måldomena som skildrar utfordrande sider ved livet, er ikkje overraskande, då det å vere medlem av ein minoritet ofte byr på utfordringar.

6 Avslutning

I dette kapittelet vil eg kort summere opp og diskutere hovudfunna eg har gjort gjennom analysen og diskusjonen (sjå kapittel 4 og 5). Eg vil kople desse opp mot problemstillinga for oppgåva, og diskutere i kva grad oppgåva har gitt svar på denne.

6.1 Prosjektets mål og teoretiske utgangspunkt

Utgangspunktet for analysen har vore å undersøke kva for metaforar og metaforiske uttrykk ein kan finne i eit utval Skeive historier. Historiene er skrivne av anonyme informantar, og var eit resultat av eit delprosjekt av levekårundersøkinga *seksuell orientering og levekår* (sjå kapittel 1.2). Prosjektet var avgrensa til å undersøke på metaforiske ord og uttrykk knytt til ulike aspekt ved seksualitet, korleis informantane oppfatta og snakka om seg sjølv, kjenslene, og opplevingar knytt til seksualiteten, for eksempel livet og kome-ut prosessen. Oppgåva har i tillegg sett på kva forståing desse metaforane legg til rette for, meir presist om dei gir ei negativ eller ei positiv forståing av seksualitet, og korleis dette kjem til uttrykk. Det teoretiske grunnlaget har vore på kognitiv lingvistik og metafor-teorien, presentert av Lakoff og Johnson (1980). Eit av hovudtrekka innanfor denne teoretiske retninga er synet på språk og kognisjon som uløseleg forbunde; at språket reflekterer tankane, ofte umedvitet gjennom metaforar. Lakoff og Johnson hevdar at heile omgrepssystemet vårt er grunnleggande metaforisk, og at metaforane difor er spelar ei sentral rolle i kvardagen vår. Dei påverkar tankar, erfaringar og handlingar vi gjer i det daglege. For å byggje vidare på metafor-teorien, har oppgåva i tillegg trekk frå den kritiske diskursanalysen, og teori frå andre fagfelt som for eksempel psykologi og sosialantropologi, for å skape eit breiare tolkingsgrunnlag.

6.2 Materialet og teoriens moglegheit og avgrensingar

Materialet og teorien eg har lagt til grunn for oppgåva, har gitt både moglegheit og avgrensingar for prosjektet mitt. Eg vil starte med å gjere greie for moglegheitene, og deretter gå vidare på avgrensingane.

Dei skeive historiene har gjort det mogleg å undersøke språkbruk i autentiske tekstar skrivne av personar som i ulik grad bryt med det samfunnet ser på som den rettleiande seksualiteten. Desse historiene har gitt eit unikt innblikk i korleis ti ulike informantar fortel om si skeive historie. Anonymiteten og dei frie rammene historiene la til rette for, har gjort det mogleg å undersøke aspekt ved seksualitet som ein truleg elles ikkje ville hatt moglegheit for. Teorien

eg har tatt utgangspunkt i har gjort det mogleg å identifisere metaforisk språk i historiene, og dermed lagt grunnlaget for å undersøke korleis informantane tenkjer kring seksualitet; kva syn og haldningar som kjem til uttrykk gjennom metaforbruken. Som eg har gjort greie for, bruker vi metaforar for å få ei betre forståing av abstrakte fenomen, som for eksempel sinnet og kjensler. Innanfor KMT meiner ein at metaforbruken vår i stor grad er umedviten, det vil seie at vi bruker metaforar utan å tenkje over at det. Dei ein så naturleg del av språket vårt at vi ikkje legg merke til dei.

Dette har samstundes vore ein av teoriens avgrensingar. Ein kan ikkje vite kva andre menneske tenkjer berre ved å sjå på metaforane, då desse kan vere konvensjonelle metaforar og eit resultat av korleis samfunnet snakkar om temaet. Ei anna avgrensing har òg vore på det store fokuset på metaforar. Teorien og metoden eg har brukt, tar hovudsakeleg utgangspunkt i einskilde metaforiske uttrykk. Etter å ha gjennomført MIP-metoden på dei ti tekstane, kan eg som eit resultat av det store fokuset på å berre sjå etter metaforiske ord, gå glipp av andre språklege uttrykk som ikkje nødvendigvis vil bli fanga opp av MIP. Analysen har vist at fleire av dei seksuelle kategoriane, som har vore ein sentral del av diskusjonen, ikkje er metaforiske. Dei har likevel kome med i diskusjonen då ein ikkje kan snakke om dei overordna kategoriane *legning* og *orientering* utan at ein diskuterer dei ulike underkategoriane av dei.

I tillegg har mi eiga avgrensing om å berre sjå på måldomenet seksualitet (og andre nærliggande aspekt ved seksualitet), ført til at andre måldomene har måtte vike. I kva grad denne avgrensinga har skapt eit realistisk bilete av korleis informantane snakkar om og forstår seksualiteten sin, kan ein berre anta. Det er ikkje utenkjeleg at andre måldomene eller innfallsvinklar kunne kasta lys over andre interessante aspekt ved korleis informantane ordlegg seg. I tillegg har avgrensingane mine gjort til at eg berre har sett på er det andre aspekt ved språkbruken som hadde vore interessant å sjå på som ikkje er metaforisk. Dette er grunnlag for vidare undersøking av språkbruk i Skeive historier.

Materialet kan òg seiast å ha nokre avgrensingar. Den første avgrensinga er konteksten for historiene. Innsamlinga av historiene var ein del av ei landsomfattande levekårundersøking som hadde til formål å kartlegge levekåra til lhb-personar. Hypotesen til forskarane var blant anna at lhb-personar står overfor visse utfordringar som heteroseksuelle i mindre grad slit med. I kva grad denne hypotesen var kjend blant informantane som delte historia, har eg ikkje

kunnskap om. Det er derimot nærliggande å tru at informantane visste om føremålet med levekårundersøkinga, og difor valde å fortelje om dei mest utfordrande aspekta i livet deira når dei skreiv si Skeive historie. I tillegg er det ikkje mogleg å finne ut om desse historiene er skrivne av eit representativt utval menneske, då både anonymiteten til informantane og i kva grad delprosjektet Skeive historier nådde ut til og fekk bidrag frå eit representativt utval, er viktige faktorar. Analysen kan difor ikkje seiast å vere representativ i den forstand, men peike på trekk i eit utval Skeive historier.

Trass dette, har eg sett at fleire av dei metaforiske uttrykka eg har funne i materialet mitt er sentrale uttrykk i språket. Når ein snakkar om seksualitet og seksuelle minoriteter vil ein ofte kome over uttrykk som *legning*, *skeiv*, *kome ut av skåpet*, *stå fram*, med fleire. Det vil seie at dei ikkje er overraskande funn i analysematerialet mitt. Dette er derimot kjernen i oppgåva; å undersøke kva metaforar som blir brukt om seksualitet, og kva forståing desse gir. Ved å bli meir medviten om metaforane sin rolle og makt i språket kan ein gjere betre og meir medvitne val når det kjem til korelis ein ordlegg seg.

6.3 Konklusjon

Oppgåva har vist kva metaforar kring seksualitet ein kan finne i ti Skeive historier skrivne av anonyme informantar. Det overordna målet har vore å undersøke metaforar og metaforiske uttrykk som informantane bruker når dei skal beskrive ulike aspekt ved seksualitet, samt undersøke kva forståing desse uttrykka gir av seksualitet. Analysen har vist at ein kan dele opp metaforane i tre kategoriar; metaforar og metaforiske uttrykk som blir brukt for å beskrive seksualitet eller seksuell identitet, metaforar og metaforiske uttrykk knytt til kjenslemessige aspekt ved seksualitet, og til sist metaforar og metaforiske uttrykk som viser til ei ulike opplevingane informantane har og har hatt knytt til livet med seksualitet.

Den første analysedelen har eg kalla *eigenskapar ved sjølv*. I denne delen har eg handsama metaforar informantane bruker når dei skal beskrive eigenskapar ved eigen seksualitet. Desse metaforane var brukt for å beskrive seksuell identitet; *legning* og *orientring* på eit overordna nivå, og *skeiv* som sjølvstendig seksuell kategori. Eg fann at *legning* og *orientering* er brukt synonymt med kvarandre, og at begge fordrar at ein deler inn seksualitet i ulike kategoriar. Trass i at dei blir brukt om einannan, gir dei ulike forståingar av seksualitet; *legning* skapar ei

forståing av seksualitet som noko som er svart/kvitt, at ein anten er det eine eller det andre. *Orientering* opnar derimot opp for at seksualitet kan vere meir mangfaldig. Denne nemninga gir ei forståing av seksuelle kategoriar som meir rettleiande enn absolutte, og skapar eit meir positivt bilete av seksualitet.

Skeiv er ein seksuell kategori som kan gjelde alle som ønsker å utfordre førestillinga om kva som er vanleg, naturleg eller normalt (Bufdir., 2018, *Lhbtiq-ordlista*). Eg har argumentert for at *skeiv* i utgangspunktet skapar eit negativt bilete av seksuelle minoriteter, men at nemninga gjennom aktiv reappropriering i dag har fått ei ny og positiv tyding. Sjølv om hovudfokuset har vore på metaforar, har eg i tillegg sett på dei ikkje-metaforiske seksuelle kategoriane. Dette har eg gjort for å kunne diskutere om dei metaforiske seksuelle kategoriane er hensiktsmessige, og i forlenginga av dette diskutert i kva grad seksuelle kategoriar er hensiktsmessige i det heile. Eg har ikkje argumentert for å verken fasthalde eller gå heilt vekk frå kategoriane, då eg ikkje meiner dette er hensiktsmessig. Eg har derimot argumentert for at ein heller bør arbeide mot meir medviten bruk av kategoriane, det vil seie å bruke kategoriar som ikkje verkar stigmatiserande eller ekskluderande.

Som ein kan sjå av inndelinga, handlar den andre analysedelen om metaforar kring kjensler. Dette har vore den mest generelle analysedelen, då alle metaforane var avleidd av mastermetaforen KJENSLER SOM KREFTER (Kövecses, 2000, s. 61). Ein del av analysen var å avgjere kva forståing av seksualitet metaforane ga, og eg har her brukt konteksten dei står i for å avgjere dette. Eg har argumentert for at metaforane skapar ei forståing av kjenslene som noko ein ikkje kan kontrollere sjølv, og difor kan råke vilkårleg. Eg har funne at mange av desse uttrykka er formulerte i passivkonstruksjonar, noko eg har tolka som ei framandgjerung. Informantane gir uttrykk for at dei ikkje er skuld i kjenslene sine sjølve, og at dei i nokre tilfelle har motstridande interesser. Eg har argumentert for at dei i denne konteksten kan skape eit uheldig bilete av seksualitet, men at dei generelt ikkje blir oppfatta som negative eller uheldige.

Den siste analysedelen kan seiast å vere ein felles analysedel for metaforar og metaforiske uttrykk som viser til ei ulike opplevingane informantane har og har hatt knytt til livet med seksualitet. Ein kan difor seie at den første og den siste analysedelen har eit tettare samband enn med den andre delen. Dett då dei tar for seg metaforar som er tettare knytt opp mot måten informantane snakkar om sin eigen seksualitet og erfaringar knytt til den. Eg har sett at

informantane konseptualiserer tilstanden «å ikkje ha fortalt omverda om seksualiteten sin» som ulike variantar av behaldarmetaforen, der den mest frekvente var dei ulike variantane av skåp-metaforen; *å vere i skåpet* og *å kome ut av skåpet*. Eg har argumentert for at skåp-metaforen skapar ei forståing av seksualitet som noko uheldig og lite fordelaktig. Ei vidareføring av denne metaforen kan ein sjå i konseptualiseringa av livet med uønskt seksualitet som eit *fengsel*. I dei tilfella informantane skulle gjere greie for korleis livet med seksualiteten er eller har vore, brukte dei metaforar som underbyggjer eit negativt syn på seksualitet. Ved å konseptualisere livet som noko med tyngde, krevjande arbeid og som ei vandring i mørke, skapar dei eit bilete av at livet som seksuell minoritet ikkje er for dei sarte.

I oppgåva har eg valt ei kvalitativ tilnærming, då eg har gjort ein analyse av relativt få tekstar om eit gitt tema til eit gitt formål. Ein annan måte å løyse dette på kunne ha vore å gjennomført ein kvantitativ analyse av dei *Skeive historiene* for å undersøke om dei funna eg har gjort samsvarar med resten av materialet. Det kunne i tillegg vore interessant å gjere ein komparativ analyse av historier skriven av eldre og yngre, og mellom personar som har vakse opp i sentrale strøk og dei som har vakse opp i distrikta. Det kunne vore interessant å sjå om ein kunne finne ein skilnad i måten personar med ulikt utgangspunkt snakka om seksualitet på. Sidan dette materialet består av anonyme tekstar, vil ikkje det eigne seg for ein slik analyse.

Kjelder frå internett

Andersen, B., Annfelt, T., Bolsø, A., Bromseth, J. og Melby, K. (2003, 11. juli). Legning til besvær. *Klassekampen*, Henta frå

<https://web.retriever-info.com/services/archive/search>

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (2018, 09. november). *Lhbtq-ordlista*. Henta frå

https://www.bufdir.no/lhbt/LHBT_ordlista/#heading11874

Bifil. (2018, 20. februar). I *Store medisinske leksikon*. Henta frå

<https://sml.snl.no/bifil>

Bokmålsordboka. (2019). UiB/Språkrådet red. Henta frå

<https://ordbok.uib.no>

Den norske kirke. (2018). Kirkearkitektur – mer enn geometri og materialer. Henta frå

<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/arkitektur/kirkebygningene/kirkearkitektur/>

Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. (2019). Det norske akademis ordbok (NAOB).

Kunnskapsforlaget. Henta frå

<https://www.naob.no>

English Oxford living Dictionaries. (2019). Oxford University Press. Henta frå

<https://en.oxforddictionaries.com>

Fortrengning. (2016, 6. desember). I *Store Norske Leksikon*. Henta frå

<https://snl.no/fortrengning>

Grünfeld, Berthold og Svendsen, Kjell-Olav Borén. (2018, 20. februar). *Homoseksualitet*. I *Store medisinske leksikon*. Henta frå

<https://sml.snl.no/homoseksualitet>

Heterofili. (2017, 18. oktober). I *Store medisinske leksikon*. Henta frå

<https://sml.snl.no/heterofili>

Kjøll, Georg og Tranøy, Knut Erik og Malt, Ulrik. (2018, 14. november). *Kognitiv*. I *Store medisinske leksikon*. Henta frå

<https://sml.snl.no/kognitiv>

Nylund, Bård og Benestad, Esben Esther Pirelli. (2017, 16. oktober). *Lesbisk*. I *Store medisinske leksikon*. Henta frå

<https://sml.snl.no/lesbisk>

Nynorskordboka. (2019). UiB/Språkrådet red. Henta frå

<https://ordbok.uib.no>

- Oxford English Dictionary. (2019). Oxford University Press. Henta frå
<http://www.oed.com>
- Skeivt arkiv. (2019, 04. januar). *Seksuelle perversjoner*. Henta frå
<https://skeivtarkiv.no/tidslinje#event-seksuelle-perversjoner>
- Skeivt arkiv. (2019). *Skeive historier*. Henta frå
<https://skeivtarkiv.no/skeive-historier>
- Skeivt arkiv. (2019). *Om Skeivt arkiv*. Henta frå
<https://skeivtarkiv.no/om-skeivt-arkiv>
- Skeivt arkiv. (2017, 2. juni). *Paragraf 213 i Straffelova*. Henta frå
<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/ss-213-i-straffelova>
- Tønnesson, Øyvind. (2018, 27. februar). *Seksualitetens Historie*. I *Store norske leksikon*.
Henta frå
https://snl.no/seksualitetens_historie
- Utdanningsdirektoratet. (2013). *Læreplan i norsk (NOR1-05)*. Henta frå
<https://www.udir.no/kl06/NOR1-05?lplang=http://data.udir.no/kl06/nno>

Bibliografi

- Anderssen, N. (2005). Seksuelle kategoriers regulering. *Impuls. Tidsskrift for psykologi*, 59(1), 23–30.
- Anderssen, N. og Malterud, K. (2013). *Seksuell orientering og levekår* (978-82-92970-64-5).
Henta frå
http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/7550/Seksuell_orientering_og_levekår.pdf
- Anderssen, N. og Slåtten, H. (2008). *Holdninger til lesbiske kvinner, homofile menn, bifile kvinner og menn og transpersoner (LHBT-personer) : en landsomfattende representativ spørreundersøkelse, 2008* Henta frå
https://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/3071/Holdninger_til_lhbt-personer_rapport.pdf?sequence=1
- Bolsø, A. (2010). *Folk flest er skeive : queer teori og politikk*. Oslo: Forlaget manifest.
- Brown, M. P. (2000). *Closet Space : Geographies of Metaphor from the Body to the Globe*. Hoboken: Taylor and Francis.

- Butler, C., O'Donovan, A. og Shaw, E. (2010). *Sex, sexuality and therapeutic practice : a manual for therapists and trainers*. London: Routledge.
- Cameron, L. og Deignan, A. (2006). The Emergence of Metaphor in Discourse. *Applied Linguistics*, 27(4), 671–690. <https://doi.org/10.1093/applin/aml032>
- Caprona, Y. C. d. (2013). *Norsk etymologisk ordbok : tematisk ordnet*. Oslo: Kagge.
- Charteris-Black, J. (2004). *Corpus approaches to critical metaphor analysis*. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Charteris-Black, J. (2012). Shattering the Bell Jar: Metaphor, Gender, and Depression. *Metaphor and Symbol*, 27(3), 199–216.
- Evans, V. og Green, M. (2006). *Cognitive linguistics : an introduction*. Edinburgh, Edinburgh University Press.
- Fasoli, F., Cadinu, M., Galdi, S., Guizzo, F. og Tassara, L. (2018). How do you self-categorize? Gender and sexual orientation self-categorization in homosexual/heterosexual men and women. *Personal and Individual Differences*, 128, 135–139. <https://doi.org/10.1016/j.paid.2017.11.011>
- Fox, R. C. (2007). Gay Grows Up: An Interpretive Study on Aging Metaphors and Queer Identity. *Journal of Homosexuality*, 52(3–4), 33–61. https://doi.org/10.1300/J082v52n03_03
- Faarlund, J. T., Lie, S. og Vannebo, K. I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Galinsky, A. D., Hugenberg, K., Groom, C. og Bodenhausen, G. (2003). Reappropriation of stigmatizing labels: Implications for social identity. I Jeffrey Polzer (Red.), *Identity Issues in Groups (Research on Managing Groups and Teams)* (Vol. 5), 221–256: Emerald Group Publishing Limited.
- Galinsky, A. D., Wang, C. S., Whitson, J. A., Anicich, E. M., Hugenberg, K. og Bodenhausen, G. V. (2013). The Reappropriation of Stigmatizing Labels: The Reciprocal Relationship Between Power and Self-Labeling. *Psychological Science*, 24(10), 2020–2029. <https://doi.org/10.1177/0956797613482943>
- Glucksberg, S. og McGlone, M. S. (2001). *Understanding figurative language : from metaphors to idioms* (Vol. 36). New York: Oxford University Press.
- Goatly, A. (2007). *Washing the Brain – Metaphor and Hidden Ideology : Metaphor and Hidden Ideology*. Amsterdam: Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.
- Goatly, A. (2011). *The Language of Metaphors* (2 utg.). London/New York: Routledge.

- Grady, J. og Johnson, C. (2003). Converging Evidence for the Notions of Subscene and Primary Scene. I René Dirven og Ralf Pörings (Red.), *Metaphor and Metonymy in Comparison and Contrast* (533–554). Berlin, Germany: Mouton de Gruyter.
- Group, P. (2007). MIP: A Method for Identifying Metaphorically Used Words in Discourse. *Metaphor and Symbol*, 22(1), 1–39. Henta frå <https://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/10926480709336752?scroll=top&needAccess=true>
- Heggstad, L., Hødnebo, F., og Simensen, E. (2008) *Norrøn ordbok*. (5. utg.). Oslo: Samlaget
- Hellesund, T. (2008). *Identitet på liv og død : marginalitet, homoseksualitet og selvmord*. Oslo: Spartacus.
- Hellesund, T. og Anderssen, N. (2013) Kapittel 6: Skeive historier. *Seksuell orientering og levekår* (978-82-92970-64-5). Henta frå http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/7550/Seksuell_orientering_og_levekår.pdf
- Kristiansen, H. W. og Pedersen, W. (2003). Når skeiv teori blir levd liv. *Samtiden* (2), 79–87.
- Kulbrandstad, L. A. og Kinn, T. (2016). *Språkets mønstre : norsk språklære med øvingsoppgaver* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Kulick, D. (1996). Queer Theory: vad är det och vad är det bra för? *Lambda nordica*, 2(3–4), 5–22. Henta frå <http://www.lambdanordica.se/wp-content/uploads/2011/11/1996-34-Kulick-Queer.pdf>
- Kövecses, Z. (2000). *Metaphor and emotion : language, culture and body in human feeling*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Kövecses, Z. (2008). Metaphor and Emotion. I R. W. Gibbs (Red.), *The Cambridge handbook of metaphor and thought*. Cambridge handbooks in psychology (380–396). New York: Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/CBO9780511816802.023>
- Kövecses, Z. (2010). *Metaphor: A Practical Introduction*. New York: Oxford University Press.
- Lakoff, G. og Johnson, M. (1980). *Metaphors we live by*. Chicago: University of Chicago Press.
- Lakoff, G. og Johnson, M. (1999). *Philosophy in the flesh : the embodied mind and its challenge to Western thought*. New York: Basic Books.

- Langacker, R. W. (2009). *Investigations in cognitive grammar* (Vol. 42). Berlin: Mouton de Gruyter.
- LeVay, S. (2011). *Gay, straight, and the reason why : the science of sexual orientation*. Oxford: Oxford University Press.
- Liberman, Z., Woodward, A. L. og Kinzler, K. D. (2017). The Origins of Social Categorization. *Trends in Cognitive Sciences*, 21(7), 556–568.
- Mannsåker, H. (2010). *Inn i noko endå djupare - Metaforbruk om sinnet og stemningslidningar*. (Masteroppgåve), Universitetet i Bergen.
- Mannsåker, H. (2017). *Schizofrene symptom og splitta sinn : kritiske metonymi- og metaforanalyser av fagtermer knytte til diagnosen schizofreni i skandinaviske lærebøker i psykiatri*. (Doktoravhandling), Universitetet i Bergen.
- McMullen, L. M. og Conway, J. B. (2002). Conventional Metaphors for Depression. In Susan R. Fusell (Red.), *The Verbal Communication of Emotions: Interdisciplinary Perspectives*: Taylor & Francis Group. Henta frå <https://ebookcentral.proquest.com>
- Musolff, A. (2016). *Political Metaphor Analysis. Discourse and Scenarios*. London: Bloomsbury Academic.
- Nesse, M. Ø. (2017). "Livet selv vokser bare om hverdagen" En korpusbasert metaforstudie av livet og døden. (Masteroppgåve), Universitetet i Bergen.
- O'Dea, C. J. og Saucier, D. A. (2017). Negative emotions versus target descriptions: Examining perceptions of racial slurs as expressive and descriptive. *Group Processes & Intergroup Relations*, 20(6), 813–830. <https://doi.org/10.1177/1368430216634193>
- Sedgwick, E. K. (1993). *Tendencies*. Durham: Duke University Press.
- Semino, E. (2008). *Metaphor in discourse*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Talmy, L. (1988). Force Dynamics in Language and Cognition. *Cognitive Science*, 12(1), 49–100. https://doi.org/10.1207/s15516709cog1201_2
- Talmy, L. (2003). *Toward a Cognitive Semantics*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Thibodeau, P. H. og Boroditsky, L. (2011). Metaphors we think with: the role of metaphor in reasoning. *PLoS ONE*, 6(2). <https://doi.org/10.1371/journal.pone.0016782>
- Tolman, D. L. og Diamond, L. M. (2014). Sexuality theory: A review, a revision and a recommendation. I D. L. Tolman, L. M. Diamond, J. A. Bauermeister, W. H. George, J. G. Pfaus og L. M. Ward (Red.), *APA handbook of sexuality and psychology*, Vol. 1: Person-based approaches, (3–27). Washington, DC: American Psychological Association. <http://dx.doi.org/10.1037/14193-001>

van Dijk, T. A. (2009). *Society and discourse : how social contexts influence text and talk.*

Cambridge: Cambridge University Press.

van Oosten, J. (1984). *The Nature of Subjects, Topics and Agents: A Cognitive Explanation.*

(Doktoravhandling), University of California. Henta frå

<https://escholarship.org/uc/item/5p60849v>

Vedlegg 1:

1 HISTORIE 1:

2 «19 ÅR I "FENGSEL"»

3 **Alder:** 27

4 Kvinne, 27 år, kaller meg skeiv.

5 Historien er blitt kalt 19 år i "fengsel" fordi det er slik jeg har følt at mesteparten av livet mitt
6 har vært. Det skulle gå så langt tid før jeg endelig klarte å innrømme hva jeg følte, hvem jeg
7 var og å stolt si at jeg er skeiv. Jeg måtte gjennom mye vondt både følelsesmessig og
8 kroppslig, og også miste folk på veien.

9 For å fortelle historien min må jeg helt tilbake til barndommen. Jeg merket veldig tidlig at jeg
10 var tiltrukket av jenter, helt ned i seksårsalderen, da fikk jeg et kyss av en jente for første
11 gang. I den alderen skjønte jeg ikke hva sex eller legning var, men jeg merket på hele kroppen
12 at det var noe ved henne jeg ble tiltrukket av. Hjemme var det å være homofil ikke godtatt.
13 Det er kanskje noe man forventer at det er når man kommer fra en etnisk norsk familie, men
14 foreldrene mine var ganske konservative. Gjennom hele oppveksten fikk jeg det inn med
15 teskje hvor unormalt, sykt og feil det var. Hvis to av samme kjønn kysset på tven, hørte jeg
16 moren min si "æsj", og si at sånt blir hu kvalm av å se på. Som liten hørte jeg jo på det
17 foreldrene mine sa, og over en lang periode med slike kommentarer medførte det et stort hat
18 mot meg selv. Jeg følte jo at kommentarene gjaldt meg. Den lille selvtilliten man skal bygge
19 opp i starten av tenårene var helt borte, og ble heller erstattet med et hat mot meg selv og
20 moren min. I løpet av tenårene var jeg innom selvmordstanker, sosial angst, selvskading og en
21 lang periode med depresjon.

22 Fram til jeg var 22 fornektet jeg at jeg var skeiv, og gikk til og med så langt at jeg forlovet
23 meg med en mann... Da kom jeg ut som bifil, noe jeg tror jeg gjorde fordi det var lettere enn å
24 erkjenne hva jeg egentlig følte. 3 år etterpå slo jeg opp med han og sa høyt for første gang jeg
25 er lesbisk. Å komme ut av skapet er det vanskeligste jeg noen gang har gjort, men så og si alle
26 var støttende og sa at de syns det var tøft av meg. Bortsett fra mamma og bestevenninna mi.
27 Bestevenninna mi ville ikke ha noe mer med meg å gjøre etter at jeg fortalte henne det, og jeg
28 har aldri hørt fra henne igjen. Moren min og jeg snakket sammen i en time, og hun viste null
29 empati eller forståelse for hvordan jeg hadde det, og hun sa om og om igjen hvor mye hun
30 ikke likte dette. Det var som å komme ut til en robot, og på et tidspunkt var jeg nesten redd
31 hun skulle kaste meg ut. Men etter alt jeg har gått igjennom, har jeg lært at jeg kan ikke sette
32 andres komfortabelhet ovenfor min egen lykke. Nå klarer jeg endelig å si at jeg er stolt av å
33 være skeiv!

34

35 HISTORIE 2:

36 «JEG HAR SLUTTET Å KOMME UT AV SKAPET»

37 **Alder:** 29

38 Kvinne 29, lesbisk, skeiv, ingenting...

39 Jeg fant ut at jeg var skeiv den sommeren jeg skulle begynne i 10. Egentlig fra det sekundet
40 jeg erkjente det for meg selv tenkte jeg på det å komme ut. Hvordan skulle gjøre det? I et helt
41 år gikk jeg rundt inn i skapet og ville bare ut. Jeg sa det til min beste venninne og begynte å
42 gå på llhs ungdomsgruppe for homofile. Der var jeg yngst, og den nest yngste var et par år
43 eldre enn meg. I et helt år løy jeg hjemme hver eneste fredag om at jeg skulle på kino, til en
44 venninne ...og satt i llhs lokaler som lå i en kjeller i et bolighus. Jeg kom ut med et brak da jeg
45 begynte på videregående, ALLE skulle vite at jeg var lesbisk (som om ikke alle hadde skjønt
46 det allerede). Det ble omtrent slik at når jeg presenterte meg for nye folk sa jeg at jeg var

47 skeiv før jeg sa hva jeg het. Etter videregående flytta jeg til en annen by for å studere. Der ble
48 jeg homo på heltid. Ikke bare fikk jeg min første samboer, men jeg tror omtrent ikke jeg
49 hadde en eneste heterofil venn i de fire årene jeg studerte. Jeg var med i studentgruppe og
50 idrettslag for skeive. Når jeg gikk ut var det på homoutested. Skeive dager var større en 17.
51 mai og julaften til sammen. Det hang regnbueflagg overalt.
52 Etter studietida flytta jeg tilbake til fødebyen. Jeg var ikke så opptatt av at jeg var skeiv, jeg
53 var jo så mye mer enn det. Fikk meg heterofile venner. Ville normalisere meg. Fikk for første
54 gang i livet et behov for å normalisere mer. Jeg, som hele livet hadde vært opptatt av å skille
55 meg ut ville være som alle andre. Ikke skille meg ut lenger. Mest av alt ønsket jeg meg et A4
56 liv. Ønsket meg barn og kanskje et hus med stakittgjerde rundt. Forholdet til samboeren tok
57 slutt. Kanskje jeg ble for kjedelig? Hun lever ennå livets skeive dager, etter hva jeg har hørt.
58 Jeg fikk meg ny kjæreste. Hun hadde aldri vært på et eneste homoutested, aldri gått i en
59 parade, aldri hatt et regnbueflagg. Hun var ikke skeiv, ut over det at hun forelska seg i jenter
60 og nå i meg. Vi flytta til hennes hjemlass. Kjøpte hus. Jeg fikk meg jobb i nabokommunen
61 og kjente ingen. Da jeg snakket om samboeren min der trodde alle jeg snakket om en mann.
62 Jeg korrigererte dem ikke. Ønske om barn ble realitet. Magen min begynte å vokse etter en tur
63 til Danmark. Vi bestemte oss for å gifte oss. Vi hadde ingen stor fest, inviterte bare foreldrene
64 våre. Jeg fikk presang fra jobben. Kollegene mine begynte å snakke om mannen min, jeg
65 korrigererte dem ikke. Men jeg passet på å ikke lyge. Jeg omtalte aldri min kone som ham, sa
66 bare kjæresten min. Vi begynte å snakke om babyen jeg hadde i magen. Hvordan kom den til
67 å se ut. De spurte meg om øyefarge og hudfarge på "min mann". Jeg svarte på hvordan min
68 kone så ut. Det var egentlig ikke meningen å "være i skapet". Jeg bare bygget videre på deres
69 antagelser. Jeg hadde da aldri sagt at jeg var sammen med en mann, bare snakket om
70 kjæresten og samboeren min. Jeg ville bare ikke si det med en gang. Ville at de skulle bli
71 kjent med meg først, så jeg fikk vise at jeg var mer enn "hu lesba". Litt over halvveis i
72 graviditeten ble jeg sykemeldt. Jeg gikk innom jobb med sykemelding og takkekort fra
73 bryllupet i samme slengen. Og noen hang bildet opp på veggen, og der ble de to brudene
74 hengende. Ingen har kommentert til meg at det var en dame der og ikke en mann. Men det var
75 en befrielse å komme tilbake på jobb etter permisjonen og ikke lenger tenke på kjønnsnøytrale
76 ord. Og nå korrigerer jeg alle som snakker om mannen min med en eneste gang. Jeg føler meg
77 ganske vanlig for det.

78

79 **HISTORIE 3:**

80 **«FANGET AV EGEN SEKSUALITET»**

81 **Alder:** 32

82 Hei, jeg er en gutt eller mann på 32 år. Jeg har hatt et tungt liv, og store deler av tiden har jeg
83 vandret i mørket. Jeg har kjent på følelser ikke alle mennesker har vært borti, og slitt med ting
84 jeg ikke unner noen. Helt siden jeg var tenåring har fascinasjonen vært der; for den seksuelle
85 kontakten mellom to gutter. Stort sett har fascinasjonen for jenter vært der parallelt, men den
86 seksuelle dragingen mot samme kjønn har nok vært dominerende. Som for mange begynte
87 det med uskyldig lek mellom venner, som kanskje fascinerte sterkere hos meg enn hos den
88 andre part. Likeledes har min fascinasjon for det skjønne og vakre hos kvinner vært sterk.
89 Kanskje sterkere enn hos de fleste. Med sterke interesser innenfor den visuelle verden, i
90 maling og kunst har det alltid vært en sterk følsomhet for det vakre. Ingenting er vel mer
91 vakkert enn lange lokker over en solbrun rygg. Skjønnhet finnes i så mye her i verden, små
92 glimt av skjønnhet finnes overalt. Skjønnhet finnes i det grasiøse og det yndige i en
93 kvinnekropp og i det vakre ansiktet. Den lille snerten idet hun i bestemt takt setter den ene

94 foten foran den andre på fortauet. Det er en sånn kraft i denne skjønnheten at det i alle tider
95 har skapt ufred og kamp mellom menn.

